

Masteroppgåve

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske og klassiske studier

Thomas André Sylta

Sjørøveri, kapring og represaliar

Maritim vald i nordisk seinmellomalder

Masteroppgåve i historie - toårig

Rettleiar: Randi Bjørshol Wærdahl

Juni 2021



Norwegian University of
Science and Technology

Thomas André Sylta

Sjørøveri, kapring og represaliar

Maritim vald i nordisk seinmellomalder

Masteroppgåve i historie - toårig
Rettleiar: Randi Bjørshol Wærdahl
Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske og klassiske studier



Norwegian University of
Science and Technology

Forord

I snart halvanna år har me alle måtte leve med ein stor pandemi som har gitt oss store utfordringar. For mi eiga del har det påverka både i studiar og i kvardagen. Ein kan seie at me lever i historiske tider, men som med mange andre sentrale hendingar i historia, er det kanskje meir spanande å sjå tilbake på hendingane i ettertid enn å leve midt i det.

Når eg skulle byrje på masterstudiet for to år sidan, var det derimot heilt andre utfordringar eg hadde. Utover at eg ønska å skrive om nordisk mellomalder, var eg ikkje sikker på kva for eit tema eg skulle velje. Etter samtale med rettleiar, kom me fram til at sjørøveri i norsk seinmellomalder måtte vere eit ganske spanande tema, noko eg kan seie at det også har vært. Det har vært mykje fram og tilbake for å utarbeide gode problemstillingar, men det har løyst seg, litt etter litt, og eg har klart å komme i mål.

Eg vil ta meg tid til å takke først og fremst rettleiar Randi Bjørshol Wærdahl for gode tilbakemeldingar, støtte og råd. Eg hadde ho som rettleiar også når eg skreiv bacheloroppgåva og ønska derfor sterkt å ha som rettleiar når eg skulle skrive masteroppgåva. Vidare ønsker eg å takke min gode venn, Thomas, som har bidratt med korrekturlesing, og til Ingrid og Emilie frå lesesalen som eg har hatt mange gode samtaler med. Eg ønsker dei all lykke i deira arbeid. Eg ønsker også å takke min gode sambuar, Hanne, som har støtta meg heile vegen og bidratt til at eg har fått fornya motivasjon etter lange dagar på skulen. Til slutt vil eg også takke foreldra mine, men også foreldra til Hanne som har gitt meg mykje støtte mens eg har jobba med oppgåva.

Thomas André Sylta

Dragvoll 31. mai 2021

Omslagsfoto: Utsnitt av illustrasjon. Bilete måla av: Froissart, Jean, 1401-1500.

Format: Fotografi. Henta frå: Bibliothèque nationale de France.

<https://gallica.bnf.fr/ark:/12148/btv1b84386043/f167.image?lang=EN#> , Henta: 26.05.

2021

Forkortinger

DN = Diplomatarium Norvegicum

IA = Islandske annaler

NGL = Norges gamle love

1. Innhold

2.	Innleiing	1
2.1.1.	Tema	1
2.1.2.	Historiografi	1
2.1.3.	Problemstilling og avgrensning	3
2.1.4.	Kjelder, teori og metode	4
2.1.5.	Kjelder	4
2.1.6.	Teori	5
2.1.7.	Metode	6
3.	Olav Nilsson	7
3.1.1.	Innleiing	7
3.1.2.	Politisk situasjon	7
3.1.3.	I kongens teneste	14
3.1.4.	Sjørøveri eller lovlege sanksjonar?	15
3.1.5.	Om sjørøveri og kapring. Internasjonal forsking	16
3.1.6.	Kva kan eg seie om Olav Nilssons handlingar utifrå internasjonal forskning?	18
3.1.7.	Konklusjon	20
4.	Borna til Olav Nilsson	23
4.1.1.	Innleiing	23
4.1.2.	Den politiske situasjonen	23
4.1.3.	Aktørane	26
4.1.4.	Privat krigføring eller organisert aktivitet med sterke støttespelarar?	27
4.1.5.	Kaperkrig under kong Hans si regjeringstid	30
4.1.6.	Konklusjon	33
5.	«eth ont ophoff tiill all wredelighedt»	35
5.1.1.	Innleiing	35
5.1.2.	Endring av maktforholda i Norden og ein svekka adelsstand	35
5.1.3.	Fredrik I regering, og Kristian II i eksil	36
5.1.4.	Utanriks- og handelspolitikk	37
5.1.5.	Situasjonen i Noreg	38
5.1.6.	Kapringane sommaren 1527	40
5.1.7.	Moglege årsakar til kapringane i Nordsjøen	43
5.1.8.	Konsekvenser av angrepa	47
5.1.9.	Konklusjon	48
6.	Konklusjon	51
7.	Bibliografi	55

Innleiing

«Thii bethe wii etther kierligen athij wille giøre etthers yttherste flid at affuerge att slig en skalcke hob icke skulle her effther szaa røffue oc tage fran wore wnndersotthe...»¹

Tema

Dette sitatet er henta i frå *Diplomatarium Norvegicum* og er frå eit brev frå Fredrik I til Vincens Lunge og Olav Engelbrektsson i August 1526. I brevet ber kongen om hjelp til å «avverje den skade» som Kristian II sine kaperkapteinar, Klement Andersen og Fin Rempe, gjorde mot handelsskip og i kystsamfunn langs den sør-vestlege delen av Noreg. Vincens Lunge og Olav Engelbrektsson responderte med å ruste opp ein maritim flåte for å nedkjempe desse kaprarane ute på havet og er eit døme på maritim vald som eit tiltak mot maritim vald. Dette var berre eitt av mange ulike tiltak som kunne nyttast for kjempe ned ein fiendtleg verksemrd eller andre, på sjøen, som gjorde skade mot kongens undersåttar og interesser. Som ein ser i dette dømet, kunne kongen engasjere seg i maritim krigføring når ei kaperverksemrd gjorde skade på riket, men den maritime verda var likevel, i stor grad, i hendene på private aktørar. Som Reginald Godfrey Marsden seiar: «Styresmaktene støtta seg i lang tid på privat sektor i maritim krigføring»,² dvs. i tidleg nytid og bakover i tid. Statleg styrt flåtar var derfor uvanleg i seinmellomalderen.

Mens Noreg var ein del av Kalmarunionen kunne det norske riksrådets forhald til kongen veksle mellom samhandling eller interessemotsetningar. Kongen kunne derfor ha stor interesse av å ha lojale menn i norske len, mens det norske riksrådet ønska seg ei meir sjølvstendig stilling i unionen. I tillegg var det stor påverknad frå den internasjonale verda gjennom utanrikspolitikk og handelspolitikk. Når ein skal undersøke norske aktørar som engasjerte seg i maritim vald mot utanlandske aktørar, er det derfor mange forhald ein må ta omsyn til.

Målet med denne oppgåva er å undersøke nordisk maritim vald i seinmellomalderen i ein nord-europeisk kontekst. Eg vil fokusere på det som kan kallast for norske aktørar gjennom tre ulike saker som omhandlar maritim vald i Norden. Kva var eigentleg maritim vald og korleis gjekk den føre seg i nordisk seinmellomalder?

Historiografi

I Europeisk seinmellomalder var kapring ein del av den maritime verda og kunne skje både i krigstid og i fredstid. Når skipsfarten auka i seinmellomalderen, så auka også kaperverksemra. I Noreg var mesteparten av skipsfarten i denne perioden på internasjonale hender, mens norske skip var ganske få. Ein ser likevel at norske aktørar kunne engasjere seg i kaperverksemrd, og i mitt arbeid skal eg gå gjennom tre ulike saker som omhandlar slike aktørar.

I norsk litteratur finst det ein del forsking på dei tre sakene eg skal gå gjennom, men skildringar om sjørøveri og kapring som verksemrd i denne perioden er mangelfull. I den første saka, som i hovudsak omhandlar hovedsmannen Olav Nilsson si verksemrd, er det to ulike syn på verksemra. Me kan dele desse syna opp i *tradisjonell framstilling* og *moderne framstilling*. I det første synet blir verksemra sett på som sjørøveri på privat initiativ og med private motiv og blir i litteratur, frå etterkrigstid, fremma av Ole-Jørgen Benedictow, Magne Skodvin og Lars Hamre.³ Det andre synet oppstod når Arnved

¹ DN IX nr. 567

² Marsden, R. G. «Early Prize Jurisdiction and prize law in England», *The English historical review*, 1909-10, Vol. XXIV (XCVI), s. 675, Omsett av meg frå engelsk til norsk.

³ Benedictow, Ole Jørgen. «Fra rike til provins 1448-1536», «Norgeshistorie» Cappelen 1977, s. 58. Sjå også Hamre, Lars. «Norsk historie frå om lag år 1400: Førelesningar», Universitetsforlaget 1968, s. 139-140 og

Nedkvitne gjekk i mot det tradisjonelle synet og meinte at verksemda ikkje var privat, men hadde støtte frå det offentlege. Nyare historikarar som Erik Opsahl, Halvard Bjørkvik og Randi B. Wærdahl støtter seg mest på det siste synet.⁴ Det er likevel ingen som går særleg langt i å beskrive verksemda. Halvdan Koht spør retorisk om Olav Nilsson hadde nokon nasjonal interesse bak handlingane sine og nemner at han «falt som offer for fiendar av rikets sjølvstende».⁵ Magne Skodvin konkluderer med at det dreidde seg om hemnaksjonar i eigeninteresse og at han likte å slost.⁶ Ole-Jørgen Benedictow går ikkje noko langt i å skildre verksemda, men beskriv det som utført på grunn av eventyrlyst.⁷ Arnved Nedkvitne går heller ikkje så mykje i detalj om verksemda, men gir ein beskriving som eg i mi tekst har tolka som sanksjonert verksemnd og eit ønske om auka norsk kontroll på handelsverksemda til utanlandske aktørar som opererte i riket. I neste sak, som omhandlar borna til Olav Nilsson, er motiv som hemn og krav om erstatning, gjeldande i norsk forsking. Det blir derimot ikkje, i tidlegare forsking, sagt så mykje utover dette, om korleis dei utførte og organiserte verksemda si. I den siste saka, om kapringane i 1527, blir det hevda at kapringane skjedde spontant på skipskapteinanes eige initiativ.⁸ Dette synet er basert på Vincens Lunge sine eigne beretningar i eit brev frå han til Olav Engelbrektsson når han forteljar om kva som var hendt.⁹ For å finne ut om kva verksemnd det dreidde seg om, har eg i stor grad støtta meg på internasjonal forsking. Denne forskinga har vært nyttig for best mogleg å svare på kva maritim vald er og korleis den føregjekk. Vidare beskriv den ulike typar kapring, korleis den vart organisert, men også om mottiltak og konsekvensar for ei slik verksemnd.

Ved å lese i litteratur om sjørøveri og kapring, finn ein raskt ut at det kan vere vanskeleg å skilje mellom lovleg og ulovleg verksemnd. I underhaldningslitteratur er skiljet gjort meir tydeleg og skildrar sjørøvarar som kriminelle sjøfolk som røva uskyldige handelsfolk og hadde denne verksemda som einaste inntekt og som livsstil. I røynda var mange av kaprarane gjerne handelsfolk sjølve og kapra andre handelsfolk. I neste omgang kunne rollene vere motsett og røvarane vart ofre mens ofrene vart røvarar.¹⁰

Ein kan skilje mellom to hovudsyn på sjørøveri. I det første synet er det snakk om sjørøvarar som noko som ligg utanfor staten. Dei lever av å røve uskyldige handelsskip og gjer lite anna. Dei er dermed ein slags fiende av samfunnet. I det andre synet er ein sjørøvar noko som er meir subjektivt. Til dømes i analogien til St. Augustine, som fortel om når Alexander den store skal ha fanga ein sjørøvar og spurte om korleis han våga å drive på med herjingane sine på havet, men sjørøvaren berre svara at dei begge gjorde

Skodvin, Magne. «sjørøveri og kongemakt», «Makt og motiv, et festskrift til Jens Arup Seip, Oslo 1975, for tradisjonelt syn på Olav Nilsson

⁴ Nedkvitne, Arnved. «Det norske riksrådet og utenlandske kjøpmenn 1440-1455». I Steinar Supphellen m.fl. (red.), «Kongsmenn og krossmenn». Festskrift til Grethe Autheén Blom, Trondheim: Tapir 1992, s. 231-254. Bjørkvik, Halvard. *Folketap og sammenbrudd 1350-1520*. Aschehougs Norgeshistorie 4. Oslo: Aschehoug 1996, s. 185-186, Opsahl, Erik. (2009, 13. februar). «Olav Nilsson.» I Norsk biografisk leksikon. Frå: https://nbl.snl.no/Olav_Nilsson, Henta: 07.01.2021, og Wærdahl, Randi B. 2019, for nyare syn på Olav Nilsson.

⁵ Koht, Halvdan, «Olav Nilsson». Norsk biografisk leksikon, Bd. 10. Oslo 1949, Frå:

https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007060104055?page=409, Henta: 17.03.2021

⁶ Skodvin, Magne 1975, s. 40

⁷ Benedictow, Ole-Jørgen 1977, s. 58

⁸ Hamre, Lars 1998. s. 352-353. Scheen, Rolf. «Sjørøver og admiral. En bok om Christoffer Trundssen (Rustung)», Bergen 1942. s. 24-33

⁹ DN VIII nr. 562

¹⁰ N.A.M. Rodgers. «The safeguard of the sea». London 2004. s. 115-116. Rodgers argumenterer for at «fredeleg handel» var nesten ikkje-eksisterande. Han seier vidare at det er umogleg å skilje mellom fientleg og fredeleg handel, i stor grad fordi havet var sett på som eit område utanfor lover og traktater.

det same. Når han herja på havet i eit lite skip vart han kalla sjørøvar, mens når Alexander gjorde det same med ein stor hær, vart han kalla for keisar.¹¹ Det første synet krevjar i det minste ein tydeleg og sterkt stat, noko ein ikkje kan seie om Europa i mellomalderen. Det andre synet som omtalar sjørøveri som noko subjektivt, der den sterkeste rådar, er meir relevant for europeisk mellomalder som var statleg fragmentert.

Eg vil presentere nokre definisjonar frå internasjonal litteratur om verksemda, her omsett frå engelsk til norsk:¹²

Phillip de Souza omtalar sjørøveri som: «Noko som er subjektivt. Piratar er væpna ranarar som normalt utfører aktivitetane sine ved hjelp av skip. Dei har blitt definert som sjørøvarar av andre, uansett om dei ser på seg sjølv som sjørøvarar eller ikkje». ¹³ Utifrå denne definisjonen held det å berre omtala nokre som sjørøvarar, og då er dei nettopp det. Dersom det er brei nok einigheit om at dei er sjørøvarar og dei omtala personane har, ved hjelp av skip, tatt varer frå eit anna skip ved hjelp av vald, eller trugslar om det, så fyller dei krava for å vere ein sjørøvar. Problemet blir derimot å skilje mellom sjørøvar og kaprar. Definisjonen seier ikkje om det er snakk om lovleg plyndring eller ikkje, men lar heller spørsmålet vere subjektivt.

Janice E. Thompson forsøker derimot å skilje mellom sjørøveri og kapring i sin definisjon: «Fråværet av ein ansvarleg stat. Dersom det er umogleg eller urettmessig å halde ein stat for ansvarleg for handlinga, så er det snakk om sjørøveri. Forskjellen på sjørøveri og kapring er derfor at kapring skjer enten på statens initiativ eller der staten kan gjerast ansvarleg for handlinga, mens sjørøveri er utført av enkeltindividene sine interesser som då aleine blir ansvarlege».¹⁴

Den definisjonen som er mest relevant for min periode, er skriven av Peter Earle som har dette å seie om mellomalderen: «Ein forvirrande periode der sjørøveri, kapring, represaliar og aggressiv handel gjekk om kvarandre og var vanskeleg å skilje. Dreidde seg om maritim røveri som var autoriserte represaliar frå kjøpmenn for å ta tilbake tap av skip eller gods, eller statsstøtta angrep, men utført av private i krigstid. Eller enkelt forklart: Sjørøveri, represaliar og kapring, som var dei tre formane for privat maritim vald, der berre den førstnemnde var ulovleg, men der alle dei tre typane var ganske lik i utføring og motivasjon».¹⁵

Merk at det ikkje blir gjort noko tydeleg skilje mellom sjørøveri, represaliar og kapring. I mi oppgåve skal eg ikkje i stor grad forsøke å skilje mellom desse tre formane, men eg skal likevel nokre stader nyta dei som hovudkategoriar der skiljet er meir tydeleg. Eg skal kategorisere mellom ulike formar for maritim vald, men som me skal sjå, så er verksemda for abstrakt til å kunne enkelt delast opp i tre slike kategoriar.

Problemstilling og avgrensing

Med utgangspunkt i den internasjonale forskinga, vil eg forsøke å seie noko om verksemda i Noreg. Eg skal vidare svare på følgande problemstillingar:

Kva for ei verksemde heldt dei på med? Kvifor heldt dei på med det? Korleis vart det organisert? Kva konsekvensar kunne ei slik verksemde få og kva vart gjort for å hindre

¹¹ Heebøll-Holm, Thomas 2013. s. 3-4

¹² Henta frå: Heebøll-Holm, Thomas 2013. s. 9-13. Omsett av meg frå engelsk til norsk.

¹³ De Souza, Phillip, «Piracy in the graeco roman world», Dublin 2002, s. 1.

¹⁴ Thomson, Janice E., «Mercenaries, Pirates, and Sovereigns: State-Building and Extraterritorial Violence in Early Modern Europe», Princeton 1994, s. 22. Omsett av meg her frå engelsk til norsk.

¹⁵ Earle, Peter, «The pirate wars», St. Martin's press 2013, s. 21–22. Omsett her av meg frå engelsk til norsk.

det/bøte på det? Var det forskjell/likskap mellom kaperverksemda i Norden og kaperverksemda andre stader i Nord-Europa?

Konteksten i denne oppgåva er nordisk seinmellomalder, og eg skal jobbe med tre ulike saker frå denne perioden. Den internasjonale litteraturen eg har jobba med, har i stor grad tatt føre seg hendingar i seinmellomalderen. Kan hende var det fleire kjelder då enn det var tidlegare, men den viktigaste grunnen kan vere fordi skipshandel auka kraftig i denne perioden og dermed vart det også ein auking av maritim vald. Tidleg på 1400-talet var skipsfarten til hanseatarane veldig stor og dei var det mektigaste handelsveldet i Nord-Europa, men andre aktørar veks kraftig mot slutten av dette århundret. Sjølv om norske skip var ganske fråverande i denne perioden, har eg funnet nokre saker som eg skal jobbe med der norske aktørar var involvert i kapring. «Norske aktørar» er noko vigt då aktørane ofte ikkje berre var knyta til Noreg, men eg har tatt føre meg hendingar som enten skjedde i Noreg eller som var knyta til Noreg. Borna til Olav Nilsson heldt til i Skåne i store periodar, men eg har eg tatt dei med fordi den er ein fortsetting av kapittel 2.

Olav Nilsson er den første eg skal trekke fram sidan det er skrevet mykje om han i tidlegare norsk forsking. Han var først framstilt som sjørøvar og så framstilt som ein i kongens teneste. For å finne ut kva han eigentleg gjorde, har eg starta tidleg på 1400-talet for å sjå på engelsk aktivitet, som ifølgje Nedkvitne skal ha vært ein viktig faktor for Olavs verksemd. For å sjå på kongens forhald til Hansa skal eg starte med krigen i Slesvig og så sjå vidare på det skiftande forhaldet mellom dei, frå denne krigen og framover gjennom alle kapitla mine. Kapittel 3 om borna til Olav som kapra mot hansa er ein naturleg fortsetting frå kapittel 2 sidan denne konflikten startar ganske snart etter Olavs død i 1455. Til dømes sendte enka hans, Elise, ein klage til Lübeck mindre enn ein månad etter drapa. Eg fortsett med å sjå på denne konflikten og deira verksemd fram til barnebarnet, Niels Brahe, i 1513 skaffar til seg dei siste klenodiane som var tatt frå Olav og Elise. Eg nemnar vidare litt om åra mellom dette og fram til Fredrik blir konge i 1524 for å forklare innariks-, utanriks-, og handelspolitikken sidan dette kan hjelpe meg i å forklare om den politiske ramma medverka til hendingane i 1527.

Eg skal ikkje bevege meg etter 1527 bortsett frå å forklare konsekvensar av hendingane. Konsekvensane er av interesse for å sjå på kva etterspel slike handlingar kunne få og korleis ein aksjonerte mot dette. Når hendingane i den tredje og siste saka vart gjort opp for, avsluttar eg også arbeidet mitt.

Eg kjem ikkje til å skrive om skip, skipstyper og utføring av angrep. Om skipstyper i Norden, kan ein finne mykje informasjon i «*kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: 15*». ¹⁶ Utføring av angrep er eit spanande tema, men kjeldematerialet gir ikkje mykje informasjon om dette. Eg vil ikkje seie at dette er umogleg å finne ut av, men det kan vere eit tidkrevjande arbeid der ein les mellom linjene for å finne svar. Eg valte å ikkje prioritere dette då det kravde mykje tid.

Kjelder, teori og metode

Kjelder

DN: Diplommaterialet har vært eit kjeldemateriale eg har nytta meg mykje av. Det finst ei stor mengd med bevarte brev som omhandlar sentrale aktørar i arbeidet mitt og spesielt på 1520-talet aukar mengda betrakteleg. Breva gir eit innblikk i både politisk situasjon og i maritime hendingar. Desse breva kan omhandle avtalar som vart gjort mellom partar, nyhende/rykte, eller aktørane synspunkt på hendingar og kan til dømes

¹⁶ Ericsson, Christian H. Christensen jr., Arne Emil, Crumlin-Pedersen, Ole. «Skibstyper» frå «Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Fra vikingtid til reformasjonstid», bind 15. Oslo 1970. s. 482-494

komme i form av klagar og åtvaringar. Utover dette er det vanskeleg å føresjå kva som kan dukke opp når ein blar i kjeldematerialet. Den største utfordringa mi her har vært språkbarrierar då enkelte brev er skriven på latinsk eller nedertysk. Løysninga mi i desse breva har vært mest å nytte meg av andre si omtale av desse breva i litteraturen. Om kritisk lesing av desse breva, kan ein finne i boka «*Innføring i diplomatikk: førelesningar*» av Lars Hamre (1971). Til hjelp, har eg også nytta meg av *Regesta Norvegica* bind X, ved Gunnar I. Pettersen (2015), som er moderne overtydingar av materialet frå DN, men desse tar berre føre seg breva fram til 1430.

NGL: Dette er ei samling av norske lover fram til 1537. Desse har vært nyttig for å sjå avtalar mellom kongen og det norske riksrådet i handfestingar, men også kongen og riksrådets samhandling med hanseatarane. Dei seier noko om den innanrikspolitiske situasjonen, men omhandla også handelspolitikk og utanrikspolitikk, noko som er viktig i mi oppgåve då eg skal nytta det politiske biletet som kontekst. Ein ser kva som vart avtalt, men med forbehold om at det som føregjekk i praksis kunne vere annleis enn det som vart avtalt.

IA: Desse har eg berre nytta i mindre grad etter tilvising frå annan litteratur, for å sjå andre perspektiv på Islandshandelen. I kapittel 2, skal eg sjå på konflikt mellom unionen og England om handel på Island, og då kan det vere nyttig å sjå på islendingane sitt eiga perspektiv. Språk har også her vært ein utfordring og eg har hatt mykje hjelp frå andre si omtale.

Bergens Fundas: Her kan ein sjå hendingar frå Bergen sitt perspektiv og er såleis verdifulle sidan dei omhandlar sentrale aktørar og hendingar som eg har jobba med. Mykje av handlinga i kapitla mine omhandlar Bergen. Tekstene kan vere noko partiske og har eit negativt syn på hanseatarane. Det er ikkje skrevet i samtidia, men truleg er dei skrevet i 1560. Forfattar kjenner me heller ikkje til og dei blei først trykt i *Norske magazin 1* i 1858 av Nicolay Nicolaysen. Ny utgave ved Mikkel Sørlie i 1957.¹⁷

Hansarecessene: Hanseatarane var svært involvert i skipsfart og i desse recessane kan ein sjå deira perspektiv på hendingar. Eg har nytta desse recessane når eg har undersøkt kaperverksemdu i Østersjøen på slutten 1400-talet. Dei seier noko om hendingar, men også om viktige kaperkapteinar som var involvert. Ei utfordring for meg har vært noko avgrensa tysk språkkunnskap.

Teori

Teorien eg har nytta meg er frå internasjonal forsking om forskjellige typar kaperverksemdu, og teori om organisering og struktur av verksemda.

For å seie noko om korleis kapring/sjørøveri kan ha blitt utført, vil eg nemne Marc Russons kategoriar, som her er oversatt til engelsk av Thomas Heebøll-Holm:

- By attack, pursuit and hailing of isolated ships, as well as of ships sailing in convoy at high sea.¹⁸
- While patrolling at unavoidable passage points and capes and along sea-lanes.
- By ambush in the estuaries, the anchorages or the bays by means of maritime or coastal surveillance.
- By observation of the maritime traffic from the ports and the harbours with the attack taking place just outside the ports.

¹⁷ Henriksen, Petter (red.), «Bergens Fundas» i: «Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon» bind 2, Oslo 2005

¹⁸ Heebøll-Holm, Thomas 2013. s. 39. I nokre engelske kjelder har det blitt forklart om angrep som skjedde ved «høg sjø». Dette er forstått av historikarane som at når det var høg sjø på havet, så søkte skipa inn i tronge sund og bukter for å söke ly og vart såleis eit enklare mål for røvarar.

- Inside the ports themselves following either a spontaneous or a pre-meditated quarrel amongst disembarked mariners, followed by the pirates' rapid escape.
- By fraud where a crew highjacks the cargo of a merchant and sells it for their own profit.¹⁹

Merk at dette berre omhandlar angrep på skip, mens amfibieangrep og vrakplyndring er utelat. Ein kan argumentere for at også dette er sjørøveri/kapring eller eventuelt at det ikkje er det, men dette er ikkje noko eg skal drøfte i oppgåva mi då eg ikkje skal ta føre meg dømer på amfibieangrep og vrakplyndring.

Sjørøveri og kaperverksemde kunne vere ganske organisert. Dei som best kan svare på dette, er Appleby, John C. (2009) og Heebøll-Holm, Thomas (2013). Verksemda kunne skje i samråd med lokalsamfunnet og kongen, og til og med på initiativ frå kongen der han gav ut arrestordre, men let gjennomføringa vere i hendene på lokale eller private aktørar. Det kunne komme på initiativ frå adelsmenn eller kjøpmenn, med kongens godkjenning, eller det kunne skje heilt utan kongens samtykke. I sistnemnde døme, kunne det derfor vere vanskeleg å danne ein organisasjon med lokalsamfunnet dersom kongen forsøkte å stansa verksemda.²⁰ Lokalsamfunna var viktige støttespelarar for kaprarar/sjørøvarar, noko eg kjem tilbake til. Ein må også hugse på at sjøfolk nokre gonger kunne gå sine eigne vegar og ikkje alltid gjorde som dei fekk ordre om.²¹

Det vart også gjort tiltak for å stansa sjørøveri, slik me har sett i Fredrik I sitt brev til Olav Engelbrektsson og Vincens Lunge. Thomas Heebøll-Holm (2013), Emily Sohmer-Tai (2003) og David Starkey skildrar best denne delen og forklarar korleis tiltak som diplomatiske løysningar, represaliar og arrest vart nytta som tiltak, men også om problem med å stansa ulovleg verksemde på sjøen.

Metode

Eg skal i oppgåva mi ta føre meg tre separate saker som omhandlar maritim vald og sjå hendingane i samanheng med samtidig politisk og handelspolitisk kontekst. Vidare skal eg sette funna mine i samanheng med teorien og forskinga på kaperverksemde. Teorien skal eg nytta for å fylle inn der det er hol i norsk forsking, men sidan mykje av teorien er basert på dømer frå kjeldemateriale frå andre land, får eg også moglegheit til å gjere noko samanlikningar.

¹⁹ Russon, Marc. «Les Côtes guerrières». Rennes 2004. s. 65-66. Gjenngitt og oversatt til engelsk i: Heebøll-Holm, Thomas. «Ports, piracy and maritime war». Boston 2013. s. 38

²⁰ Appleby, John C. og Dalton, Paul. «Outlaws in Medieval and Early Modern England : Crime, Government and Society, C.1066–c.1600». Routledge 2016. s. 149-172. Om piratars forhold til lokalsamfunnet, til kongen, og om organisering i samråd med desse i England og Wales.

²¹ Rose, Susan. «The medieval sea». London & New York 2007. s. 123-125

Olav Nilsson

Innleiing

Olav Nilsson var høvedsmann i Bergen frå ca. 1437-1438 og fram til han vart drepen av hanseatarar i Bergen i 1455. I same periode var han også hirdtjore på Island. Perioden hans som høvedsmann var mykje prega av konflikt med hanseatarar på brygga og engelske sjøfolk, der det, frå begge hald, kom fleire klagar på hans framferd. Det var spesielt forhaldet til hanseatarane som vart veldig dårleg mot slutten av hans levetid.

I tradisjonell norsk framstilling av Olav Nilsson har det vært hevd at det dårlege forhaldet skuldast at han dreiv med mykje privat sjørøveri mot utanlandske skip. Ole-Jørgen Benedictow hevdar til dømes at Olav Nilsson var ein «voldsom og ubesindig mann, og en eventyrer»,²² mens Magne Skodvin hevdar at han var «ein strid mann og likte å slåst».²³

I nyare historieskriving blir det derimot hevd at Olav Nilsson opptrødde i samsvar med både kongens og det norske riksrådets politikk og ønsker. Arnved Nedkvitne var den første som gjekk i mot synet på Olav som ein sjørøvar med private motiv, og viser til manglende kjeldekritikk og utelating av internasjonal politikk som årsak til at Olav vart framstilt som ein sjørøvar.²⁴

I dette kapitelet er ikkje samanlikning av desse to syna det viktigaste målet, men eg skal sjå på sjølve handlingane til Olav Nilsson, og då med mest fokus på handlingane hans på sjøen. Eg skal likevel argumentere for kva for eitt av desse to syna eg følger. I første del av kapitelet skal eg framføre ein historiografi av både den politiske situasjonen og om det me veit om livet til Olav Nilsson. Begge deler er viktig å få med sidan handlingane til Olav kan forklarast best mogleg ved å sjå på om dei var i tråd med, eventuelt ikkje i tråd med, den stadig skiftande politiske situasjonen som kongen og det norske riksrådet var i. Dette kan vere med på å avsløre om Olav dreiv med private feidar eller om han sanksjonerte på vegne av det offentlege, for når han vart høvedsmann i Bergen, var det for unionen allereie ein pågåande politisk situasjon med både hanseatarar og engelskmenn. Med den politiske situasjonen så meiner eg kongen og det norske riksrådets forhald til både hanseatarar og engelskmenn som eg då samanliknar med Olavs forhald til nettopp dei. Eg vil starte heilt tilbake til kong Erik av Pommerns forsøk på å sikre seg Slesvig til krona si i åra 1416-1432, sidan han allereie då, kort tid etter Margretes død, byrja å få eit dårleg forhald til hanseatarane. Så skal eg fortsette med å sjå på korleis forhaldet utvikla seg vidare, om det betra seg eller vart verre, fram til Olav vart drepen i 1455.

I siste del av kapitelet skal eg sjå på Olavs maritime handlingar og forsøke å forklare kva han gjorde og kvifor. For å kunne forklare dette skal eg før dette sjå litt på internasjonal forsking på sjørøveri/kapring og så, ved hjelp av internasjonal forsking, forklare kva sjørøveri/kapring er, og for å ikkje gløyme den politiske situasjonen, forsøke å seie noko om Olav Nilssons handlingar langs Norskekysten.

Politisk situasjon

Tidleg etter Margrethe I Valdemarsdotter si død (døyde i 1412), forsøkte kong Erik av Pommern å legge Slesvig under krona. Han meinte at han hadde rett på dette området, men samstundes meinte lokale hertugar at det var dei som hadde rett på området. Då

²² Benedictow 1977, s. 58. Sjå også Hamre 1968, s. 139-140 for tradisjonelt syn på Olav Nilsson

²³ Skodvin, Magne, «sjørøveri og kongemakt» *Makt og motiv*. Et festskrift til Jens Arup Seip, Oslo 1975, s. 40

²⁴ Nedkvitne 1992. Sjå også Opsahl 2009 for nyare syn på Olav Nilsson.

saka ikkje let seg løysa juridisk, forsøkte Erik å løysa saka på slagmarka og han førte krigar for å vinne Slesvig i åra 1416-1432. Også hanseatarane involverte seg etter kvart i krigen. Erik forsøkte i periodar å knyte til seg hanseatarane i si handelspolitikk, men han klarte mest å vende dei mot seg. Erik provoserte hanseatarane med ein forordning i 1422 som monopoliserte handelsverksemda for danske kjøpmenn i Danmark og som favoriserte engelske og nederlandske kjøpmenn elles i unionen. Målet var å skapa ei motvekt til det hanseatiske handelsmonopolet.²⁵ Av økonomiske grunnar var både handelsliv og trivsel i byane i unionen viktig for kongen då dette gav viktig inntektskjelde gjennom toll, marknadsavgifter og byskattar.²⁶ Hanseatarane svara derimot med ein handelsblokade same år, mens Erik igjen svara med å sperre hanseatisk skipsfart gjennom Øresund, og få år etterpå krevje inn toll frå vendiske skip, det me kjänner som «Øresundtollen» frå 1429. Hanseatarane blanda seg inn i krigen i 1426 og støtta Slesvig-Holstein si side. På den eine sida var det risikabelt då dei ønska eit godt forhald til Erik på grunn av handelsinteressene dei hadde i unionen med privilegiane dei hadde sikra seg der, men dette vart satt til side på grunn av eit hanseatisk politisk prinsipp om å støtte den nest sterkeste part i ein konflikt i mot den sterkeste.²⁷ Dei forsøkte med dette å motvirke at kongemakta skulle bli for sterke. Lübeck kriga også mot kongen på sjøen, men leid nederlag i Øresund i 1427 og utanfor København i 1428.²⁸ Sjølv med sigrar på sjøen vart krigen veldig kostbar for Erik, og i 1432, etter lenge å ha vært motvillig til å mekle om Slesvig, vart partane einige om ein våpenstillstand. Krigen kan ikkje seiast å ha vært nokon særleg stor suksess for Erik då han berre vant nokre små områder, fekk ei stor krigsgjeld og han fekk dessutan eit dårleg forhald til hanseatarane. Han skulle også samstundes få problem med engelskmennene.

I Noreg var forhaldet til både hanseatarar og engelskmenn viktig. Begge desse hadde mange kjøpmenn i Noreg, då spesielt i Bergen, og hadde eit sterkt handelsmonopol i Noreg. Særleg hanseatarane var veldig mektige. Hanseatarane hadde eit mektig handelsimperium i seinmellomalderen, hovudsakeleg på grunn av eit godt organisert forbund og på grunn av privilegiebreva deira. Desse privilegia kunne ha nokre små forskjellar i enkelte punkter frå region til region, men var elles ganske like i innhald. Det sentrale i eit slikt brev var at ein hanseatisk kjøpmann fekk politiske og juridiske garantiar for seg sjølv som person og eigendelane sine. I tillegg slapp han unna mykje plikter og avgifter i forhold til andre kjøpmenn som forsøkte seg på handelsverksemdu i ein framand by.²⁹ I Noreg var Bergen den aller viktigaste hanseatiske handelsbyen og gjennom heile seinmellomalderen hadde hanseatarane ein sterk posisjon her og kontrollerte nesten heile utanrikshandelen. Grunnen til at Bergen var så viktig var fordi det var her dei skaffa seg tørrfisk frå Nord-Noreg og Island som var ein ganske unik og verdifull handelsvare. Ved midten av 1400-talet budde det minst 1000 tyske vintersittarar i Bergen, og rundt det dobbelte i sommarhalvåret. Innbyggjartalet i byen på denne tida er rekna til å vere rundt 7000 maksimalt, så ein kan konkludere med at tyskarane hadde mykje økonomisk og også politisk innflytelse her.³⁰ På 1400-talet blei også Oslo og Tønsberg viktige handelsbyar for hanseatarane då kjøpmenn frå Rostock fekk privilegiebrev i desse byane.³¹ Ved hanseataranes fråvær i åra 1427-1432, då dei førte handelsrestriksjonar mot unionen som følgje av konflikt med kong Erik, leid Noreg av mangel på viktige varer der spesielt mangel på import av korn var veldig merkbart.

²⁵ Albrechtsen, Esben. «Fællesskabet bliver til 1380-1536», *Danmark-Norge 1380-1814*, Bind I. Universitetsforlaget 1997, s. 150. Hamre, Lars 1968, s. 65

²⁶ Albrechtsen, Esben 1997, s. 151

²⁷ Albrechtsen, Esben 1997, s. 150

²⁸ Albrechtsen, Esben 1997, s. 150

²⁹ Dollinger, Phillippe: *The german hansa*, Macmillan and Co Ltd 1970, s. 187

³⁰ Nedkvitne, Arnved 1992 s. 241

³¹ Albrechtsen, Esben 1997, s. 156. Rostock ekspanderte på Østlandet på 1400-talet.

Dette viser at Noreg var blitt ganske avhengige av hanseatarane i utanrikshandelen. Norsk skipsfart verkar å vere nærmest fråverande i denne perioden. Til dømes vart det nemnd frå «Islands allmuge» i 1419 at dei 6 skipa som årleg skulle komme frå Noreg og forsyne Island med korn og andre viktige forsyningar ikkje var kome på lange tider, noko som kan tyde på at norsk skipsfart var blitt kraftig utkonkurrert.³²

Hanseatarane forsvarte privilegiuma sine så godt dei kunne for å oppretthalda handelsimperiet sitt. Engelskmenn og nederlendarar gav dei aukande konkurranse, noko som førte til at hanseatarane nytta seg av hardare metodar. I Bergen gjekk det hardt utover engelskmennene då byen ved fleire tilfelle vart angrepet av tyske skip, første gong i 1393, i det som me kjennar som «vitalieangrepet», og det siste angrepet i 1428/29. Engelske kjøpmenn kan ha blitt pressa ut av handelen i Bergen, og Eleanora Carus-Wilson (1954) hevdar: «Bergen remained the Staple and the Hanseatics controlled Bergen, the English could have little recognized part in the trade. They therefore opened up a direct trade with Iceland».³³ Også Lars Hamre nemnar hanseatisk framferd som skadeleg for engelskmenn i Bergen, men framhevar därleg fiske utanfor England som viktigaste årsak til at engelske skip først vitja Island og Nord-Noreg. For dei første engelske skipa som kom til Island var fiskefartøy.³⁴

Første gong engelske skip byrja å vitje Island for å fiske og drive handel var truleg i 1412, i følgje Islandske annalar.³⁵ Den første klagen frå kong Erik på denne aktiviteten finn me frå 1415 der Erik klagar på «nye overgrep» på Island frå engelskmenn. Det skjedde tidleg forhandlingar mellom kongane dette året og Henrik V gav utrykk for at han tok saka på alvor og forbaud engelsk seglas til Island. Samstundes blanda det engelske underhuset seg inn som ein tredjepart og kravde at forbodet mot Islandssegglasen skulle opphevast.³⁶ Alt dette skjer i løpet av 1415 og utgjorde ein tidleg fase av det me kjener som «det engelske århundret» på Island. Få år etterpå kom det fleire klagar på ulovleg engelsk aktivitet på Island. I 1520 kom det eit brev til kong Erik frå ein mann med namn Stefan Schellendorp, som kunne rapportere om at Island leid under engelsk aktivitet og at det var fare for at øya skulle «falle ifrå krona dersom ein ikkje begrensa engelsk aktivitet».³⁷ Ein meir omfattande klage kom i eit langt brev frå Hannes Pálsson til kong Erik der han skreiv i detalj om drap, bortføring av born, øydelegging av gardar og kyrkjer, plyndring og øydelegging av skip, hus og andre verdiar og valdeleg framferd mot kongelege embetsmenn.³⁸ Det er uvisst kor mykje ulovleg aktivitet som føregjekk på Island frå engelskmennene, men både Gunnar Karlsson (2005) og E. Carus-Wilsson har vært kritiske til desse breva. Begge hevdar at Hannes Pálsson sitt brev kan vere sterkt overdriven med tanke på at det vart skriven etter at han vart tatt til fange av engelskmenn på Island. Carus-Wilsson hevdar dessutan at lokalbefolkinga på Island var «glad for å bli kvitt Pálsson». Ho hevdar også at Stefan Schellendorp, som utvilsomt var tysk og skreiv også brevet til Erik på tysk, var på øya for å spionere på engelskmennene. Ho spekulerer i om han kan ha vært på oppdrag frå

³² DN II, nr. 651. Islendingane ber om å få handle med utlendingar sjølv om dette i utgangspunktet ikkje var lov.

³³ Carus-Wilson, Eleanora. «Medieval merchant ventures», Methuen 1954, s. 108

³⁴ Hamre 1968, s. 70. Om därleg fiske: *Diplomatarium Islandicum XVI*, (1952-1972), 227-228, nr. 80, Gjenngitt i Karlsson, Gunnar, s. 118

³⁵ Annálar 1400-1800 I (1922-27), 18-22. Gjenngitt i Karlsson, Gunnar, s. 118

³⁶ DN XX, nr. 733 og 736 om klage frå Erik. I DN XX, nr. 737, 738 og 739 kungjorde Henrik V om at engelsk seglas til Island skulle vere forbode. I DN XX, nr. 742 kan ein sjå at underhuset tidleg anmoda om at forbodet skulle trekkast tilbake.

³⁷ DN XX, nr. 751

³⁸ DN XX, nr. 757

hanseatarane for å sverte engelskmenn, men at dette er uvisst.³⁹ At det føregjekk noko ulovleg aktivitet som følgje av eit lokalstyre som ikkje var sterkt nok til å kontrollere den store straumen av engelske skip, er begge einige om.

Seinast i 1420, kom det også klager frå Finnmark og Hålogaland om angrep frå russarar og «heidningar», samt at to engelske skip hadde vitja dei for å drive handel, «noko som ikkje hadde skjedd før».⁴⁰ I vidare klagar frå kong Erik til kong Henrik, nemna han fleire gonger Finnmark og Hålogaland når han klaga på ulovleg engelsk handel og valdeleg framferd. Likevel ser det ut til at aktiviteten der, samanlikna med Island, avtok mykje raskare. Siste klagan på engelsk aktivitet i Nord-Noreg, kom i 1449.⁴¹ Noko av grunnen til dette kan vere at krona hadde ein sterkare kontroll i Nord-Noreg enn på Island og at fiskarane, som heldt til i nordlege områder, var meir knyta til internasjonal handel. Fisken frå Nord-Noreg var dessutan frakta i stort omfang ned til Bergen der den vart seld vidare til hanseatiske kjøpmenn og det var ikkje mangel på varer som vart frakta opp att til Nord-Noreg samanlikna med Island. Engelsk direktehandel med nordfararane⁴² skada derfor ikkje berre krona langt meir enn handel på Island, men skada også handelsverksemda til hanseatarane. Eit klagebrev frå kong Henrik VI til kong Erik hevdar at engelske sjøfolk vart overfallen, drepen, såra og plyndra i Finnmark av kongelege tenestemenn i samarbeid med allmugen.⁴³ Det er vanskeleg å seie noko nøyaktig om tilstanden i Nord-Noreg, men rapportar om direktekontakt mellom lokalbefolkinga der og engelskmenn avtar som sagt meir og meir i kjeldematerialet mot midten av 1400-talet.

Engelske skips framferd må ha passa kong Erik svært därleg og vært vanskeleg å handtera då han ville bevara venskap med svogerden Henrik V, dessutan var han allereie oppteken med kostbare konfliktar mot hanseatarar og andre nordtyske byar/områder og andre interesser han hadde i Østersjøen. På 1430-talet oppstod det dessutan store opprør mot han i Sverige og Noreg.

Østersjøen, som fekk ei vaksande betydning for internasjonal handel, på grunn av si korneksport, og med eit skiftande maktforhold, tiltrekte seg interessa til kong Erik og han forsøkte å samarbeida med Polen-Litauen etter at dei hadde slått den tyske orden ved Tannenberg i 1410.⁴⁴ Det vart ikkje så mykje ut av samarbeidet, men han fekk nokre kontaktar i Østersjøen som han kunne nytta seg av mot vendiske byar.

Som følgje av kostbar krigføring vart det eit aukande skattepress på befolkninga i unionen. Allereie i 1418 protesterte norske biskopar til paven på at den norske kyrkja hadde blitt pålagt nye ulovlege skattar og avgifter. I Sverige var det kritikk av kongemakta så tidleg som i 1412 og med opne protestar mot krigsskattane i 1427.⁴⁵ Også lenspolitikken til kongen vart kritisert då han hadde satt inn mange tyske lenshavarar i viktige norske og svenske len. Lokale adelsmenn ønska seg desse lena og var derfor misnøgd med dette, mens bøndene var misnøgde med skattetrykket. Skattefutane fekk skulda for det aukande skattetrykket og det var også missnøye med skattefutane si framferd. Også i Danmark sat det tyske menn i slotta.⁴⁶ Første opne

³⁹ Karlsson, Gunnar. «Iceland's 1100 years: The history of a marginal society». London 2005, s. 119 og E. Carus-Wilsson 1967, s. 112-115

⁴⁰ DN I, nr. 670

⁴¹ DN XX, nr. 859

⁴² Eit namn som vart nytta om fiskarane i Finnmark og Troms, men også om dei som frakta fisk frå Nord-Noreg til Bergen i jekter.

⁴³ DN V, nr. 585

⁴⁴ Albrechtsen, Esben 1997, s. 157

⁴⁵ Albrechtsen, Esben 1997, s. 171

⁴⁶ Albrechtsen, Esben 1997, s. 168-169

opprør mot kongen, etter fleire år med protestar, kom i Sverige i 1434, leia av Engelbrekt Engelbrektsson. Dei leverte eit oppseiingsbrev mot unionen som eit resultat av at innbyggjarane hadde lidd av følgjene etter kongens kostbare krigføring.⁴⁷ I Noreg braut det ut opprør i 1436 som falt saman med det svenske opprøret. I forliksmøtet i Oslo i 1437 var dei viktigaste måla med opprøret å bli kvitt utanlandske skattefutar som skulle ha verken norske statlege len eller kyrkjeembeter, reformar av det innanlandske styret med auka sjølvstendigheit for det norske riksrådet, at drottseten skulle gjenopprettast, at mynt skulle slås innanlands og at riksseglet skulle tilbakeførast til landet. Det var norske adelsmenn som leia vilkåra under møtet i bytte mot at dei lova full truskap til kongen og lova å ikkje gjere opprør igjen.⁴⁸ Når dei norske adelsmennene fekk dei lena og den sjølvstenda dei ønskja seg, var dei tilfreds med det. Esben Albrechtsen (1997) omtalar dette forliket som «det norske riksrådets tilbakekomst på den politiske scenen».⁴⁹ Ein kan ikkje slå fast at dei lågare stendene var tilfreds med forliket då det braut ut eit bondeopprør året etter, i 1438, leia av Halvard Gråtopp, mot nettopp norske lensmenn. Dette opprøret vart raskt slått ned.⁵⁰ Om det norske riksrådet var tilfreds med dei nye reformene og lova lojalitet til kong Erik, så var ikkje dette tilfellet i Sverige og Danmark. Under eit møte i Kalmar i 1436, hadde det danske riksrådet slutta seg til det svenske synspunktet og Erik av Pommern vart offisielt avsett i begge desse rika i 1439, mens Noreg heldt på han heilt fram til 1442. Dei siste åra var det derimot drottsetet og riksrådet som styrte i Noreg.⁵¹

Kristoffer av Bayern vart konge i Danmark frå 1440, i Sverige frå 1441 og i Noreg frå 1442. I motsetning til Erik og Margrethe var han meir villig til å behandle dei tre nordiske landa som sjølvstendige riker. Han verka å ønskja å regjere i overeins med dei løfta og dei vilkåra riksrådet kravde. I Noreg var dei forordningane han gav ut, ofte i samsvar med det norske riksrådets ønskjer.⁵² Eriks sentraliseringe kongedøme hadde på dette tidspunktet vært ein upopulær politikk, og riksråda i dei tre landa, som var dei eigentlege makthavarane i Erik sine siste år, ønska å halda fast på makta si. Dei ønska ein konge som styrte i samsvar med riksrådane sine vilje og ønsker, og stort sett ser det ut til at Kristoffer gjorde dette.⁵³ Etter den norske kroninga i 1442 besøkte han aldri meir Noreg. Han skulle tidleg få problem i sør der det kom til ein jysk reisning i 1439 som hylla Adolf av Holstein. Først i 1441 samla Erik ein hær for å gjere ende på opprøret.⁵⁴ I Noreg hadde riksrådet og drottsete ved Sigurd Jonsson sidan 1440 ført ein antihanseatisk politikk med mål om å sikre mest mogleg av mellomhandelen i hendene på borgarane i dei norske byane Bergen, Oslo og Tønsberg, noko Kristoffer var villig til å gå med på. Det førte til mange protestar frå hanseatarane i desse byane på 1440-talet.⁵⁵ I Danmark hadde Kristoffer innskrenka hanseataranes rettar i ein «statsrett» frå 1443. I 1444 fekk det norske riksrådet stadfesta ein omfattande rettarbot der argument om kongens rettar stod sentralt. Rettarbota inneheldt 28 punkter som skulle innskrenka hanseataranes rettar og å framheva borgarskapets involvering i handel.⁵⁶ Eg skal gå litt gjennom dei viktigaste sakane som konflikten mellom det norske riksrådet/borgarskapet og hanseatarane dreidde seg om.

⁴⁷ Hamre, Lars 1968, s. 100

⁴⁸ NGL 2. rk. 1. nr. 90. DN III, nr. 733 og 736. DN II, nr. 727 og 728. Hamre, Lars 1968, s. 110-111.

⁴⁹ Albrechtsen, Esben 1997, s. 183

⁵⁰ Hamre, Lars 1968, s. 113

⁵¹ Albrechtsen, Esben 1997, s. 184-187

⁵² Albrechtsen, Esben 1997, s. 191. Hamre, Lars 1968, s. 119-120

⁵³ Hamre, Lars 1968, s. 119

⁵⁴ Albrechtsen, Esben 1997, s. 195-196

⁵⁵ Hamre, Lars 1968, s. 122

⁵⁶ Nedkvitne, Arnved 1992. s. 241

I Noreg var, som nemnd, Bergen den aller viktigaste hanseatiske handelsbyen og gjennom heile seinmellomalderen hadde hanseatarane ein sterk posisjon her og kontrollerte nesten heile utanrikshandelen. Dei utgjorde ein ganske betydeleg del av innbyggjarane i Bergen, så ein kan konkludere med at tyskarane hadde mykje økonomisk og også politisk innflytelse her.⁵⁷ For bønder og nordnorske fiskarar var tyske kjøpmenn viktige aktørar som hadde store nettverk og som kunne sikre ein god pris for råvarene. Import av korn var spesielt viktig for stadane der dei produserte tørrfisk, altså Nord-Noreg og Island, og denne forsyninga av viktige importvarer kunne hanseatarane sikre dei i bytte mot fisken. Rettarboten var stort sett ein blempe for fiskarane og bøndene sine interesser, men det at dei maksimalt måtte betale halvparten av lasta si som gjeld til hanseatarane kan ha vært til interesse for dei. For riksrådet og borgarskapet var det derimot ein økonomisk interessekonflikt mellom dei og hanseatarane. Konflikten dreidde seg om, for det første, retten til vintersete for hanseatarane, dvs. at hanseatarane budde og dreiv med si verksemد i Bergen gjennom heile vinteren, i tillegg til sommarhalvåret.⁵⁸ Dette tiltaket var meint for å ramme handelsmonopolet til hanseatarane i Bergen slik at norske kjøpmenn kunne drive i fred utan tysk konkurrans gjennom vinterhalvåret.⁵⁹ Hovudproblem med vintersittarane var derimot at dei ofte sikra seg førsterett på varer. Dei fleste hanseatiske kjøpmennene var i Bergen berre i sommarhalvåret og dei fleste varene som kom til Bergen frå nord, høyde til dei. Men vintersittarane klarte ofte å likevel tvinge til seg førsterett på desse varene. I rettarboten var det gjort tiltak for å gjere noko med dette ved at alle nordmenn som kom til Bergen med varer ikkje skulle levere dei direkte til hanseatararar, men først lagre varene hos ein norsk kjøpmann.⁶⁰ For det andre hadde hanseatarane, i tillegg til kontroll på utanrikshandelen, også mykje kontroll på innanlandshandelen. Borgarskapet i Bergen klagar på at hanseatarar kjøpte mykje råvarer direkte frå bønder og fiskarar utanfor kjøpstaden og dreiv med detaljhandel i byane.⁶¹ Hanseatarane gav ein del kreditt til dei som dei handla med, dvs. dei som leverte råvarer som tørrfisk. Mykje av varene som blei levert til dei frå bøndene og nordnorske fiskarar gjekk med til å betale ned gjeld.⁶² På den måten kunne hanseatarane sikra seg førsterett til varer, som så blei levert direkte frå fiskarane/bøndene til hanseatarane. Ofte måtte dei levere frå seg heile lasta si som betaling for gjeld. Borgarskapet i Bergen med norske kjøpmenn vart effektivt stengt ute frå handelen der dei helst ville operere som mellommenn mellom bønder/fiskarar og hanseatiske kjøpmenn. Borgarskapet vart også ramma juridisk.

Heilt sidan starten av hansatida var retten til å organisere seg i eigne grupper, til å velje eigne rådmenn og til å halda eigne møter, noko som vart stadfesta i privilegiebreva. Lokale styresmakter i spesielt Bergen, London og Novgorod fekk store problem med å dømme hanseatiske kjøpmenn etter eigne domstolar.⁶³ Lokale hovedsmenn vart berre tilskodarar, og det å føre skatteplikt for hanseatarar var dermed veldig vanskeleg utan at det kom klagar til kongen frå kjøpmannens heimby. Det skal også nemnast at dei hadde eigne kontor i både Tønsberg og Oslo, styrt av kontorformenn⁶⁴, og som også her førte

⁵⁷ NGL 2. rk. 1. nr. 130. Nedkvitne, Arnved 1992. s. 241

⁵⁸ Hamre, Lars 1968, s. 122

⁵⁹ Vinterhalvåret var mellom 14. September og 3. Mai

⁶⁰ NGL. 2. rk. 1. bd. Nr. 130. Punkt 11 nemnar også at norske kjøpmenn skulle huse tyske kjøpmenn (gjelder også vintersitterne) før varene skulle eksporterast. På denne måten tvang ein gjennom norske kjøpmenn som mellommenn i eksportandelen. Gjenngitt i Nedkvitne, Arnved 1992. s. 243-244.

⁶¹ Hamre, Lars 1968. s. 123

⁶² Nedkvitne, Arnved 1992. s. 244

⁶³ Dollinger, Phillippe, «The german hansa», Macmillan and Co Ltd 1970, s. 187

⁶⁴ Også kalla «oldermenn», som var ein formann eller «laugmeister» for hansaen i Bergen. Det norske akademiske ordbok (NAOB), s.v., «Oldermann», Henta: 14.02.2021, <https://naob.no/ordbok/oldermann>

eigen privat jurisdiksjon i interne konfliktar mellom hanseatararar. I konflikt med lokalfolk var det ein annan praksis som gjaldt. Om ein hanseatisk kjøpmann var skuld i tap eller skade mot ein eller fleire lokale personar, eller omvendt, hamna saka i lokale domstolar. Derimot vart saka lagt fram av ein formann frå kontoret i byen der kjøpmannen heldt til og bidrog til forsvar/søksmål på vegne av kjøpmannen.⁶⁵ For å få redusert den juridiske makta til hanseatarane, var det eit behov for å føre ei hard line.

Denne nye harde lina mot hanseatarane vart i stor grad gjennomført av dei mektigaste embetsmennene i Noreg, spesielt Olav Nilsson som sat som lensherre i Bergenshus. Til trass for kongens ytring i rettarboten om støtte til å redusera hanseatiske rettar og involvering, hadde han også interesser for å ha eit godt forhald til hanseatarane. Målet var aldri å heilt ta frå hanseatarane sitt monopol i Noreg, sidan dei var for viktige for norsk import/eksport til å fjernast, men å innskrenka nokon av rettane deira. Kongemakta sitt forhald til hanseatarane skulle derimot endre seg.

Etter at Erik av Pommern vart avsett, søkte han tilflukt på Gotland der han dreiv med kaperverksemnd mot både unionen og hanseatararar. Han hadde tidlegare, mens han framleis var konge i unionen, alliert seg med Nederlendarane, som igjen var i handelskrig mot hanseatarane. I 1439 hadde det danske riksrådet valt å støtte hanseatarane i denne krigen⁶⁶ og det var derfor naturleg for Erik å kapre skip frå både hansaforbundet og unionen. Kapring var eit vanleg maktmiddel med god effekt sidan det svekka motstandaren økonomisk, men også politisk sidan det gav eit press på motstandaren til å følgje si vilje. I tillegg gav kapring av motstandarens skip, økonomisk gevinst for seg sjølv når ein ikkje lenger hadde inntekt frå skattelegging. Kapring var spesielt vanleg i krigføring for å svekke motstandarens økonomi og vilje, men også fordi krigføring var veldig dyrt og kapring gav då ei inntekt for å dekke for utgifter. For å få kontroll på og gjenvinna Gotland, søkte Kristoffer hanseatarane si støtte. I tillegg søkte han deira støtte til si Østersjøpolitikk.⁶⁷ På eit møte i København i 1447 vart forordninga frå 1444 revidert der det hanseatiske forbodet mot vintersitting og innskrenking av gjeldsbetaling for nordfararane blei ut.⁶⁸ Seinare same år gav han nye privilegium til Rostock i Tønsberg og Oslo som gav rostockarane utvida privilegium, utan at det norske riksrådet vart involvert i avgjersla og stikk i strid med det norske borgarskapets ønskjer.⁶⁹ Grunnen til denne vendinga var ikkje fordi kongen ikkje lenger støttet det norske riksrådet og borgarskapet, men det kan bli forklart med at Noregs handelsinteresser kom i andre rekke, mens hanseataranes vennskap kom i første rekke for kong Kristoffer. Han førte derfor ein heller ettergivande politikk ovanfor hanseatarane.⁷⁰ I 1448 døydde plutselig kong Kristoffer utan at han hadde eigne barn. Det vart same år lansert nye kandidatar til å ta over og i Sverige falt valet på Karl Knutsson (etter ein intern maktstrid)⁷¹, mens Danmark ville ha Kristian av Oldenburg. I Noreg var det splitta der adelsmenn sønnanfjelsk ville ha Kristian, mens nordanfjells ville dei ha Karl Knutsson som konge. Det vart i Noreg derfor eit dobbelt kongeval med påfølgande krigføring mellom dei to kandidatane. Krigføringa mellom desse to vart kostbart både økonomisk og politisk. Økonomisk vart det kostbart på grunn av utgiftene til krigføring, mens politisk fordi dei begge fekk eit avhengigheitsforhald til hanseatarane, noko som innskrenka politiske

⁶⁵ Dollinger, Phillippe 1970. s. 187

⁶⁶ Albrechtsen, Esben 1997, s. 197

⁶⁷ Albrechtsen, Esben 1997, s. 200

⁶⁸ NGL 2. rk. 1. bd. nr. 140.

⁶⁹ NGL 2. rk. 1. bd. Nr. 143. og DN VII, nr. 435. Mellom anna: «Kjøpmennene skal nyte all frihet og privileiar som tidlegare var stadfestet», løye til detaljhandel (fjordkjøp og landkjøp med bønder utanfor byane samt detaljhandel med borgarar), og løye til vintersitting.

⁷⁰ Albrechtsen, Esben 1997, s. 200. (Henviser til J.E. Sars, «Udsigter over den norske historie»)

⁷¹ Hamre, Lars 1968, s. 128

valmoglegheiter mot hanseatarane og handlingar etter riksrådas og borgarskapets handelsinteresser. Etter sine løfter til Noreg, blei Kristian I valt til konge i Noreg under unionstraktaten i Bergen i 1450, mens i Sverige var det meir splitta lojalitet.⁷² Karl Knutsson hadde framleis ein del støtte i Sverige og krigen fortsette framleis i mange år.⁷³ Både Karl og Kristian I konkurrerte i å få hanseatisk bistand på si side i striden. Karl forsøkte forgjeves å samarbeida med Polen, men i 1455 fornya Kristian privilegiane til dei vendiske stadane i riket, og Sverige vart så utsett for ein handelsblokade av desse.⁷⁴ Kristian fekk eit sterkt overtag i striden mot Karl, men sjølv om det norske riksrådet si støtte var viktig i striden mot Sverige (norske riksrådmenn sikra at Trøndelag heldt seg på Kristian si side), så var hans lojalitet og avhengigheitsforhald til hanseatarane i motsetning til den antihanseatiske politikken det norske riksrådet med Olav Nilsson i spissen, hadde ført i 1440-åra. Dei var rett nok lojale til kongen og bidrog i kampen mot Karl Knutsson på 1450-talet, men som me skal sjå, skulle kongens allianse med hanseatarane gi problem for Olav.

I kongens teneste

Olav Nilsson var ein adelsmann som sannsynlegvis kom frå Båhuslen, men det er ikkje noko ein kan seie sikkert om opphavet hans.⁷⁵

Første gong me hører om Olav Nilsson i kjeldene er i 1423, då han kom til Island og var ein del av følget til Hannes Pálsson, eit av kongens embetsmenn.⁷⁶ I 1425 vart Hannes Pálsson fanga av engelskmennene på Island og tatt med som fange til England. Det er truleg at også Olav Nilsson vart tatt med saman med han.⁷⁷ I åra 1426-1432 var det open krig mellom kong Erik og dei vendiske stadane om Slesvig. Olav Nilsson var aktiv i denne krigen og var, i alle fall i åra 1429-1431, hovedsmann på eit av kongens kaperskip i Østersjøen. For sin innsats fekk han i 1430 eit frelsesbrev frå kong Erik.⁷⁸ I 1437/1438 kom han til Noreg som hovedsmann for Bergenshus,⁷⁹ og fekk i tillegg Ryfylket i len. Seinast i 1442 sat han i det norske riksrådet⁸⁰ og i 1444 leia han kongens rettartingkommisjon i Trondheim, Bergen og Stavanger, som skulle innskrenke hanseataranes verksemd i Noreg og auke kongens makt og økonomi. Det vart

⁷² Albrechtsen, Esben 1997, s. 211. NGL 2.rk 2.bd. nr. 3. Om Kristians norske handfesting. Karl Knutsson kom med ein eigen norsk handfesting seinare same år i: NGL 2.rk. 2.bd. nr. 5.

⁷³ Fram til 1457, men Karl hadde også ein tilbakekomst på 1460-talet.

⁷⁴ Albrechtsen, Esben 1997, s. 214

⁷⁵ Erik Opsahl 2009: https://nbl.snl.no/Olav_Nilsson, Olav Nilsson har blitt knyta til den norske Skanke-aætta på grunn av våpenskjoldet sitt som liknar, men Erik Opsahl visar til at dette er tvilsamt: «Våpenmerket, et væpnet ben, er ikke nok for å regne ham til slekten Skanke, da våpenmerket var utbredt i samtiden, blant annet i Båhuslen»

Benedictow, Ole-Jørgen, «Norges historie. Frå rike til provins 1448-1536», Cappelen 1977, s. 56-60. Hevdar at Olav Nilsson var svensk: «Ein Skånsk adelsmann»

⁷⁶ NGL 2. rk. 1. bd. nr. 717. I brevet kallar han seg for O. Nikolasson. Gjenngitt i Nedkvitne, Arbnved 1992, s. 234

⁷⁷ Nedkvitne, Arned, s. 234 som henviser til: Thorsteinsson, Bjørn, «Enská öldi i sögi islendinga», Reykjavík 1970, s. 23, 75, 81, 87 og 88. DN XX, nr. 757: Her hevdar Johannes Pálsson at Olav Nilsson vart tatt til fange av engelskmennene då han kravde böter for «engelske overgrep».

⁷⁸ Benedictow, Ole-Jørgen 1977, s. 56. DN XI, nr. 149

⁷⁹ Benedictow, Ole-Jørgen 1977: «1437 eller 1438», Nedkvitne: «Seinast i 1438», Opsahl: «Seinast i 1437. I alle fall frå 1439 då han dessutan vart hirdtjore på Island». Sannsynligvis etter forliket i Oslo i 1437 då det norske riksrådet fekk ein forsterka sjølvstende med løfter om bl.a at utanlandske menn ikkje skulle ha norske len.

⁸⁰ Ifølgje Erik Opsahl 2009: https://nbl.snl.no/Olav_Nilsson

argumentert om at krona, kyrkja og borgarane «hadde lidd stor skade» på grunn av hanseataranes framferd.⁸¹

Under tronstriden mellom Karl Knutsson og Kristian, støtta Olav Nilsson førstnemnde i byrjinga, men etter Kristians norske handfesting 3. Juli 1449, med 16 punkter om løfter om mellom anna privilegium for Noregs innbyggjarar, stadfesting av tidlegare rettarbøter samt respekt for St. Olavs lover og ein del andre nye løfter, støtta han Kristian.⁸² Karl Knutsson kom med ein eigen norsk handfesting 20. November same år, utan at dette gav han nok støtte i Noreg, med unntak av noko støtte nordanfjells.⁸³ Olav var med på å hylle Kristian I som konge i 1450. Han gjekk så aktivt inn for å støtta kongen og var svært delaktig i å drive svenskane ut av Trøndelag to gonger i 1453.

I krigen mellom Karl Knutsson og Kristian I, konkurrerte som nemnd begge partar i å ha hanseatarane som alliert. Kristian lukkast best med dette, men måtte gi ein del løfter til hanseatarane om gunstige privilegiar . Dermed måtte det norske riksrådet trekke seg frå mange av punkta som omhandla innskrenking av hanseataranes handelsfreiheit og uavhengigkeit frå norsk lovgiving. Olav Nilsson skal likevel ha fortsett med å følgje ei hard line mot hanseatarane, men vart avsett av kong Kristian i 1453, sannsynlegvis for å blidgjere hanseatarane. Kristian ønska også det norske riksrådets støtte i striden mot Sverige, og kanskje var dette noko av grunnen til at Olav Nilsson, noko overraskande, fekk tilbake hovedsmannsposten sin i Bergenshus i 1455.⁸⁴ Kort tid etter at Olav kom tilbake til Bergen, vart han drepen saman med Biskop Torleiv, sonen sin Nils, bror sin Peter og 60 andre menn, etter å ha forsøkt å søke tilflukt i Munkeliv kloster. Drapa skjedde 2. september 1455.

Sjørøveri eller lovlege sanksjonar?

I løpet av 1440-talet hadde Olav mange konfrontasjonar med engelske skip. I nokre tilfelle borda han skipa og beslagla varer dersom han fann ulovlege varer (kunne vere snakk om fiskevarer frå Island og Nord-Noreg), mens i andre tilfelle førte han skipa inn til arrest. Tidlegare har det vært hevdat at desse handlingane var opportunistiske sjørøverangrep frå Olav si side, og det har dessutan vært hevdat at han også angrep mange hanseatiske skip.⁸⁵ I seinare tid har den tradisjonelle framstillinga vært bestridt, og Olav har blitt framstilt som ein som handla etter kongens og riksrådets ønsker.⁸⁶ Olavs handlingar på sjøen skal eg forklare meir om seinare i kapittelet.

Utover på 1430-talet mista kong Erik meir og meir støtte frå adelsmennene i unionen på grunn av si sentraliserande politikk, som også skulle utvide seg til å inkludere missnøye frå bøndene på grunn av sitt indre styre, då spesielt skattpolitikken. I Noreg kom ein til slutt til eit forlik i 1437 og mange av dei norske lena hamna i norske hender. Tradisjonell framstilling av Olav Nilssons rolle i dette kan oppsummerast slik: Kong Erik, som lenge forsøkte å nedkjempa hanseatarane, og som samstundes førte ein sentraliserande politikk, forsøkte dei siste åra i styret sitt å gjere nokre siste desperate forsøk på å behalda kontrollen ved å plassere lojale danske og tyske menn i slotta sine. Sjørøvaren Olav Nilsson vart plassert i Bergen som eit strategisk tiltak i kampen mot hanseatarane, noko som førte til at forhaldet til hanseatarane i Bergen vart betydeleg forverra. Han

⁸¹ NGL 2. rk. 1. bd nr. 131: «aff hwiko kronan, then helga kirkia oc almenighe almughen skadha aff fanghit haffver». Også i «Bergens Fundas», utgitt av Bergen Historiske Foreining (1957) ved Mikkel Sørlie, s. 50-53.

⁸² NGL 2. rk. 2. bd. Nr. 3

⁸³ NGL 2. rk. 2. bd Nr. 5, og DN VI. Nr. 531

⁸⁴ Nedkvitne, Arnved 1992, s. 239. Opsahl, Erik 2009

⁸⁵ Hamre, Lars 1968, s. 139-140 og Benedictow 1977: 56-60 for tradisjonell framstilling av Olav Nilsson.

⁸⁶ Nedkvitne, Arnved 1992, Opsahl, Erik 2009, Wærdahl, Randi B. 2019

skulle bli ein leiande kraft i riksrådets antihanseatiske politikk i 1440-åra. Han skulle i 1453 bli avsett av kongen for å betre forhaldet til hanseatarane, men Olav førte likevel vidare si antihanseatiske politikk og førte ein privat sjøkrig mot dei på eiga hand. Ole-Jørgen Benedictow (1968) hevdar at han var ein «valdsam og ubesinna mann og ein eventyrar».⁸⁷ På 1440-talet klarte Olav i stor grad å få med seg det norske riksrådet i si antihanseatiske politikk.

Etter at Arnved Nedkvitne (1992) framførte si undersøking, har det tradisjonelle synet blitt omdiskutert. Nedkvitne hevdar at det tidlegare vart gjort ein «overfladisk kjeldekritikk som mangla hald i kjeldematerialet» og at Olav Nilsson har vært offer for ein «reduksjonisme», dvs. at ein «reduserar personanes politiske motiv til private ønsker om pengar og makt».⁸⁸ Nedkvitne hevdar sjølv at Olav Nilsson sanksjonerte i samsvar med riksrådets og kongens politikk. Både Erik Opsahl og Halvard Bjørkvik støttar seg på denne framstillinga.⁸⁹

Den viktigaste grunnen til at det moderne synet på Olav har endra seg så mykje frå tidlegare syn, er kjeldekritikken. Eldre framstillingar verkar å ta utgangspunkt i eitt brev frå 1486, altså over 30 år etter at Olav vart drepen, som framstiller Olav, og bror hans Peter som sjørøvarar som plyndra hanseatiske skip.⁹⁰ Hanseatarane skal så ha samarbeida med kongen og Magnus Gren (Høvedsmann i Bergen etter at Olav vart avsett i 1453) om å drepe Olav. Olav Nilsson var altså uønskt av alle partar. At det er grunn til å vere kritisk til dette brevet skuldast ikkje berre at det vart skrevet lenge etter at Olav var død, men også fordi det var eit partisk forsvarsbrev frå Lübeck som skulle forsvare drapet på eit norsk riksrådsmedlem, samt 60 andre geistlege og øydelegging av eit kloster. Målet med forsvarsbrevet var for å sleppe å betale bot for denne hendinga.⁹¹ Eg kan ikkje finne nokre kjelder frå samtidia som hevdar at Olav Nilsson var ein sjørøvar. Viss ein derimot skal ta utgangspunkt i at versjonen frå 1486 er korrekt, så vil sjølvsagt alle dei tidlegare engelske og hanseatiske klagane på Olav sine sanksjonar, enkelt oppfattast som bevis på omfattande sjørøveri. Viss ein derimot stillar seg kritisk til denne versjonen og heller ser på den politiske situasjonen, og også ser på Olavs handlingar samstundes som med andre riksrådsmedlems og kongens politiske handlingar, så kan ein ikkje seie at Olav handla på eiga hand etter personlege ønskjer.

Om sjørøveri og kapring. Internasjonal forsking.

Sjørøveri og kapring var noko av det verste ein kunne oppleve som sjømann og samanstøytane kunne vere svært valdelege. Oftast enda det likevel med at sjøfolka overgav seg raskt mens kaprarane tok varene dei skulle ha og forlét skipet utan større dramatikk. Samstundes var det ikkje slik at sjørøveri/kapring var eit enormt problem for handelsfolka. Handel over sjøen fungerte stort sett ganske godt, og sjøfolk fekk stort sett vere i fred utan at dei vart kapra.⁹² Hanseataranes store politiske, økonomiske og militære maktgrunnlag kom som følger av eit velfungerande handelsnettverk, noko som i Nord-Europa lokka fleire aktørar utover i seinmellomalderen til skipshandel i stor skala, som til dømes nederlendarar og engelskmenn. Ein kan heller ikkje seie at sjørøveri/kapring ikkje var eit problem. Viss ein ikkje greip inn etter at det skjedde røvingar, kunne det utvikle seg og eskalere til å gjøre stor skade på inntekta til kjøpmenn og adelege/kongar som var involvert i og avhengige av handelen i tillegg til at mange liv

⁸⁷ Benedictow, Ole-Jørgen 1977, s. 56-60. Hamre, Lars 1968, s. 139-140

⁸⁸ Nedkvitne, Lars 1992, s. 232 og 249

⁸⁹ Opsahl, Erik 2009 og Bjørkvik, Halvard, «Folketap og sammenbrudd 1350-1520»

⁹⁰ DN XVI, nr. 291

⁹¹ Nedkvitne, Arnved 1992, s. 232-234.

⁹² Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 33

kan ha gått tapt. Derfor hadde ein på denne tida nokre tiltak som ein kunne nytta seg av for å hindre vidare eskalering av kapring.

For å ta utgangspunkt i engelske prosessar var det i prinsippet slik at når eit skip vart røva, skulle skipet gå til nærmeste hamn og legge fram saka. Dersom ingenting kom ut av dette, eller at det skuldige skipet ikkje kunne lokaliserast, kunne eigaren av skipet legge fram saka for kongen sin. Kongen hadde då nokre ulike alternativ. Han kunne forsøke å løyse saken diplomatisk med å klage til røvaranenes konge⁹³ (eller i nokre tilfelle: styresmakter i bestemte hamnar, til dømes: Kings Lynn). Slike forhandlingar tok gjerne mange år, og i nokre tilfelle kunne det ta fleire tiår. I forhandlingane over Nordsjøen om engelsk aktivitet på Island og i Nord-Noreg, tok det så mange år at det var to ulike engelske kongar involvert, og tre ulike kongar frå unionen. No var det ikkje berre sjørøveri som var utgangspunktet i denne konflikten, men responsen, og at skip var involvert, gjorde saka lik ein sak om sjørøveri. Det er heller ikkje relevant om resursar vart teken ulovleg på sjøen eller om den vart handla ulovleg på Island, så lenge den forstyrra Bergen som viktig handelsstappel gjorde den same skade for kjøpmenn, borgarar og kongar som hadde inntekt på denne handelen.

Viss fredelege løysningar ikkje førte fram, kunne kongen (til den som vart røva) alternativt truge med arrestasjonar. Ofte bad offeret om kapringsbrev som gav autorisering til represaliar, og kunne med makt, ta tilbake den summen som var tapt. Handlingane blei då utført på initiativ frå eigaren av skipet, men kunne også få militær/økonomisk støtte frå styresmakta.⁹⁴

I praksis var ikkje slike saker så enkle å løyse. Når kongen gav løyve til å utføre represaliar, så kunne det ofte føre til at fienden i ettertid fekk løyve frå sin konge igjen til å utføre kontra-represaliar, som igjen kunne føre til ein større konflikt.⁹⁵ At diplomatiske forhandlingar kunne ta fleire år, kunne også føre til at privatpersonar gjerne utførte uautoriserte angrep på eiga initiativ. Det var uansett viktig at kongen, eller styresmakta, responderte. Eit problem med sjørøveri var at desse problema var for små til at han skulle svare med ein militær operasjon, men samstundes for store til å berre ignorera heilt. Kongar gav då ofte løyve til å utføra represaliar, eller at dei gav ut arrestordre, slik at kongen då til ein viss grad kontrollerte den private valden. Viss han ikkje gjorde noko, så ville private personar uansett bli freista til å utføre kapring på eiga hand og saken ville raskare komme ut av kontroll. Alfred Rubin (1988) hevdar at det kunne sjå ut som om kongen på svakt vis gav etter for krav om represaliar, men i røynda styrka han eigentleg si eiga makt over subjektet.⁹⁶ Emily Sohmer-Tai (2003) kalla slik kontrollert ettergiving for ein «sikringsventil», då den gir små, kontrollerte utblåsingar for å forsøke å avgrense vidare eskalering av ein konflikt, og for å styrke statens kontroll.⁹⁷ I England, tidleg på 1300-talet, nytta kongen ofte arrestasjonar i konflikt med Frankrike. Då var det ordre om å arrestere alle franske skip som la til kai ved engelske hamnar. Dette var rett nok i krigstid, men i fredstid kunne også kongen gi ut arrestordre til enkelte hamnar etter å ha samla saman ein bunte med klagar på fleire skip frå ein bestemt stat.⁹⁸ Dei som utførte desse arrestane var oftast kongelege embetsmenn.

⁹³ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 137

⁹⁴ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 137

⁹⁵ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 138

⁹⁶ Rubin, Alfred, «Law of Piracy» 1988, s. 34. Sjå også: Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 140

⁹⁷ Sohmer-Tai, Emily 2003, «Marking waters». Tilgjengeleg frå:

http://webdoc.sub.gwdg.de/ebook/p/2005/history_cooperative/www.historycooperative.org/proceedings/seascapes/tai.html, Henta: 03.03.2021

⁹⁸ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 140

Kva kan eg seie om Olav Nilssons handlingar utifrå internasjonal forskning?

Eg skal først nemne nokre dømer på handlingar som Olav Nilsson skal ha utført på sjøen, som kan minne om sjørøveri/kapring. Så skal eg drøfte dei i lys av det internasjonal forsking på kaperverksemdu kan seie om Olav Nilssons handlingar i Noreg. Eg har undersøkt nokre situasjonar der Olav var den som stod bak aksjonar mot utanlandske skip.

Første gong, som me kan lese i kjeldene, at Olav Nilsson aksjonerte mot eit skip var i eit klagebrev frå Kong Henrik VI (skriven i 1447) om at ein «Olaeus Nicholson» i Bergen 1441, tok eit skip frå Hull i arrest, eigd av kjøpmannen Hugo Clederowe.⁹⁹ Nedkvitne nemnar at sjølv om ein ikkje kjenner til bakgrunnen for denne arresten, så er det sannsynleg at dette skipet hadde drevet handel på Island.¹⁰⁰ Olav Nilsson kan med andre ord ha beslaglagt fiskevarer frå Island som var om bord på det engelske skipet, men kvifor det var innom Bergen etterpå, eller om det var Olav sjølv som førte skipet inn til Bergen etter å ha arrestert det utpå havet, er uvisst. Som Nedkvitne nemnar, kjenner me ikkje til bakgrunnen for denne kapringa, og at det derfor kan tolkast som reint sjørøveri, kan i utgangspunktet vere like sannsynleg som at dette skipet kom frå Island med fiskevarer om bord. Det som talar i mot sjørøveri i denne saka er at arrest av engelske skip i denne perioden er å forvente med tanke på den pågåande konflikten om fiskevarane på Island og i Nord-Noreg. Det eg meiner med dette er at året etter at dette skipet vart arrestert, altså i 1442 og kan nærmast tolkast som svar på Olavs val om å arrestere dette skipet, gav riksrådet (Olav Nilsson inkludert) ein spesiell beskyttelse til alle engelske skip som kom til Bergen for å drive handel her, mens dei som hadde handla i nord ikkje skulle gå under denne beskyttelsen og var i praksis fritt mål for andre skip til å drive kapring mot.¹⁰¹ Eg ser på det som mest sannsynleg at Olav Nilsson handla i det han meinte var rikets interesser når han stansa dette skipet, og at det var fiskevarer frå nord som vart beslaglagt, elles må ein kunne finne forklaring på kvifor nettopp dette skipet vart stansa når England hadde enormt mange skip som passerte langs eller nær den norske kysten. Hadde Olav Nilsson bestemt seg for å kapre engelske skip og røve til seg varar frå desse, ville han ikkje ha nöya seg med å røve berre eitt enkeltskip. Om han faktisk røva fleire engelske skip, er det veldig rart at kong Henrik VI berre nemnar eitt enkeltskip, eigd av Hugo Clederowe frå Hull i brevet sitt. Brevet vart sendt til kong Kristoffer så seint som i 1447. Som me skal sjå i dømet med skipet frå Danzig, så hadde det seg slik at Olav Nilsson faktisk kapra fleire engelske skip mellom 1441 og 1447, men det var likevel berre dette skipet frå Hull som kong Henrik VI klaga på i det nemnte brevet. Grunna den nemnde politiske situasjonen med ulovleg verksemdu på Island og i Nord-Noreg, var det å arrestere skip og beslaglegge varer frå engelske skip ein naturleg prosess for å handtera ein slik situasjon. For å utføre slike arrestar, måtte ein ha løyve frå den regjerande styresmakta, som i dette tilfellet var kongen, og det var berre dei som kunne autorisera slike handlingar.¹⁰² Men på dette tidspunktet var riksråda i Noreg, Sverige og Danmark, ganske sjølvstendige og i Noreg heldt me framleis fast på kong Erik i 1441, som på det tidspunktet var i eksil på Gotland og førte sin eigen kaperkrig. Det norske riksrådet kunne derfor utan problem bestemme sjølv at skip, mistenkt for å ha drevet med ulovleg verksemdu, skulle kunne tas inn til arrest. Frå 1442, når kong Kristoffer var konge over riket, gav han tidleg signal om å styre riket i samsvar med

⁹⁹ DN XX nr. 850

¹⁰⁰ Nedkvitne, Arnved 1992, s. 234

¹⁰¹ DN VII, nr. 415.

¹⁰² Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 138

riksrådas ønsker, og ein ser derfor fleire dømer på aksjonar mot utanlandske skip i 1440-åra.

Neste kjente aksjon skjedde mot eit skip frå Danzig, som hadde søkt ly frå ein storm ved Kvitsøy i 1443/44.¹⁰³ Olav overtok skipet frå Danzig med makt og beslagla alle engelske varer om bord. Dette er den første kjente kapringa Olav hadde mot eit hanseatisk skip etter at han vart hovedsmann i Bergen. Det er uvisst om dei møtte nokon motstand, men i slike tilfelle brukte mannskap å overgi seg med ein gong, eller straks dei vart borda. Skipet vart så nytta i ei kapring mot eit engelsk skip lenger nord før det vart slept fri.¹⁰⁴ Om kvifor han tok kontroll på skipet frå Danzig, så dreidde desse engelske varene seg truleg om fiskevarer frå Island. Å kapre skip frå nøytrale statar, mistenkt for å ha ulovlege varer om bord, var ikkje uvanleg. I hundreårskrigen mellom Frankrike og England kapra begge partar nøytrale skip frå Hansa, Nederland, Genova, Castilla og andre, i tillegg til å kapra kvarandre sine skip. C.J. Ford (1979) forklarar dette med at det var for å hindre at desse nøytrale skipa frakta varer for fienden og at begge sider truleg hadde fått ordre frå kongen om desse kapringane.¹⁰⁵

Olav Nilsson handla òg i eit tilfelle som enten var for å forhindre ein uautorisert represalie, eller at han ikkje godtak nokon form for kapring i sitt eiga len. I 1454 skal engelske skip ha kapra åtte hanseatiske skip ved Skagerak, og då forsøkte nokre hanseatrarar frå Bergen å slå tilbake ved å kapre to engelske skip som sökte ly i Karmsundet. Karmsundet låg derimot i Olav sitt len og han segla derfor ut med eiga skip og avbraut operasjonen og slapp engelskmennene fri frå hanseatrarane. Nedkvitne foreslår at Olav segla ut og hindra aksjonen fordi han «ikkje kunne finne seg i slik oppførsel i sitt len»¹⁰⁶, men det kan også vere at dei hanseatiske skipa mangla dokumentasjon på at dei utførte ein lovleg kapring. Ein anna moglegheit er den nemnde beskyttelsen frå 12 år tidlegare, som det norske riksrådet med Olav Nilsson, hadde lova engelske skip som handla i Bergen. Denne kan ha vært gjeldande viss me kan anta at desse engelske skipa som det er snakk om her hadde drevet med lovleg handel i Bergen. Rett nok var ikkje Olav hovedsmann på dette tidspunktet, men framleis medlem av det norske riksrådet som hadde lova beskyttelse til engelske skip. Han hadde derfor framleis rett til å sanksjonere mot ulovleg aktivitet når det føregjekk innanfor hans len. Denne hendinga provoserte hanseatrarane då dei naturleg nok ønska å ta tilbake tapt gods frå engelskmenn. I tradisjonell framstilling har også dette blitt tolka som at Olav førte ein privat sjøkrig mot hanseatrarane. Olav Nilsson var på si side opptatt av at lover skulle følgast og at eit ikke-autorisert angrep på engelske skip ikkje kunne bli godtatt. Likevel er det godt mogleg at nettopp denne hendinga var veldig utslagsgivande i spliden mellom Olav Nilsson og hanseatrarane.

I moderne framstilling tek ein utgangspunkt i at det manglar prov i kjeldene på at desse handlingane hadde noko med privat sjørøveri å gjøre. Desse aksjonane gir heller mening i lys av den politiske situasjonen med England og med hanseatrarane. Det er likevel interessant at hanseatrarane, i brevet frå 1486, nemnar ein autorisasjon frå kongen i 1455 til å angripe sjørøvarar. Dette blir rett nok nytta som eit forsvar mot drapet på Olav Nilsson og at dei handla som dei gjorde fordi Olav hadde drevet med sjørøveri mot dei. At dei fekk autorisasjon frå kongen til dette er ikke usannsynleg, men då for å aksjonera mot engelske skip, mistenkt for ulovleg handel og kapring. Det vil i det minste vere meir sannsynleg enn at Olav Nilsson på eiga hand skulle kjempe mot engelske skip når det

¹⁰³ Nedkvitne, Arnved 1992, s. 235. Refererer til: *Bergen historiske forenings skrifter 31 bd. s. 136*

¹⁰⁴ Nedkvitne, Arnved 1992, s. 235

¹⁰⁵ Ford, J.C. “Piracy or policy: The crisis in the Channel, 1400–1403,” *Transactions of the Royal Historical Society, Serie 5*, 1979, s. 73

¹⁰⁶ Nedkvitne, Arnved 1992, s. 235

hadde seg slik at hanseatarane ofte hadde opplevd å få skipa sine kapra av engelskmenn. Denne felles interessa av å slå tilbake mot engelskmenn kan ha vært noko som kongen kunne spele på. Ifølgje brevet frå 1486, kom denne autorisasjonen i 1455. Det kan hende at det var eit slikt brev tidlegare, og i det minste kan ein finne eit brev frå kongen til tyske handtverkarar som truleg vart skrevet 18 November 1443, der kongen bad tyske handtverkarar i Bergen om å stille med godt utrusta soldatar mot engelskmenn som hadde gjort «obægribelig schadæ» mot riket.¹⁰⁷

Ein ser faktisk ikkje mange dømer på kapring av hanseatiske skip, men heller juridiske og politisk-økonomiske sanksjoneringar mot hanseatarar.¹⁰⁸ Hanseatarane var også langt meir organisert og kunne gjere veldig skadelege motsanksjonar dersom riksrådet byrja å føre ein kaperkrig mot dei. Eitt enkelt medlem i hansaforbundet var beskytta gjennom juridisk og politisk garanti for si eiga sikkerheit for både seg sjølv og sine eigendalar og i Bergen aleine var det fleire tusen av dei.¹⁰⁹ På grunn av alt dette var militær sanksjonering mot hanseatarane, altså hansaforbundet, ganske farleg, og ikkje noko som unionskongen ville godta, og riksrådet trengte kongens ryggdekning. For kongen ville ein slik kaperkrig mot det sterke hansaveldet ha blitt enormt kostbart økonomisk og politisk. Ryggdekning frå kongen fekk det norske riksrådet heller gjennom dei nemnde, fredelege tiltaka som rettarboten og andre juridiske/økonomiske innskrenkingar av hanseataranes maktgrunnlag. På grunnlag av dette verkar det veldig vågalt og usannsynleg at Olav Nilsson skulle røve mange hanseatiske skip langs Norskekysten, privat eller offentleg. Eg har forklart korleis ein nytta arrest som tiltak og at det også var eit ganske vanleg tiltak på denne tida. Det som er spesielt med Olav Nilsson, er at han aktivt segla ut og arresterte skip på sjøen istedenfor å stoppe dei når dei la til kai, slik me kan sjå i dømer frå andre stader i internasjonal litteratur. Den aktive verksemda til Olav kan ha vært ein viktig grunn til at han seinare blei oppfatta som sjørøvar. Derimot ser eg ikkje nokon annan måte han kunne utføre denne verksemda på. Å stoppe ulovlege skip i Bergen ville ha vært lite effektivt når målet til desse skipa var å unngå heilt å segle innom Bergen. Han var derfor nøydt til å segle ut for å finne og stoppe dei ute på havet for så å føre dei inn til land i arrest dersom dei viste seg å ha ulovlege varer om bord, eventuelt berre beslaglegge varer før skipet vart slept fri. Ein annan viktig årsak til denne mobile maritime forma for arrest, kan ha vært på grunn av geografien i riket. Noreg er eit geografisk stort rike der dessutan Island var underlagt kongemakta og var ein del av nordisk handelspolitikk. Det vart forsøkt å plassere kongelege embetsmenn i Nord-Noreg og på Island, slik som Olav sjølv var med på før han vart hovedmann, men det fungerte ganske dårlig for å hindre den engelske aktiviteten. Sjølv om eg omtalar aktiviteten som arrest og sanksjonering, så vil eg likevel hevde at det også kan omtala som kapring sidan utføringa er lik. Som Peter Earle hevdar i sin definisjon, var sjørøveri, represalias og kapring ganske like i utføring og motivasjon, og sidan eg utelukkar dei to førstnemnde, så omtalar eg derfor verksemda til Olav Nilsson som kaperverksemde.

Konklusjon

Olav Nilsson aksjonerte mykje på sjøen, men då mest mot engelske skip. Konflikten med England, som byrja lenge før Olav vart hovedmann i Bergen, hadde eskalert til eit punkt der handling var nødvendig etter at kongen allereie hadde forsøkt diplomatiske løysningar i fleire tiår. Kongen klaga på at engelskmenn hadde gjort enorm skade, som truleg dreiar seg om økonomisk skade etter ulovleg handel og kapringar. Det nemnde brevet frå 1443 tydar på at kongen var gått over til å sanksjonere mot engelskmenn ved

¹⁰⁷ NGL 2.rk, 1.bd. nr. 127. Her står det som kommentar at årstalet er uleseleg, men at ein antar ganske sikkert at det er frå 1443.

¹⁰⁸ Til dømes Rettarboten frå 1444, Nye privilegiar i 1443

¹⁰⁹ Dollinger, Phillippe 1970, s. 187

hjelp av maritim vald. Kapring var eit naturleg maktmiddel når ein fleire tiår lang konflikt ikkje let seg løysa diplomatisk, heilt i tråd med vanleg praksis på denne tida.

Når eg har undersøkt desse motaksjonane mot engelske skip, har eg samanlikna det med praksis frå andre land i mellomalderen, og det er dømer frå nettopp engelsk praksis eg har nytta meg mest av. Utifrå denne litteraturen var det ein naturleg prosess at kongen let ein av sine embetsmenn, som i dette tilfellet dreiar seg om Olav Nilsson, til å utføre arrestasjonar av utanlandske skip. Kongen og riksrådet ønskte ikkje open sjøkrig mot England, så det norske riksrådet forsikra dei derfor om at alle engelske skip som hadde drevet lovleg handel skulle beskyttast, mens dei som var mistenkt for ulovleg handel ikkje var under denne beskyttelsen. Som me ser i kjeldene, kunne dei sistnemnde forventa å bli borda av kongelege embetsmenn og at Olav derfor handla på grunnlag av offentleg sanksjonering. Det kunne rett nok skje at folk utførte private uautoriserte kapringar dersom ei sak drog ut i tid, men eg kan ikkje sjå noko som tydar på at Olav skulle ha hatt grunn til å gjere dette. Slike uautoriserte kapringar skjedde normalt frå utolemodige privatpersonar som meinte dei hadde rett på ein økonomisk erstatning, dvs. at det kunne dreie seg om tidlegare kapringar/røvingar som dei ville ha erstatning for, bøting på eit drap, eller ei ubetalt gjeld. Det er ikkje noko som tydar på at Olav skal ha blitt direkte personleg ramma økonomisk av engelsk eller tysk aktivitet. Ran av godset hans skjedde først etter at han var død. Det er truleg derfor det har vært naudsamt i tidlegare framstillingar av Olav å hevde at han var grådig eller at «han likte å slåst» som motivasjon for å ha handla på eiga hand, men dette har ingen hald i kjeldene. Då er det heller sannsynleg at han sanksjonerte med arrestasjonar mot engelske fartøy som hadde handla ulovleg på Island og i Nord-Noreg, i tråd med kongens irritasjon over at engelskmenn hadde «gjort stor skade på riket».

Så kva med hanseatarane? Det var nettopp dei som til slutt angreip og drap Olav Nilsson saman med mange andre. Olav og riksrådet hadde mange tiltak mot hanseatarane, men det dreidde seg mest om juridiske og politisk-økonomiske tiltak for å innskrenka maktgrunnlaget deira i Noreg, til nytte for norske borgarar og kjøpmenn i Bergen. På sjøen er det i samtidia lite som er nemnd, men han hadde ein aksjon mot eit skip frå Danzig. Det er sannsynleg at dette skipet hadde ulovlege fiskevarer om bord, og i så fall hadde han rett til å arrestere dette skipet på lik linje med engelske skip som var mistenkt for ulovleg handel på Island og i Nord-Noreg.

Viss fortellinga frå 1486 stemmer, så aksjonerte han også mot hanseatarar ved Karmsund, men då truleg for å hindre ein uautorisert represalie innanfor sitt eiga len og for å beskytte det engelske skipet, slik riksrådet hadde lova. Ein veit lite om denne hendinga sidan eg ikkje kan finne noko i samtidia som nemnar den. Det er derimot ein historie som eg ser på som truverdig og kan vere sannsynleg.

Som nemnd er det ingenting som tydar på at Olav skal ha hatt nokre personlege tap han skulle hemna/tilbakeføra, eller at han på nokon måte handla utifrå andre private motiv som ønske etter pengar og makt. Slik eg forstår det, utførte han derimot ein offentleg sanksjonert verksemd i form av kapring. Med den utanrikspolitiske og handelspolitiske situasjonen med engelskmennene og hanseatararar, hadde han store utfordringar. Han hamna til slutt i ein alvorleg personleg konflikt med hanseatarane som førte til at han vart drepen i 1455, men som me skal sjå i neste kapittel, så vart ikkje denne konflikten avslutta ved Olavs død. Konflikten fortsette seinare gjennom kona og borna hans.

Borna til Olav Nilsson

Innleiing

Hendingane i Bergen i 1455 skulle få det spente forhaldet mellom det norske riksrådet og hanseatarane til å eskalere. Drapa avslutta ikkje det därlege forhaldet mellom hanseatarane og borgarskapet med det norske riksrådet, men fortsette ut gjennom resten av 1400-talet. Heile vegen fortsette riksrådet med å forsøke å få gjennom innskrenkingar av hanseataranes rettar i Noreg, noko dei hadde forsøkt sidan 1440-åra. Arvingane til Olav Nilsson forsøkte å få erstatning for drapa og å få tilbakeført gjenstandar som hadde blitt røva ifrå dei, men dette skulle bli ein lang prosess. Metodane dei nytta seg av var både diplomatiske metodar og kaperverksemd. For kong Kristian I sin del følte ikkje hendingane i 1455 til nokon umiddelbar endring i hans hansapolitikk. Den politiske situasjonen i dette kapittelet er derfor, for kongens del, ein vidareføring av den politikken som hadde blitt ført på midten av 1400-talet. Men som me skal sjå, endra likevel den politiske situasjonen seg mot slutten av århundret.

I norsk historieskriving verkar det å vera einigkeit om at dei kapringane som vart gjort av Olavs etterkommarar var utløyst av hendingane i 1455.¹¹⁰ Kjeldemateriale frå samtidia visar og at riksrådet, og spesielt Aksel Olavsson, Olav Nilssons yngste son, ofte nytta hendingane som døme når dei klaga på tyskaranes framferd og la fram krav om at det skulle bli betalt bot.¹¹¹ Det som er meir usikkert er kvifor arvingane i periodar nytta seg av maritim vald som middel. Eg skal derfor i dette kapittelet sjå på om dette var den beste maktpolitiske løysninga, og om den var juridisk rett eller om det berre var snakk om hemnaksjonar. Eg skal også sjå på kor organisert desse aktivitetane var, eller om krigføringa var heilt på privat initiativ. Som eit tillegg skal eg også sjå litt på den kaperkrigen som kong Hans førte.

Den politiske situasjonen

Som nemnd i førre kapittel, så mista Olav Nilsson og resten av det norske riksrådet, som ønska å føre ein meir antihanseatisk politikk, kongens ryggdekning kort tid etter at Kristian I vart konge. Kristian ønska å vere på lag med riksrådet, men han var i ein politisk situasjon der han valte å prioritera vennskap med hanseatarane som fremste prioritet. Under si regjeringstid herska han over store områder, men måtte betala ein høg pris for dette. Både før og etter at han vart valt til konge i Danmark og Noreg, var han stadig i krig med Karl Knutsson for å sikra seg Sverige, og til dette var hanseatisk hjelp veldig gunstig. Hanseatarane kunne bidra med handelsblokade, slik dei til dømes gjorde før slaget ved Brunkeberg i 1471¹¹². Han klarte å bli valt til konge også i Sverige i 1457, men måtte likevel halda fram med krigføringar for å halda det innanfor unionen.¹¹³ I 1467 klarte Karl Knutsson, med god hjelp frå slektene Oxenstierna, Vasa og Axelssonbrødrene frå Tott-slekta, å på nytt bli konge i Sverige fram til sin død i 1470. Etter dette vart Sten Sture den nye riksforstandaren i Sverige og etter ein avgjerande siger mot kong Kristian ved Brunkeberg i 1471, forsøkte Kristian aldri igjen å vinne Sverige tilbake militært.¹¹⁴

¹¹⁰ Benedictow, Ole-Jørgen 1977, s. 236-239. Berntsen, Thorvald. 1926. «Elise Eskilsdatter». I Edv. Bull m.fl. (red.), Norsk biografisk leksikon b. 3. Oslo. Hamre, Lars, «Norsk historie frå midten av 1400-åra til 1513 : førelesinger», Universitetsforlaget 1971

¹¹¹ DN VII nr. 482 og 483. Aksel Olavsson klaga på hendingane i 1455.

¹¹² Albrechtsen, Esben 1997, s. 224

¹¹³ Albrechtsen, Esben 1997, s. 219

¹¹⁴ Albrechtsen, Esben 1997, s. 215-219

I 1460 sikra kong Kristian seg Slesvig og Holstein i arv og hadde på det tidspunktet store områder nord i Tyskland, nesten heilt til Lübeck under krona si. Ulempa var at han også arva mykje gjeld når han fekk desse områda og i åra framover vart han veldig avhengig av långivarane og fekk store økonomiske problem. Gjelda hans fortsette å auka gjennom regjeringsperioden på grunn av si Sverige-politikk og dyre personlege reiser i tillegg til kostnadane for Slesvig og Holstein.¹¹⁵ Esben Albrechtsen hevdar at Kristians hansapolitikk var ein fortsetting av Kristoffer og Erik av Pommerns politikk, og var stort sett på linje med det norske riksrådets ønsker, men etter riksrådets meining var han for ettergivande ved å utvide hanseatarane sine privilegium og nye rettar. Kristians unionspolitikk kravde støtte frå dei vendiske byane.¹¹⁶ Dette fekk konsekvens for arvingane til Olav Nilsson då kong Kristian i 1469 fjerna alle krav han kunne ha mot Tyskarane i Bergen for drapa i 1455. Året før hadde han tatt frå Elise Eskildsdotter, altså enka til Olav Nilsson, lenet ho hadde i Ryfylket.¹¹⁷ Sistnemnde handling kan derimot ha skjedd fordi Elise mangla støtte til å kunne krevje å halda på dette lenet og at Kristian derfor gav det til nokon som han rekna som meir skikka etter at Olav Nilsson var død. Det kan også ha vært fordi kongen frykta at ho ikkje var lojal nok og støtta Karl Knutsson som konge.¹¹⁸

At det norske riksrådet irriterte seg over kongens hansapolitikk, kjem fram i forhandlingane mellom hanseatiske kjøpmenn i Bergen og borgarskapet i Bergen med kongen og norske riksrådsmedlem til stades, i åra 1477-1478.¹¹⁹ Av norske representantar stod spesielt Aksel Olavsson fram og klaga på hanseataranes framferd, med fokus på drapet på faren og plyndring av familiens gods.¹²⁰ I kjeldene verka kongen å helle mest mot riksrådets synspunkt i saka, men som Lars Hamre nemnar, så er dei bevarte kjeldene frå desse møta, brev skriven på nedertysk og er hanseatiske omsetningar frå det som var sagt under møta.¹²¹ Ein kan derfor rekna desse kjeldene som hanseatiske synspunkt. Lars Hamre nemnar også at Kristian ikkje gjorde nokre særlege tiltak mot hanseatarane sjølv om han uttrykte støtte til det norske riksrådet. «Kristian I utsette gjerne vanskelege saker for å vinne tid. Som storpolitikken hans kravde, ønska han ikkje å ráka balansen mellom norske og hanseatiske interesser».¹²²

Når Kristian I døyde i 1481 fekk riksråda i alle dei tre nordiske landa moglegheit til å få i gong tingingar om eigne handfestingar og hindra derfor eit momentant kongeskifte. Det oppstod eit «interregnum» i Noreg i åra 1481-1483.¹²³ I alle dei tre nordiske rika var det ingen tvil om at det var Hans som skulle bli valt til konge, men dei ville ikkje hylla han før det var klart kva vilkåra skulle vere.¹²⁴ For Noreg sin del var riksrådet misnøgde med tapet av Orknøyene og Shetland, at hamburgske kjøpmenn fekk senda skip til Island, at Island ikkje lenger var under ein norsk lensherre, kyrkjer og len som var gitt til utanlandske menn og at rikets inntekter var ført ut av landet.¹²⁵ Dei klaga også på brot

¹¹⁵ Albrechtsen, Esben 1997, s. 219-223

¹¹⁶ Albrechtsen, Esben 1997, s. 224

¹¹⁷ Koht, Halvdan, «Olav Nilsson». Norsk biografisk leksikon, Bd. 10. 1949. s. 404-405

¹¹⁸ Berntsen, Thorvald. 1926. «Elise Eskildsdatter». I Edv. Bull m.fl. (red.), Norsk biografisk leksikon b. 3. Oslo:

«Kongen mistenkte bl.a Elise for å ikkje vere blant hans venner i Noreg». Sjå også: Bratsberg, Terje. «Elise

Eskildsdatter». Norsk biografisk leksikon på nett. 2009, Frå: https://nbl.snl.no/Elise_Eskildsdatter, Henta:

15.03.2021

¹¹⁹ Hamre, Lars 1971, s. 29-32 om Kristians tinging i København mellom Nordmenn og hanseatarar i 1477-78.

Frå: DN VI nr. 588, DN VII nr. 482 og 483.

¹²⁰ DN VII nr. 483. Gjengitt i Hamre, Lars 1971, s. 32

¹²¹ Hamre, Lars 1971, s. 32.

¹²² Hamre, Lars 1971, s. 39

¹²³ Hamre, Lars 1971, s. 67

¹²⁴ Albrechtsen, Esben 1997, s. 247

¹²⁵ Albrechtsen, Esben 1997, s. 248

på landefreden der det mellom anna vart nemnd at kyrkjer og kloster vart brende, samt drap på bispar, prelatar, sveinar og riddrarar, noko som tydeleg refererer til hendingane i 1455.¹²⁶

I 1483 vart Hans krona til konge i Noreg. I forhald til far sin var han økonomisk dyktig i regjeringsperioden sin, noko som gjorde at han hadde eit langt mindre avhengighetsforhald til hanseatarane. Han førte ein politikk som skulle auke makta til heimleg borgarstand og ønska så å bygge opp den nordiske handelen og tok tidleg siktet på å avgrensa hanseatarane si dominerande rolle og sendte også ut mange kaperbrev mot dei i løpet av si regjeringstid.¹²⁷ Lars Hamre (1971) nemnar at for kong Hans var det ei tru på at hardhendte og udoktrinære tiltak skulle gje resultat, ein politikk som Kristian II seinare vidareførte. Frå 1506 var Kristian II visekonge i Noreg og skulle stoppe opprør i landet. Det norske riksrådet og prelatane, som var hans politiske motstandarar ved sidan av hanseatarane, klarte ikkje å koma med effektive mottiltak mot dei uventa tiltaka til visekongen og skulle bli ei byrjing av den politikken Kristian II seinare skulle føre.¹²⁸ For kong Hans gjaldt det å utspele hanseatarane for å svekke deira handelsmakt. Han og den engelske kongen, Henrik 7, fann saman i antihanseatisk politikk og det vart endeleg fred med England. Hans favoriserte deretter engelske kjøpmenn og gav dei ei rekke nye privileger med avtale om handel og fisking på Island og ein jurisdiksjon som kunne måle seg med hanseatiske rettar. Også nederlendarane fekk betre privileger i unionen.¹²⁹ Hanseatarane si dominerande rolle hadde dessutan blitt veldig svekka i løpet av siste halvdel av 1400-talet, mykje på grunn av aukande konkurranse frå nederlendarar og engelskmenn, men også på grunn av omlegging av handelsvegane.¹³⁰ I halmstadrecessen frå 1. Februar 1483, om kong Hans norske og danske handfesting, kom han med ei rekke punkter som mellom anna at privileger til framande kjøpmenn berre skulle stadfestast etter råd frå riksrådet, og han lova også «bot og vandel» for hendingane i 1455.¹³¹ I 1486 besøkte kong Hans Bergen og hadde møter med riksrådet og førte tingingar mot hanseatarane. Igjen vart hendingane i 1455 nemnd og det vart ført ei mellombels stadfesting av hanseatarane sine privilegiar. Det var under dette møtet at hanseatarane skulda Olav Nilsson for å ha drevet med sjørøveri.¹³² Endeleg stadfesting av dei hanseatiske privilegiene i Bergen skjedde ikkje før i 1498.¹³³ Under møtet i 1486 kom tyskarane til eit forlik med Biskop Torleivs nærmaste arvingar og betalte ei skadebot på 800 mark, mens det derimot ikkje vart noko forlik med Olav Nilssons arvingar.¹³⁴ Kongen skreiv til Lübeck alt eit par dagar etter recessen og kravde oppreising for hendingane i 1455, men dei viste seg lite villige til å gje etter for desse krava.¹³⁵

I 1490 blei kongen einig med Aksel Olavsson om deling av bota som tyskarane skulle betale for hendingane i 1455 mens Aksel aktivt førte kaperkrig mot dei.¹³⁶ Arvingane til Olav Nilsson fekk no under kong Hans regjeringstid, kongens ryggdekking i kapringane som dei førte mot hanseatarane. Situasjonen mellom kongen og hanseatarane vart meir spent, og det vart vedtatt under eit møte i Lübeck i 1485, at Bergensfararane skulle

¹²⁶ Hamre, Lars 1971, s. 75

¹²⁷ Albrechtsen, Esben 1997. s. 268-275. Hamre, Lars 1971. s. 96-97

¹²⁸ Hamre, Lars 1971. s. 234-235

¹²⁹ Albrechtsen, Esben 1997, s. 272

¹³⁰ Hamre, Lars 1971, s. 96. Albrechtsen, Esben 1997, s. 270.

¹³¹ NGL 2.rk 3.bd, nr. 1, Punkt 40

¹³² DN XVI nr. 291: brevet frå 1486 om hendingane i 1455 sett frå Lybsk side

¹³³ Hamre, Lars 1971, s. 100

¹³⁴ Hamre, Lars 1971, s. 99

¹³⁵ Hamre, Lars 1971. s. 98

¹³⁶ DN II, nr. 958. Tidlegare forhandling i DN II, nr. 943, to år tidlegare, om at kongen skulle ha 1/3 av bota, men dette vart justert i 1490 til at kongen skulle ha halvparten, noko som dei blei einige om.

segla i konvoi for å beskytte seg mot kapring.¹³⁷ Lars Hamre nemnar at det samstundes synast at tilhøvet mellom hanseatarane og riksrådet vart betre i desse åra sidan hanseatarane framleis var viktige som kornimportørar og som fiskeeksportørar.¹³⁸

Kong Hans si regjeringstid var mykje prega av konfrontasjonar med dei vendiske byane. I tillegg til å alliera seg med England og Nederland, allierte han seg også med Ivan III av Novgorod. Dette var eit viktig trekk mot hanseatarane der Ivan III førte ein ekspansjonspolitikk i Østersjøen. Denne alliansen irriterte også svenskane der Sten Sture hadde mykje konfliktar med Novgorod. Det gav kong Hans eit fotfeste både unionspolitiske og i konflikten med hanseatarane.¹³⁹ Om han skulle hamne i strid med Sverige, så kunne han få hjelp frå russarane som så kunne true Sverige i ryggen. Seinare klarte likevel Sverige å få til ein venskapsavtale med Ivan III.

Aktørane

Etter Olav Nilssons død sat kona hans, Elise Eskildsdatter, igjen som enke og var den første som forsøkte å få erstatning for drapa og røvinga av familiegodset. I ettertid har ho blitt framstilt som ei som hadde ei aktiv rolle i Olav Nilssons verksemد på sjøen der Bergens fundas og tyske krøniker skriv at ho hadde eit eget skip som ho nytta til å arrestera utanlandske skip.¹⁴⁰ I samtidas kjeldemateriale er det derimot ingenting som tydar på at ho skal ha hatt ei aktiv rolle imannens verksemد på sjøen. Det ein derimot finn, er at ho forsøkte å få erstatning for drapa i 1455 og å få tilbakeført gods som kort tid etter dette var blitt røva i frå ho. Ho hadde derfor ei aktiv rolle først etter drapa gjennom sine klagebrev, men noko rolle på sjøen er det ingenting som tydar på at ho hadde. Ein annan som engasjerte seg i saken var Paven som kravde kyrkjestraffer mot gjerningsmennene på grunn av drapa på biskop Torleiv og 60 andre geistlege. Han let biskopen i Lübeck få ansvar for å sette domen i verk, men det vart berre gjort i liten grad og dei nærmeste slektningane til Torleiv fekk erstatninga først i 1488.¹⁴¹

For å få løyve til å nytta seg av kapring, for å få tilbake det ein meinte at ein hadde rett på, måtte ein etter praksis først nytte seg av «fredelege metodar», dvs. diplomatiske løysningar,¹⁴² og det var nettopp dette Elise forsøkte å nytte seg av i byrjinga. Mindre enn ein månad etter hendingane i 1455, klaga Elise Eskildsdatter til rådet i Lübeck på drapa i Munkeliv kloster og bad om å få tilbake røva gods, og så bad ho også om hjelp til å få dei skuldige til å betala bot for ugjerningane. Ho er tydeleg sint i brevet sitt og skriv mellom anna: «och sier thet meneghe almuen i landdet at aldri var giort so ynkeleghet mord i Norghe och tror iæk thet at krestne mæn gjorde aldri sodant mord». ¹⁴³ Ho har tydelegvis også klaga til kongen sidan kong Kristian I beordra dei tyske formennene på kontoret i Bergen til, året etter, å levere tilbake fire kister som var tatt ifrå ho. Ho fekk desse tilbake, men ho fekk ikkje nokon skadebot.¹⁴⁴ Kong Kristian viste liten vilje til å legge noko meir press på hanseatarane for å få dei til å betala nokon bot. Den manglande støtta frå kongen var grunnen til at arvingane etter Olav Nilsson førte kapringar mot hanseatiske skip. Slik privat verksemđ var ikkje uvanleg i mellomalderen når fornærmande ikkje fekk den erstatninga dei meinte at dei hadde krav på. Slik

¹³⁷ Hamre, Lars 1971, s. 99. «Bergensfararane» var namnet på dei hanseatarane som segla til og frå Bergen.

¹³⁸ Hamre, Lars 1971, s. 101

¹³⁹ Hamre, Lars 1971, s. 105-106

¹⁴⁰ Bergens fundas s. 59-60. Forfattaren skriv at ho drog ut i vågen med sine folk der ho «haffuer andtastidt og plustridit» mot tyske skip når ho såg at dei var ferdiglasta.

¹⁴¹ Koht, Halvdan, NBL 1949, s. 404

¹⁴² Heebøll-Holm, Thomas, s. 135

¹⁴³ DN III, nr. 830

¹⁴⁴ DN VI, nr. 552

verksemdu kravde også god støtte, spesielt når ein skulle kapre skip frå det mektige hansaveldet, noko eg kjem tilbake til. Å kapre for å ta tilbake noko som har blitt røva, omtalar me som represaliar.¹⁴⁵

Represaliar var berre lovleg når den var autorisert av den høgste styresmakta, altså kongen i dette tilfellet, men som Thomas Heebøll-Holm (2013) nemnar, så var dette mest eit ønskeleg prinsipp mens det ikkje alltid var tilfelle i praksis: «the mariners often seemed to take matters into their own hands rather than wait for royal authorisation».¹⁴⁶ Elise fekk støtte frå kongen til å krevje tilbake verdiar som var tatt, men han gav ikkje nokon vidare støtte utover dette. Det var derfor denne ueinigheita som førte til at kapringane som Olav og Elise sine born utførte, skjedde utan kongens samtykke. Første gong dei byrja med å kapre hanseatiske skip, var i åra 1463-1465.¹⁴⁷ Truleg var det Aksel Olavsson, Olav og Elises yngste son, som stod bak desse kapringane.¹⁴⁸ Etter dette stogga kapringane og det blei på nytt forsøkt med diplomatisk løysning. I 1477 framføra Aksel Olavsson ei rekke klagepunkt til kongen på tyske kjøpmenn i Bergen og på drapa og røvingane i 1455.¹⁴⁹ Han fekk også støtte frå det norske riksrådet som viste til desse hendingane som alvorleg brot på landfreden under styringa til Kristian I.¹⁵⁰

Når Hans blei konge i 1483 lova han å sørge for at hanseataraane skulle betala bot for hendingane og han autoriserte kapringar mot hanseataraane mens han inngjekk avtale med Aksel. Arvingane fekk dermed kongens si støtte i saka si mot Lübeck. I denne perioden skal Aksel ha engasjert kaperkapteinane Bertram Höike og Jacob Heninghusen til å feide mot Lübeck.¹⁵¹ Slike kaperkapteinar kan sjåast på som maritime leigesoldatar og fekk løn for arbeidet i form av at dei fekk del av kapergodset. Året etter, altså i 1491, klarte desse å presse Lübeck til å komme til eit forlik der Lübeck betalte ein bot på 7000 mark.¹⁵² Like etter dette forliket byrja systeran, Magdalena, å feide mot hanseatiske skip og engasjerte, i følgje Mike Burkhardt (2009), dei same kaperkapteinane Bertram Höike, Jacob og Henrik Heninghusen.¹⁵³ Det er noko vanskeleg å seie sikkert kven som var involvert i kaperverksemdu mot hanseataraane på 1490-talet då det dreia seg om mange aktørar. Ut på 1500-talet tok Magdalena sin son, Niels Brahe, opp att kaperverksemdu mot Lübeck og klarte i 1513 å tilbakeføre dei siste klenodianane som var tatt ifrå Olav og Elise. Etter dette kan eg ikkje sjå at det var nokre fleire feidar mellom denne slekta og hanseataraane i høve hendingane i 1455.

Privat krigføring eller organisert aktivitet med sterke støttespelarar?

Terje Bratberg hevdar at Elise, saman med sine barn, starta ein privat feide mot tyskarane og at det var noko ho som adeleg hadde rett til.¹⁵⁴ Thomas Heebøll-Holm har sett på franske adelege sine private økonomiske krigføringar på 1200-1300-talet som

¹⁴⁵ Som tidlegare nemnd. Sjå også: Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 137

¹⁴⁶ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 136

¹⁴⁷ Koht, Halvdan, «Olav Nilsson». Norsk biografisk leksikon, Bd. 10. 1949. s. 404-405. Thorvald Emil Berntsen skriv at han er i tvil om Olav Olavsson eigentleg var ein verkeleg person i: Berntsen, Thv. «Elise Eskildsdatter», NBL 1926, s. 504-505

¹⁴⁸ Halvdan Koht skriv at kapringane desse åra vart utført av Olav Nilssons eldste son: Olav Olavsson, som seinare døydde i eit forlis i 1465, men truleg har Olav Olavsson aldri eksistert.

¹⁴⁹ DN VII, nr. 483. Hanseatisk gjengiving. Aksel Olavsson verkar no å vere famileoverhovudet.

¹⁵⁰ Hamre, Lars 1971, s. 75.

¹⁵¹ Burkhardt, Mike. «Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter», Böhlau Verlag Köln Weimar 2009, s. 163

¹⁵² Hansarecesse III, 2, Nr. 446. Gjenngitt i: Burkhardt, Mike 2009, s. 163. Også nemnd i Benedictow, Ole-Jørgen 1977, s. 237.

¹⁵³ Burkhardt, Mike 2009, s. 164

¹⁵⁴ Bratberg, Terje. NBL.SNL.no, 2009

mobiliserte maritime krefter i tillegg til militære krefter på land. Som med desse private krigane på land, var ikkje privat maritim krigføring ulovleg.¹⁵⁵ I desse tilfella som Thomas Heebøll-Holm har undersøkt, var det ved sidan av krigføringa på land, snakk om å mobilisere maritime krefter mot piratar og at det var sanksjonering for å forsvare handelsskipa sine. I desse døma hadde dei adelege fått kongen si godkjenning og ryggdekning til å utføre denne verksemda. Statsoverhovud godtok ofte slik sanksjonering sidan dei godtok retten til represalie for å forsvare interessene sine.¹⁵⁶ I høve Olav sine arvingar, så førte dei først uautoriserte kapringar i fleire år før dei fekk autorisasjon frå kong Hans. Å føre kaperkrig var derfor berre lov når ein hadde autorisasjon til dette, men som tidlegare nemnd, så var uautoriserte represaliar ikkje uvanleg. Eg skal vidare sjå på om verksemda var heilt privat, både under Kristian I og under Hans sine regjeringsperiodar.

Det var ikkje nokon lov som forbodde «sjørøveri», men det var rekna som forbode dersom man hadde fått ein autorisasjon for dette. Emily Sohmer-Tai nemnar at skiljet mellom sanksjonert og ikkje-sanksjonert kaperverksemdu ikkje var klart definert før i tidleg nytid.¹⁵⁷ På denne måten kan ein tolka det som at det var fritt fram for å røve den ein ville så lenge ein hadde autorisasjon til det.

Problemet med å utføre slik verksemdu var at sjølv om ikkje lovverk gav noko klart svar på kva som var lovleg og kva som ikkje var lovleg å gjere i forbindelse med maritim vald, så var det statens øvste organ (I nokre tilfelle det øvste rådet i ein hamneby) som utgjorde lova i dette tilfellet. Med dette meiner eg at kongen, fyrsten, byrådet eller andre som utgjorde det øvste organet, bestemte kva ein godtok og kva ein ikkje godtok. Sjølv om ein fritt kunne samle mannskap og skip (viss ein hadde ressursar til det) og byrje å kapre andre skip, så måtte ein ofte rekna med å måtte betale ein høg pris for dette i form av motrepresaliar dersom ein ikkje hadde nok støtte til sjøs og på land. Emily Sohmer-Tai (2012) skriv i ein artikkel om konfliktar mellom England og Spania: «In the monarchies of England, Catalonia-Aragon, and Castile-Leon, admirals and other corsair captains who had received such authorization enjoyed varying degrees of judicial authority. Pirates, who lacked such authorization, meanwhile faced capital penalties.»¹⁵⁸

Viss arvingane etter Olav Nilsson førte privat krigføring mot hansaveldet, så kan ein rekne med at dei måtte betale ein høg pris for dette i form av motsanksjonar. Slik som i kapringane mellom England og Spania, så er det sannsynleg at også kongen kunne gripe inn og straffe kaprarane dersom han fekk høve til det. På sjøen var det likevel hanseataraane som var farlegast. Hanseataraane var i stand til å engasjere sterke militære krefter og slå hardt ned på motstandarar, slik som i tilfella med vitalieangrepa i Bergen og hendingane i 1455. Når dette ikkje skjedde mot Olav sine arvingar, til trass for deira langvarige kaperkrig mot hanseatiske skip, må ein rekne med at dei hadde ein god organisasjon og sterke allierte. Thomas Heebøll-Holm skriv det slik:

«Sjørøveri/kapring var aldri ein isolert handling. Det var ikkje noko poeng i å kapre skip viss ein ikkje kunne selje kapergodset vidare. Alle kaprarar trøng derfor trygge baser å operere ifrå. Med andre ord så trøng dei allierte på land og eit nettverk som kunne kjøpe og distribuere godset og gi ein viss beskyttelse til kaprarane. Kapring kan aldri bli sett på som reine maritime operasjonar, men som ein del av den landbaserte verda. Det var på

¹⁵⁵ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 25

¹⁵⁶ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 25

¹⁵⁷ Sohmer-Tai, Emily, «The legal status of piracy in medieval Europe», *History Compass* 10/11 (2012), s. 839

¹⁵⁸ Sohmer-Tai, Emily 2012, s. 839

land dei rekrutterte mannskap og skip. Det var frå trygge hamner dei segla ut ifrå og returnerte til for å selje gods og på denne måten få ein profit for verksemda.»¹⁵⁹

Dei trengte også ein base der dei kunne vedlikehalde og reparere skipa sine. Dette blir også påpeika av Susan Rose som skriv at skip heile tida trøng reparasjonar og vedlikehald, noko som kravde mange arbeidarar på land. Vidare, for å kunne ha ein effektiv organisasjon, så trøng dei trygge basar for forsyningar og kontaktar på land med eit godt handelsnettverk.¹⁶⁰ John C. Appleby forklarar forhaldet på denne måten:

«The ambivalent character of relations between pirates, their victims and supporters created a peculiar form of enterprise, involving the illicit redistribution of wealth, often on an extensive scale, that required trade, safe bases and markets for its effective operation. in these circumstances, piracy as a form of seaborne outlawry took on the appearance of an entrepreneurial, as much as a criminal, venture». ¹⁶¹

Mot hansaveldet var dei avhengig av mektige allierte for beskyttelse mot represaliar, og når denne allierte ikkje var kong Kristian, så må ein derfor sjå andre stader. Mitt forslag er at dei kan ha fått den støtta dei trøng frå Sverige, og at det kan ha skjedd tidleg.

Første gong ein hører at Olav Nilssons arvingar kaprar hanseatiske skip, var på 1460-talet, men på same tid var det også andre som gjorde dette. Allereie på 1450-talet, mens Olav Nilsson framleis var i live, kan ein i hanseatiske kjelder sjå tyske klager på menn som kapra hanseatiske skip. Blant dei nemnde mennene var kong Kristians bror: Grev Gert av Oldenburg, høvedsmann på Gotland: Olav Axelsson, og høvedsmann på Elvsborg: Nils Petersson.¹⁶² Sekretæren på kontoret i Bergen, van den Gehre, antyda ved eit tilfelle at Nils Petersson var son av bror til Olav Nilsson,¹⁶³ men det er uvisst om dette stemmer. Høvedsmannen på Gotland: Olav Axelsson, saman med bror sin Ivar Axelsson, hadde store len i mellom anna Skåne, der både Aksel Olavsson, syster Magdalena og seinare mora, Elise Eskildsdatter held til mens dei kapra mot hanseatarane. Olav og Ivar, som var to av brørne frå dei kjende «Axelssonbrørne» frå Tott-slekta, dreiv med omfattande kaperverksemd mot hanseatiske skip på 1450-60-talet saman med Magnus Gren (kjend i Noreg som høvedsmann i Bergen dei åra Olav Nilsson var avsett).¹⁶⁴ Axelssonssbrørne støtta Karl Knutsson som konge på 1460-talet og Ivar vart dessutan gift med dottera hans i 1466. Brørne forsøkte lenge med ein balansepolitikk der dei ønska å sette inn Karl som konge igjen samstundes som dei forsøkte å halde oppe eit godt tilhøve til kong Kristian. Dette gjekk ikkje i lengda og Kristian braut med Axelssonsbrørne i 1467 og tok lena dei hadde i Danmark inn under krona sidan han rekna dei som støttespelarar til Karl Knutsson.¹⁶⁵ At Elise mista lenet sitt i Noreg og flytta til dottera si i Skåne i 1468, tydar på at Kristian frykta at også ho og familien hennar var Karl sine støttespelarar, slik som Terje Brattberg hevda. I 1469 oppheva han også krava deira mot hanseatarane.

Det som gjer det sannsynleg at Olavs arvingar hadde mektige støttespelarar i Sverige er nettopp at dei held til i Skåne, der dei med god sannsyn kunne ha funnet beskyttelse frå mektige aktørar, og med hamnar som var villige til å ta imot kapra hanseatisk gods. Det ser også ut til at dei dreiv med kaperverksemda si for det meste i Østersjøen.¹⁶⁶ Hanseatarane, som var alliert med kong Kristian, utøvde fleire gonger handelsblokade

¹⁵⁹ Heebøll-Holm, Thomas 2013, s. 12. Omsett her av meg frå engelsk til norsk

¹⁶⁰ Rose, Susan 2002. s. 6

¹⁶¹ Appleby, John C. 2009 s. 149

¹⁶² Hansarecesse 2 Abt. 4.bd, nr. 338, 348 og 407. Gjengitt i Nedkvitne 1992, s. 239

¹⁶³ Nedkvitne 1992, s. 240, Henviser til: «Gehres Krønike»

¹⁶⁴ Hamre, Lars 1971, s. 6

¹⁶⁵ Hamre, Lars 1971, s. 6, Albrechtsen, Esben 1997, s. 217

¹⁶⁶ Hamre, Lars 1971, s. 100

mot Sverige, så kapervarer frå hanseatiske skip, spesielt salt til skånesilda, var kjærkommen. John C. Appleby forklarar, med utgangspunkt i forhalda i England, at sjørøveri kunne vere eit stort problem for kongen når lokalbefolkinga var svært villig til å handle ulovlege varer sidan dei var billige.¹⁶⁷ Med handelsblokade mot Sverige, vil eg derfor anta at viktige, mangelfulle varer som salt, vart tatt godt i mot.

Gjennom mor si, Elise, hadde familien kontaktar i Sverige og dei arva også gods frå tanta si, Anna, i Norrköping.¹⁶⁸ Dottera til Elise, Magdalena, var gift med Nils Pedersen Brahe¹⁶⁹. Sverige var veldig splitta mellom dei som støtta Karl Knutsson og dei som støtta Kristian I. Det er uvisst kven Nils Pedersen Brahe hadde som støttespelarar og allierte, men han hadde len i Skåne og heldt til der. Det var hos han og Magdalena at Elise flytta inn til då ho mista lenet sitt i Ryfylket og ikkje lenger var rekna som ven av Kristian, så ein kan i det minste ikkje rekna Nils som ein av Kristians lojale støttespelarar.

Den nemnde store maktfaktoren i Sverige, Axelssonsbrørne, var sonene til Axel Petersson og hadde enorm makt i Sverige på denne tida og dei samarbeida dessutan tett med kvarandre. Dei eigde store len og Olav Axelsson eigde mellom anna heile Gotland, mens Ivar hadde len i Blekinge og Skåne. Ivar overtok dessutan Olav Axelsson sine len etter at sistnemnde døydde i 1464.¹⁷⁰ Ein annan bror, Åge, sat i Varberg og eigde len i Nørrehalland, Sønderhalland, Västergötaland og Småland. Ein siste bror, som eg vil nemne her, er Erik som hadde len i Södermanland og store len i Finland. Salomon Kraft har hevda at Karl Knutssons regjeringstid i Sverige var eit «konungadöme av Axelssonarnas nåde», mens Esben Albrechtsen skriv at brørne var «en privat adelsmagt som næppe før er set i Norden».¹⁷¹ Når Olav Nilssons born ikkje fekk den nødvendige ryggdekninga frå kong Kristian, så kan dei ha fått meir enn nok ryggdekning i Sverige, om dei sökte det.

Kaperkrig under kong Hans si regjeringstid

Kong Hans vart hylla som norsk konge i 1483 og skulle snart vise seg å vere ein sterkt alliansepartner for borna til Olav Nilsson. Som nemnd, inngjekk Aksel ein avtale med kong Hans om deling av byttet og der Aksel fekk autoritet til å kapre hanseatiske skip. Interessant nok måtte han også gå med på eit krav der han måtte stille alt godset han eigde i Noreg og Danmark til disposisjon for kongen som ein garanti for å halde kongens undersåttar og andre i kongens leide skadefri. I brevet lovar Aksel følgjande: «jeg weel oc skall holde hans nade aldelis skadeløss fore alle them som hans nades leyde haffue oc thesligest hans nades vndersatte fore all then deell som the myste nw jeg wor i siøen aff meg myne thienere oc selschab oc fore alle them som hans nade i swo made kan medh rette tiltale».¹⁷² Kongen kunne pantsette Aksels eigendomar for å betale erstatning til dei av hans undersåttar som hadde lidd skade av Aksels kapringar. Skade på kongens undersåttar kan ein tenka seg kunne ha skjedd på ulike måtar. Anten kunne feil skip ha blitt kapra, med vilje eller med uhell av kaperkapteinane, andre sivile på land kan ha blitt ramma eller at hanseatiske skip kan ha hatt mannskap frå Norden som vart råka under eit angrep som var meint til å skade hanseatarar. Som me skal sjå, kan det sjå ut til at

¹⁶⁷ Appleby, John C. 2009. s. 157-158

¹⁶⁸ DN XVI nr. 281

¹⁶⁹ Desse var foreldra til nemnde Niels Brahe som kapra mot Lübeck utpå 1500-talet og tilbakeførte dei siste klenodiane som hadde høyr til besteforeldra hans.

¹⁷⁰ Albrechtsen, Esben 1997, s. 216

¹⁷¹ Hamre, Lars 1971, s. 6, Henviser til: Kraft, Salomon, «Sveriges historie» 3:2, s. 122. Sjå også: Albrechtsen, Esben 1997, s. 217

¹⁷² DN II nr. 961. Partane blir einige om ein bot på 7000 mark

innleigde kaperkapteinar kan ha tatt seg nokre friheiter som gjekk utover andre enn dei som var målet. Det var ikkje Aksel sjølv som var kaptein på nokre av skipa sine, men innleigde kaperkapteinar som dei berykta Bertram Höike og Jacob Heninghusen. Desse kapra på vegne av Aksel i omrent eitt år før dei kom til eit forlik med Lübeck den 30. Juli 1491¹⁷³. Kva som skjedde etter dette er meir usikkert. Søstera Magdalena, skal ifølge hanseatiske kjelder ha «erklært» feide mot dei vendiske byane den 29. Juli 1491, altså dagen før forliket vart fastsett, tydeleg ikkje nøgd med beløpet som vart betalt frå Lübeck.¹⁷⁴ Bertram Höike, kapra no på vegne av Magdalena, men kong Hans synast at det gjekk for vidt¹⁷⁵ då Höike i tillegg til å kapre hanseatiske skip, også under eit raid nær Helsingør skal ha tatt sild frå danske fiskarar og også gått i land og tatt storfe.¹⁷⁶ Truleg var det slikt kong Hans forsøkte å forhindre når han kravde garanti frå Aksel for å erstatte skadar på kongens undersåttar. Ingenting tydar på at han hadde ein liknande avtale med Magdalena. Bertram Höike skal i 1491 ha blitt tatt til fange ved hjelp av «danske skip» ifølge ein krønike frå Danzig.¹⁷⁷ Dersom danske skip gav hjelp til å fange Höike, sannsynlegger det at han skal ha gjort skade på kongens undersåttar. Samstundes er ikkje desse kjeldene heilt nøytrale og kan ha framstilt Höike som ein fiende av alle utan at dette nødvendigvis var tilfellet. Det enda uansett med at han vart tatt til fange og avretta av hanseatarane den 22. September 1491.¹⁷⁸

Bertram Höike var derimot ikkje den einaste kaptein som Magdalena hadde engasjert, ifølge hanseatiske kjelder. Jacob Heninghusen og bror hans, Henrik, skal ha fortsett å kapre hanseatiske skip og dratt det så langt at hanseatarane engasjerte eigne «fredsskip». Med fredsskip, meiner ein militære motangrep på sjøen, lik ein kontrarepresalie og er kort fortalt: bruk av maritim vald mot maritim vald. Om alle desse nemnde kapteinane kapra på vegne av Magdalena, kan ikkje seiast heilt sikkert. Ho var ikkje den einaste som dreiv kaperverksemrd mot hanseatiske skip på denne tida.¹⁷⁹ Det var først Lübeck som ønska å nyta seg av fredsskip, mens dei andre vendiske byane var nølande i byrjinga. Grunnen til dette var at slike aksjonar var kostbare samstundes som dei frykta ein open krig med kong Hans. Etter kvart vart det likevel sendt ut fredsskip som opererte for det meste i den vestlege delen av Østersjøen og etter 1493, er det veldig lite rapportar om kapring av hanseatiske skip i dette området, noko som tydar på at tiltaket med fredsskip var ein suksess.¹⁸⁰ Det kan også vere sannsynleg at vennskapet mellom Sverige og dei vendiske byane frå 1492, og framover til ein open allianse i 1494, kan ha komplisert verksemda for Magdalena som heldt til i Skåne.

Frå om lag 1493 og utover høyrer ein ikkje om at arvingane driv med noko kapring før Niels Brahes og Magdalenas son: Niels Brahe, gjorde krav på dei siste klenodiane til besteforeldrane Elise og Olav i 1513. Då var det gått nesten 60 år etter hendingane i Bergen.

Kaperverksemda til Aksel og Magdalena, som er represaliar, kan seiast å ha vært private, men med kongeleg autorisasjon etter at dei får det av kong Hans. Under Kristian I ført dei ein privat krig utan kongens autorisasjon, men som nemnd kan dei ha fått støtte via nettverk i Sverige. Det er interessant at kong Hans kunne akseptere, og til dels

¹⁷³ Hansarecesse III, 2, Nr. 446.

¹⁷⁴ Hansarecesse III, 2, Nr. 445

¹⁷⁵ Hamre, Lars 1971, s. 100. Lars Hamre hevdar at: «Kongen og det norske riksrådet synast at det gjekk for vidt». «Riksrådet bad kongen om å få slutt på sjørøvinga».

¹⁷⁶ Burkhardt, Mike 2009, s. 163

¹⁷⁷ Weinreich, Caspar, «Danziger chronik», s. 787. Gjenngitt av Burkhardt, Mike. s. 164

¹⁷⁸ Ditto

¹⁷⁹ Benedictow, Ole-Jørgen 1977, s. 236-239. Nemnar Henrik Krummedike og kong Hans som aktørar mot dei vendiske byane.

¹⁸⁰ Burkhardt, Mike, s. 164. Frå: Hansarecesse III, 3, nr. 41, 63, 69 og 228.

oppmuntre til maritim vald mot skip frå ein annan stat når dei ikkje var i krig. Emily Sohmer-Tai forklarar dette med at under og mellom krigføringar kunne politisk sanksjonert verksemd på sjøen fungera som ein erstatning for «erklært krig» i mellomalderen, som ein måte å råka motstandaren økonomisk.¹⁸¹ Sjølv om maritime sanksjonar ofte skjedde i samanheng med krigføring på land, var dei også to heilt forskjellige ting og var også vanleg utan at statane offisielt var i krig med kvarandre. C.J. Ford (1979) kallar dette for «ikkje-erklært maritim krig» og kunne førekomme i fredstid mellom to fiendtlege statar. England og Frankrike var mykje i krig med kvarandre på 1300- og 1400-talet, men hadde også periodar med fred. I desse fredsperiodane var det likevel maritime proxy-krigar med intens kapring av kvarandre sine skip.¹⁸²

Utpå 1500-talet skulle det komme til meir strid mot både Sverige og Lübeck. Lars Hamre skriv at i unionsstridane etter 1501, så viste kong Hans ei heilt ny side ved seg sjølv. «Han hadde tidlegare vist seig vilje, diplomatisk kløkt og stor evne til å vente på det laglege tidspunktet. Under unionsstridane verka han hissig, pågåande og det var slutt på å bruke diplomatiske midlar». ¹⁸³ I tillegg til eit dårlegare forhold til Sverige, dukka det også opp nye problem i tilhøvet mellom Lübeck og den danske regjeringa. Etter at Lübeck hadde nekta å gå med på å føre handelsblokade mot Sverige i 1502, byrja kongen igjen å dele ut kaperbrev for å legge press på Lübeck og i dei pågåande åra var partane nær open krig. Den viktigaste grunnen til at det ikkje blei krig på dette tidspunktet er kanskje, I følgje Lars Hamre (1971), innsatsen til den pavelege legaten Raimund Peraudi. Han var paveleg nautius og kollektor i Tyskland og i Norden og var derfor interessert i fred mellom partane,¹⁸⁴ men i beste fall klarte han berre å utsette striden. I tilhøvet mellom Danmark og Sverige kom det til ein ny strid i 1505 og igjen forsøkte kongen å presse Lübeck til å føre ein handelsblokade mot Sverige, noko han lukkast med då Lübeck forsøkte å unngå strid mot Danmark. Dei hadde nemleg ikkje mykje stønad frå andre nord-tyske byar sidan kong Hans sjølv hadde venskap og slektskap med fleire fyrmaster i nord-Tyskland. Det kom til ein fred mellom Danmark og Sverige i 1509 då sistnemnde hadde lidd under krigen og blokaden med stor mangel på salt og humle.¹⁸⁵ For Lübeck var det stor bekymring over aukande nederlandsk skipsfart gjennom Øresund, men også det påtvinga handelsbrotet med Sverige samt at kong Hans hadde, forhandla fram at danske orlogsskip hadde rett til å stanse og visitere alle skip frå Lübeck, noko som var problematisk og gjorde Danmark til ein stor maktfaktor. Når dei lynte ut krig mot Danmark i 1510 så var det ein kamp om herredøme over den baltiske handelen.¹⁸⁶ Denne krigen skulle stort sett bli utkjempa på sjøen. Lübeck hadde framleis ikkje mykje stønad frå andre hanseatiske byar og fekk berre med seg Rostock, Wismar og Stralsund. Dei andre byane heldt seg nøytrale, men Lübeck fekk også til ein allianse med Sverige. På dette tidspunktet var det framleis ikkje vanleg med skip som berre skulle tene krigsformål. Det mest vanlege var å nytte seg av skip som i fredstid hadde andre formål, slik som handelsskip, men som i krigstid vart utstyrt med krigsmateriell. Dei siste tiåra hadde derimot vært veldig urolege og ført til at ganske mange handelsskip, spesielt hanseatiske, var allereie utstyrt med våpen og mannskap.¹⁸⁷ Derfor hadde Lübeck, i byringa, ein fordel med sin store handelsflåte, mens Danmark var ganske underlegne. Kong Hans klarte likevel utover i krigen å gjere seg til ein verdig

¹⁸¹ Sohmer-Tai, Emily 2012, s. 838

¹⁸² Ford, J.C., «Piracy or policy: The crisis in the Channel, 1400–1403», «Transactions of the Royal Historical Society», Serie 5, 1979. s. 63-78

¹⁸³ Hamre, Lars 1971. s. 147

¹⁸⁴ Hamre, Lars 1971. s. 148

¹⁸⁵ Hamre, Lars 1971. s. 149

¹⁸⁶ Hamre, Lars 1971. s. 150

¹⁸⁷ Hamre, Lars 1971. s. 150-152

motstandar for Lübeck ved på ny å gje ut kaperbrev.¹⁸⁸ Fordelen med kaperbrev var at dei kunne lokke til seg aktørar utanfor landegrensene til å kjempe for si side, slik som me har sett med dei nord-tyske aktørane Jacob Heninghusen og Bertram Höike som kapra på vegne av Aksel og Magdalena mot Lübeck på 1490-talet. I tillegg bygga kong Hans opp ein sterk dansk orlogsflåte som var den første statsbygde orlogsflåten i Nord-Europa.¹⁸⁹ Det som er interessant med dette, er at den maritime valden ikkje lenger berre vart utført av private. Grunnen til at han brukte store ressursar på å bygge opp ein statleg flåtestyrke, kan vere for å ha ein flåte som var meir lojal og som ikkje fortsette å kapre når dei ikkje lenger hadde autorisasjon til det. Som me har sett, så kunne kaperkapteinar gå sine eigne vegar. Då var det enklare å kontrollere ein statleg flåte som var leia av kongelojale menn.

Maritime taktikkar var på dette tidspunktet framleis primitive og dei same mennene var ofte leiarar både på sjøen og på land. Likevel var det nokre aktørar som skulle gjere seg gjeldande i denne krigen, slik som Henrik Krummedike. Andre viktige aktørar i denne krigen, som også seinare skulle gjere seg gjeldande i strid og i unionspolitikk var Søren Nordby, Eske Bille og Tyge Krabbe.¹⁹⁰ Kong Hans lukkast godt med tiltaka med å bygge opp ein orlogsflåte og å sende ut store mengder med kaperbrev og det kom til ein fredsavtale i Malmø mellom Danmark og Lübeck den 23. april 1512. Lübeck gjekk med på å betale krigserstatning, noko som kan tyde på at dei såg på krigen som tapt. I tillegg forplikta dei seg til å presse Sverige med handelsblokadar om ikkje Sverige retta seg etter traktatforpliktingane.¹⁹¹ Kong Hans hadde lukkast med sitt mål: Lübeck var ikkje lenger eieherre i Østersjøen, og han kunne fortsette med å utvikle handelen og næringslivet i Norden. Det er uvisst kor mykje Niels Brahe kapra mot hanseatarane på dette tidspunktet, men sannsynlegvis måtte han helde seg i bakgrunnen dei åra Sverige og Lübeck var allierte. At han fekk tilbake dei siste klenodiane i 1513, altså året etter fredsavtalen, tydar på at han måtte vente til etter krigen med å få tilbakeført desse.

Konklusjon

Olav Nilsson sine arvingar fekk vanskar med å få det dei meinte at dei hadde krav på frå hanseatarane då Kristian I var i ein situasjon der han i første rekke måtte prioritere venskap med hanseatarane. Som einaste effektive tiltak førte derfor arvingane ein kaperverksemnd for å ta det dei ville ha med makt, når tingimar og klager ikkje førte fram. Situasjonen endra seg når Hans blir konge då dei hadde felles interesser for å råke hanseatarane i ein økonomisk krigføring. Kong Hans ønskte å bygge opp handelen og næringslivet i unionen og måtte derfor svekke hanseatarane si mektige stilling i Østersjøen. Ikkje uventa førte det til mange konfliktar mellom desse partane og han hadde dessutan mykje konflikt med Sverige og problem med opprør i Noreg. 1500-talet var derfor regjeringsperioden hans mykje prega av konflikt, men unionspolitisk og handelspolitisk vant han meir enn han tapte.

I seinmellomalderen var det ønskeleg å forsøke med fredelege løysningar for å få noko ein meinte at ein hadde krav på. Dersom dette ikkje førte fram var det ikkje uvanleg å ta dette ved hjelp av maktbruk, som represaliar. Dette var derfor eit legitimt verktøy ein nyttar seg av dersom ein hadde autorisasjon til dette, noko ein kunne få frå statsoverhovudet. Som me har sett, var det heller ikkje uvanleg med uautoriserte

¹⁸⁸ Hamre, Lars 1971. s. 150

¹⁸⁹ Hamre, Lars 1971. s. 152

¹⁹⁰ Hamre, Lars 1971. s. 152-153

¹⁹¹ Hamre, Lars 1971. s. 153

represaliar, noko som skjedde i dette tilfellet når Elise og borna hennar ikkje fekk den støtta dei ønska frå kongen.

Eg hevdar likevel at deira verksemder ikkje var heilt privat sidan dette ville ha vært svært vanskeleg for ein liten enkeltfamilie utan annan støtte. Sjølve initiativet kan sjåast på som privat, men at dei kan ha samarbeide med svenske aktørar. Sannsynlegvis slutta dei seg til den eksisterande kaperverksemda som enkelte svenske adelsfolk dreiv med mot hanseatarane, på same tid som dei sjølv gjorde det. At dei for det meste kapra i Østersjøen på 1460-talet, verkar mistenkeleg samkjørt med verksemda til mellom anna Axelssonbrørne. Familien fortsett framleis, i samarbeid med det norske riksrådet, å mekle med kong Kristian utan at dette gav noko resultat. Kong Hans viste, allereie frå byrjinga av hans regjeringsperiode, ein vilje til å autorisere maritim vald mot hanseatarane, dvs. dei hansabyane som han ikkje allereie hadde venskap og slektskap med. Maritim krigføring, som også kunne skje sjølv om partane enda ikkje formelt var i krig, var gjennom heile seinmellomalderen ganske primitiv og var i veldig liten grad utført med statlege flåtar som kriga mot kvarandre. Den minst ressurskrevjande metoden var å gje ut kaperbrev slik at aktørane kunne komme frå alle moglege kantar og med eigne, eller delvis eigne militære ressursar.¹⁹² Når det kom til open krig mot Lübeck i 1510, var kaperverksemda i stor grad utslagsgivande for at Lübeck måtte gje opp krigføringa. Når kong Hans likevel bygger opp ein statleg dansk orlogsflåte i løpet av denne krigen ved sidan av kaperverksemda, så kan det ha vært for å kunne ha ein maritim militærmakt som følgde alle ordre og som var meir lojal og enklare å kontrollere enn det innleide kaperkapteinar var.

¹⁹² Kva som var rekna som statleg og kva som var offentleg, kjem eg kort tilbake til i neste kapittel.

«eth ont ophoff tiill all wredelighedt»

Innleiing

Sommaren 1527 segla Olav Engelbrektsson sine kapteinar: Kristoffer Trondsen, Olav Lang og Pål Jonsson saman med Vincens Lunge og Inger Ottesdotter sine folk, ut i Nordsjøen. Frå det me kjenner til, så kapra dei skip frå Skottland, England og Nederland. Å kapre skip frå så mange ulike statar samstundes, var alvorleg sidan det kunne føre til fiendskap frå mange hald på kort tid. Kan det i dette tilfellet ha vært ein spesiell baktanke bak desse handlingane? Handla kapteinane på eiga hand, og var slike handlingar vanlege?

I dette kapittelet skal eg byrje med å fortsette der eg avslutta førre kapittel og sjå på både utanriks- og innanrikspolitisk situasjon for kong Hans og kong Kristian II, fram til Fredrik I sitt styre og til hendingane i 1527, men med mest fokus på dei siste åra fram til 1527. Med dette skal eg undersøke om det kan vere nokon samanheng mellom det politiske biletet og handlingane som skjedde sommaren 1527. Eg skal vidare undersøke kva for ein respons som i ettertid kom frå dei som vart råka av angrepa, men også responsen frå kongen saman med det danske riksrådet og så den vidare responsen frå det norske riksrådet. Til slutt skal eg sjå på kva som kan ha vært føremålet med handlingane, om det var snakk om økonomisk vinning, politisk reaksjon eller spontane handlingar. Her skal eg legge vekt på spørsmålet om Kristoffer Trondsen, Olav Lang, Pål Jonsson og dei andre skipskapteinane handla på eiga hand eller om dei hadde medskuldige på land. Målet mitt er å finne ut kva som skjedde på sjøen denne sommaren i 1527, kva slags verksemld dei heldt på med og kva konsekvensar som kunne komme etter slike handlingar.

Endring av maktforholda i Norden og ein svekka adelsstand

Kong Hans sin handelspolitikk var i stor grad antihanseatisk der han godtok mykje kapring mot vendiske skip og favoriserte nederlendarar og engelskmenn i si privilegiumspolitikk. Samstundes inngjekk han forbundsfaller med Russland og England. I tilhøvet til hanseatarane hadde den ettergivande politikken blitt avløyst av ein tvangspolitikk under Hans si regjeringstid. Innanriks ønska han å bygge opp ein sterk borgarstand og då kunne han ikkje ha noko av at hanseatarane tok seg av så godt som all utanrikshandel, og til dels også innanrikshandel som i Noreg. Kong Hans si antihanseatiske politikk gjekk så langt at den gjekk lengre enn det som det norske riksrådet ønska,¹⁹³ og dei hadde, som tidlegare nemnd, kjempa i mange år for å redusere hanseatarane sitt maktgrunnlag i Noreg. Når det braut ut krig mellom unionen og Lübeck i 1510, så var det i stor grad på grunn av at kong Hans i mange år hadde motarbeida Lübeck si mektige stilling i Norden for å fremma eigen handelspolitikk, men også for å hindre nederlandsk trafikk gjennom Øresund.¹⁹⁴ Kriga varte fram til kong Hans døydde i 1513.

Allereie i 1487 vart son til kong Hans, Kristian II, hylla som etterkommar (1489 i Noreg og 1499 i Sverige).¹⁹⁵ Som visekonge i Noreg var Kristian opptatt av å redusera hanseatarane si stilling i landet. Etter at han vart konge i 1513 fokuserte han på ein sterk borgarstand der det ikkje skulle handlast med utanlandske utanfor kjøpstädane og vidareførte dermed farens politikk. Han skulle likevel gå enda vidare enn faren. Sjølv om han aldri heilt fekk gjennomført alle planane sine i Norden, skal han ifølge Albrechtsen

¹⁹³ Albrechtsen, Esben 1997, s. 273

¹⁹⁴ Albrechtsen, Esben 1997, s. 275

¹⁹⁵ Hamre, Lars 1998. s. 61

(1997), ha starta ein omformingsprosess med Nederland som førebilete der intensjonane var eit sterkt Nordisk handelsskap bygga opp kring dei store byane med København, Malmø og Stockholm som dei mest sentrale. Nordiske kjøpmenn, i fellesskap med kongen og vest-Europeiske kjøpmenn, skulle sikra seg ein vesentleg del av Østersjøhandelen.¹⁹⁶ I England og i Russland forsøkte kong Kristian å få på plass avtalar om privilegium til danske kjøpmenn som var lik dei hanseatiske privilegiane.¹⁹⁷ Innad i riket byrja han i 1521 med mykje lovendringar, med mål om ein land- og bylov, som skulle vere riksdekkande.¹⁹⁸ På denne måten kunne Kristian binde saman og få eit meir sentralisert rike der kongen hadde auka innflytelse på loven og på rettshandhevinga. Dette skulle skje i takt med bylivets utvikling.¹⁹⁹ Han støtta seg på fleire ikkje-adelege personar i krinsa si, som kjøpmannen og borgarmeisteren frå Malmø: Hans Mikkelsen. Han vart av kongen ofte nytta i forhandlingar og skal ha hatt eit talent for dette. Han var også svært medverkande i utviklinga av lovane i 1521. Den nederlandske forretningskvinnen frå Bergen: Sigbrit, var mor til Dyveke som var elskarinna til kong Kristian. Byborgaren frå Ribe: Jørgen Hansen, vart av Kristian plassert som lensmann i Bergen. Desse tre fekk posisjonar på bekostning av riksråda, som under Kristian si regjeringstid, i stor grad vart tilsidesett samanlikna med adelsstanden under tidlegare kongar.²⁰⁰

Riksråda hadde ikkje nokon framtredande rolle i nokre av dei tre rika. Mange andre adelsmenn mista sine len, som Tyge Krabbe, Henrik Krummedike og Torben Oxe som nokre av dei mektigaste. Sistnemnde fekk skulda for å ha forgifta Dyveke slik at ho døydde og vart derfor avretta av kongen til trass i at han først vart frikjent av riksrådet. Alt dette førte til ein uunngåeleg motsetning med adelens, spesielt den del av adelens som heldt fast ved regjeringsprinsippa og adelens rett til å handle med hanseatarane utanom kjøpstädane.²⁰¹ Oppseiinga av Kristian II skjedde i Sverige i 1520 og i Danmark og Noreg i 1523.

Fredrik I regjering, og Kristian II i eksil

Opprøret mot Kristian II kan sjåast på som ein aristokratisk reaksjon.²⁰² Årsaka til mykje av adelens og danske biskopars missnøye mot Kristian II var hans regjeringsstiltak, og spesielt hans val av politiske og administrative rådgivarar og hjelparar.²⁰³ I motsetning til Kristian, skulle Fredrik I sitt styre vere basert på samarbeid med adelens og utnemnde adelege i sentrale posisjonar. Riksmarsken Mogens Gøye vart utnemnd til rikshovmeister, mens riddaren Tyge Krabbe, som var ein av dei mest sentrale i opprøret mot Kristian II, fekk den ledige stillinga som riksmarsk.²⁰⁴ Det var likevel ikkje alle som var nøgd etter at Kristian vart avsett. Før Fredrik I vart hylla som konge i Danmark, var det eit lite interregnum der adelsstanden ville sikra seg mest mogleg makt før Fredrik skulle bli krona. Dei ville sikra sine interesser, både over bønder og kyrkje, men også innflytelse over den sentraliserte kongemakta. Den langvarige konflikten for å halde Sverige innanfor unionen vart også gitt opp.²⁰⁵ For bonde- og borgarstanden var ikkje maktskiftet

¹⁹⁶ Albrechtsen, Esben 1997, s. 284-288 om borgarpolitikken til Kristian II.

¹⁹⁷ Hamre, Lars 1998. s. 104-105

¹⁹⁸ Jylland, Sjælland og Skåne var delt inn i eigne landskapslover, men skulle erstattast av ein samla lov, lik Magnus Lagabøters lov i Noreg. Jf. Albrechtsen, Esben 1997. s. 287

¹⁹⁹ Albrechtsen, Esben 1997. s. 284-288

²⁰⁰ Albrechtsen, Esben 1997. s. 286 og 292

²⁰¹ Albrechtsen, Esben 1997. s. 286

²⁰² Albrechtsen, Esben 1997. s. 307

²⁰³ Hamre, Lars 1998. s. 189

²⁰⁴ Hamre, Lars 1998. s. 189

²⁰⁵ Albrechtsen, Esben 1997. s. 305-306

ein god nyhende. Godseigarane fekk på nytt full myndigkeit over leiglendingane og kunne drive inn skattar og bøter slik dei ville, noko som også var på bekostning av kongens inntekt, men som han godt tok. Bøndene og borgarane satt seg naturleg nok imot adelsstandens maktutviding og nye skattar. Fredrik I si regjeringstid var derfor prega av indre motsetningar mellom økonomiske interesser samstundes som dei frykta for ein retur av Kristian II.²⁰⁶

Utanriks- og handelspolitikk

Utanrikspolitisk hadde Fredrik, i motsetning til Kristian II og Hans, eit godt forhald til hanseatarane. Hanseatarane hadde støtta opprøret mot Kristian som skulle få sine tradisjonelle privileger tilbake under kong Fredrik I, på bekostning av innanlandske kjøpmenn.²⁰⁷ Fredrik var nær knytt til Holstein og hadde elles allereie eit godt forhald til fleire tyske fyrstar i tillegg til hansaforbundet. Kristian II hadde også mange venner, deriblant svogerken keisar Karl V som den mektigaste. Han hadde også nær ætteskap med fleire tyske hus. Forutan dei som allereie var vennar av Fredrik, resulterte opprøret mot Kristian at han fekk utanrikspolitiske problem allereie når han kom til makta.²⁰⁸ Fredrik førte derfor ein forsiktig utanrikspolitikk for å ha eit venskapeleg forhald til Lübeck, Nederland og Skottland.

Nederland hadde støtta Kristian II og opprøret vart derfor eit nederlag for dei. Etter at Kristian flykta ønska dei derimot raskt eit godt forhald til dei nye makthavarane og inngjekk ein traktat med den danske regjeringa i 1524, som sikra dei rett til igjen å fortsetta handelen i Danmark og Noreg.²⁰⁹ Nederland var også det området Kristian II og hans nærmeste hjelparar heldt til mens han var ein eksilkonge, så eit forsiktig og venskapeleg forhald til Nederland var også i Fredriks interesse.

Tilhøvet til Skottland var minst like skjørt som det var til Nederland. Kristian II hadde ein utsendar i Skottland i Alexander Kirhorn, som hadde mange nære kontaktar blant skotske adelsmenn, og som påverka kongen og adelege her til å støtta Kristian. I Skottland kunne Kristians menn føre inn kaperbytte og å rekruttere skotske soldatar.²¹⁰ I 1525, mens Søren Norby, ein av Kristians lojale kaprarar og krigsmenn, førte krig mot Danmark, Sverige og Hanseatarane i Østersjøen, var planen at kaprarane Klaus Kniphof og Lambert Andersen skulle kapre langs Norskekysten i påvente av at Robert Barton skulle komme dei til unnsetning med ein skotsk styrke med 5 orlogsskip med 900 soldatar om bord.²¹¹ Dei skulle så segla saman mot Østersjøen og møte Søren Norby før dei skulle angripe Danmark. Både Kniphof og Andersen kapra langs kysten av Noreg sommaren 1525 og møtte på stor motstand frå Hamburgske skip, noko som enda med at Lambert Andersen vart drepen i eit sjøslag 4. Juni 1525. Skipa frå Robert Barton kom aldri og Kniphof segla derfor tilbake til Skottland for å selje kapargodset sitt. Fredrik I, derimot, hadde sett på Skottlands støtte til Kristian II med uro og hadde allereie sendt

²⁰⁶ Albrechtsen, Esben 1997. s. 305 og 310

²⁰⁷ Albrechtsen, Esben 1997. s. 314-315

²⁰⁸ Hamre, Lars 1998. s. 190-191

²⁰⁹ Hamre, Lars 1998. s. 200

²¹⁰ DN X nr. 489 og 490. I desse breva skriv Kristian II til kong Jakob V og anbefaler utsendaren sin Alexander Kirhorn til kong Jakob. Han ber også om leide for sine menn, om å kunne føre bytte (kapergods), kjøpe proviant og leie krigsfolk frå Skottland. I DN X nr. 463 får han svar der kong Jakob tilbyr opphold, tillét at bytte blir ført til Skottland og at dei av undersåttane hans som måtte ønske det, skal få tenestegjere for Kristian. Også: Hamre, Lars 1998. s. 318. Om planane om å kjøpe skip i Skottland før dei skulle segle mot Søren Nordby og slå saman flåtene. Denne planen vart aldri noko av og det verkar som at dei stort sett skaffa seg skip i Nederland jf. Hamre s. 205.

²¹¹ I følgje Carl Ferdinand Allen i: Allen, C.F. «De tre nordiske rigers historie» bind 5. København 1872. s. 106

riddaren Mogens Lauritzen til Skottland for å motvirke Alexander Kirhorn si innflytelse. Mogens Lauritzen hadde minst like gode kontaktar med adelege i Skottland som det Alexander hadde. Han var dessutan gift med grevedottera av Grahammerues.²¹² Mogens lukkast med å påverke skotske adelege og den skotske regjeringa til å stogge planane som Kristian II hadde i 1525.

Fredrik I av Danmark og Gustav Vasa av Sverige hadde begge ein felles alliert i Lübeck og hadde også ein felles fiende i Kristian II og hans menn. Forhaldet mellom kong Fredrik og kong Gustav var likevel skjørt. Under opprøret mot Kristian II hadde svenske styrkar inntatt den sørlege delen av Viken (dvs nordlege delen av Båhuslen) og heldt kontroll på dette området i fleire år framover.²¹³ I Østersjøen skapte Søren Norby problem for Danmark, Sverige og Lübeck med si kaperverksem og krigføring frå sin base på Gotland. Alle tre fraksjonane ønska å ha kontroll på Gotland, men Søren Norby som var ein dyktig taktisk politikar i tillegg til å vere ein krigar, utnytta anledninga til å komplisere forhaldet mellom Sverige og Danmark. Lübeck ønska fred mellom desse to partane for å få stadfesta privilegiane sine i begge desse rika og fekk dei til å inngå eit forlik ved «Malmørecessen» 1. September 1524. Til trass for kostbare militære forsøk på å stoppa Søren Norby, klarte han å helde på med kaperverksemda si fram til 24. August 1526 då ein samla flåtestyrke frå Danmark og Lübeck klarte å overvinna flåten til Søren Norby. Han slapp unna nok eingong og klarte å rømma til Russland, men han skapte ikkje fleire problem for Fredrik I eller Gustav Vasa.²¹⁴

Situasjonen i Noreg

For Fredrik I var tilhøvet til Noreg noko usikkert rett etter at han tiltredde som konge. Også her skjedde det ein adelsreaksjon, som i Danmark, men forskjellen var at den norske reaksjonen var eit resultat av at Kristian II mista kongedømet sitt, og ikkje omvendt. Den viktigaste forskjellen i etterkant av oppseilinga av Kristian, var at mens det var viktig for adelsstanden i Danmark å hindre konkurranse frå borgarlege, var det i Noreg eit ønske om å hindre at len vart gitt til ikkje-norske menn. Dette skulle etterkvart bli ei utfordring for det norske aristokratiet då den nye kongen og det danske aristokratiet hadde felles interesser. Det danske aristokratiet ønska å råda over gode len, også norske, samstundes som Fredrik I ønska lojale menn til å ha dei viktigaste lena i Noreg.²¹⁵ I Noreg var det mange menn som framleis var lojale til Kristian II, og Viken var okkupert av svenske troppar som i tillegg bygde på festningsanlegga her. For å få kontroll på Noreg, sendte Fredrik Vincens Lunge til Noreg for å tinga nordanfjells under kongen. Henrik Krummedike fekk eit tilsvarande oppdrag sønnanfjells. Under opprøret mot Kristian hadde Lunge vist lojalitet til Fredrik som så vart tatt opp i det danske riksrådet og slått til riddar før han vart sendt til Noreg. I Noreg vart Lunge på kort tid utnemnd til hovedsmann på Bergenshus i 1524 og tatt opp i det norske riksrådet. Han sikra seg også mesteparten av lena på Vestlandet og tvinga alle lena under Fredrik I. Han vart dessutan statthaldar nordanfjells.²¹⁶

Ved årsskiftet 1523-1524 hylla både allmugen og enkelte i riksrådet sønnanfjells Fredrik som konge. Nordanfjells verka Vincens Lunge å ville hylla Fredrik og det kom også hyllingsbrev frå Bergen og Stavanger. I løpet av 1524 hadde dei fleste i Riksrådet hylla

²¹² Allen, C.F. «De tre nordiske rigers historie» bind 5. København 1872. s. 105-109. og Hamre, Lars 1998. s. 317-319

²¹³ Hamre, Lars 1998. s. 199

²¹⁴ Hamre, Lars 1998. s. 200-205 om Søren Norby som skapar komplikasjonar mellom Fredrik I og Gustav Vasa med krigføring og diplomatiske taktikkar, og som råkar Lübeck med kapringar.

²¹⁵ Hamre, Lars 1998. s. 212

²¹⁶ Rian, Øystein. NBL på nett 2009 «Vincens Lunge», Henta: 19.04.2021

Fredrik som konge, også Olav Engelbrektsson, som først hadde hylla Kristian II rett før han kom til Noreg. Fredrik I utnemna Vincens Lunge, Olav Engelbrektsson, biskopane Holsrud av Stavanger og Olav av Bergen til å vere statshaldarar nord for Lindesnes,²¹⁷ men som me skal sjå seinare, så ønska han seg meir kongeljale menn i norske len. Det var ingen institusjonell hylling av Fredrik i Noreg og heller ikkje gjort noko kongeval, slik det skulle gå føre seg etter Bergenstraktaten frå 1450.²¹⁸ Krona vart han aldri i Noreg.²¹⁹

I August 1524 samla det norske riksrådet seg til eit riksrådsmøte, og som tidlegare når nye kongar kom til, tok dei sikte på å føra Noreg inn i ein meir sjølvstendig stilling i union med Danmark. Lars Hamre kalla det for: «norske rådkonstitusjonalistiske idéar».²²⁰ Under møtet sa dei opp Kristian II som konge. Vidare var nokre av dei viktigaste krava at norske len skulle tilfalla nordmenn, norskfødde eller inngifte, Noreg skulle vere eit valkongedøme, norske lover og kyrkjelover skulle respekterast og adelege og kyrklelege privilegiar skulle fornyast.²²¹ Dei vart også einige om at Henrik Krummedike skulle miste alle sine norske len og bortvisast frå riket, til trass for at han var født og oppvachsen i Noreg.²²² Dette siste punktet var det truleg Vincens Lunge som var pådrivar for. Både han og kona hans sin familie hadde eit dårleg forhald til Krummedike-slekta.²²³

Vincens Lunge fekk oppdraget med å levere handfestinga til kongen og få han til å godta krava. Kongen gjekk med på dei fleste krava, men støtta ikkje tiltaket mot Henrik Krummedike eller at Olav Galle, som kongen frykta å vere for svensk-vennleg, skulle få Akershus. Han gjekk derimot til slutt med på at Krummedike skulle miste sine norske len og bortvisast frå Noreg mot at Olav Galle ikkje fekk Akershus. Då Lunge kom tilbake til Noreg utnemnde han likevel, tidleg i 1525, Akershus slott til Olav Galle trass kongens avslag på dette.²²⁴ Det var nemleg oppstått eit stort opprør i Skåne, starta av Søren Norby i Mars 1525, som kravde mykje av kongens oppmerksamheit.²²⁵ Mens kongen var opptatt med Søren Norby, kan det sjå ut som at det norske riksrådet utnytta situasjonen til å oppnå kontroll over alle dei viktigaste norske festningane og gjennomførte eigne handlingar, som å sette inn Olav Galle i Akershus og å forvise Henrik Krummedike og ta over lena hans.

Med Vincens Lunge, som sat i det norske riksrådet og hjelpte til med å plassere menn med usikker lojalitet til Fredrik i viktige norske len, samt forvisinga av Krummedike, var situasjonen i Noreg framleis usikker for Fredrik. Han var framleis ikkje blitt krona i landet og Olav Engelbrektsson og Vincens Lunge gjorde det dei kunne for å stadig utsette kroninga. Dei stod på at kroninga skulle skje i Trondheim slik tradisjonen tilsa, mens Fredrik ønska å bli krona i Oslo, sannsynlegvis på grunn av frykt for Kristian II sine kaprarar langs kysten av Noreg. Ei kroning av Fredrik I i Noreg ville ha styrka hans maktposisjon i landet og svekka riksrådets posisjon. Både Olav Engelbrektsson og Vincens Lunge hadde derfor felles interesse i å utsette kroninga.²²⁶ Våren 1527 gjekk kongen derimot til aksjon og sendte Mogens Gyldenstjerne med skip til Oslo og avsette Olav Galle i Akershus. I Båhus vart Klaus Bille innsett.²²⁷ Dermed hadde Fredrik fått lojale menn i viktige len sønnanfjells. Nordanfjells, i områda der den sterke norske trioen med

²¹⁷ DN VII nr. 580

²¹⁸ NGL 2. rk II. Nr. 21. Når ein konge fråfalla, skulle riksrådet velje ny konge.

²¹⁹ Hamre, Lars 1998. s. 250

²²⁰ Hamre, Lars 1998. s. 212

²²¹ Albrechtsen, Esben 1997. s. 309-310. Hamre, Lars 1998. s. 283-284 (Sjå også s. 272-294)

²²² Hamre, Lars 1998. s. 288-290

²²³ Rian, Øystein. NBL «Vincens Lunge» 2009

²²⁴ Rian, Øystein. NBL «Vincens Lunge» 2009

²²⁵ Larsson, Lars-Olof. «Gustav Vasa. Landsfader eller tyrann?». Falun 2002. s. 141

²²⁶ Hamre, Lars 1998. s. 358

²²⁷ Albrechtsen, Esben 1998. s. 319-320

Olav Engelbrektsson, Vincens Lunge og Inger Ottessdatter hadde makta, var situasjonen meir utfordrande for kongen mens desse tre samarbeida. Å ta områda militært ville heller ikkje vært så enkelt sidan det ville vært svært kostbart og økonomien hans var ganske dårlig. Ein annan viktig grunn var at han enda ikkje hadde grunn til å ha noko mistru til Vincens Lunge, som var statthaldar nordanfjells. I det minste ikkje før Daljunkeraffären i 1527-1528 der Vincens Lunge, Olav Engelbrektsson og Inger Ottessdotter skapa utanrikspolitiske komplikasjonar for kong Fredrik ved å støtta ein svensk opprørar. Lunge hadde også mektige venar i viktige posisjonar i Danmark som kongen ikkje ville få i mot seg.²²⁸ Ein slik aksjon kunne derfor få konsekvensar innanriks.

Trioen skulle likevel bli splitta i etterkant av kapringane sommaren 1527 og Daljunkeraffären i 1527-1528. Begge desse hendingane gjorde kongen meir misnøgd med trioen og situasjonen i Noreg. Under eit møte i Flensburg hausten 1528, måtte Vincens Lunge gje frå seg Bergenshus til Eske Bille. Han fekk framleis behalda ein del len og hadde også god inntekt etter dette, men han var ikkje lenger statthaldar nordanfjells og hadde dermed ikkje kongens autoritet lenger. På same møtet vart det også bestemt at Olav Engelbrektsson skulle miste alle sine verdslege len. Desse vart gitt til to holsteinske adelsmenn: Siwert og Follert Swyn, som var lojale til Fredrik I.²²⁹ Derved hadde kongen fått lojale menn i alle dei viktigaste hovedsmannpostane i Noreg. Olav og Lunge vart også uvenner, der førstnemnde sendte feidebrev og byrja å feide mot Inger og Lunge.

Kapringane sommaren 1527

Ganske tidleg etter at Kristian vart sagt opp som konge i unionen byrja han å engasjere kaprarar som raskt vart eit uromoment for unionen, men spesielt for hanseatarane som segla til og frå Bergen. Frå sine basar i Skottland og Nederland kunne dei finne mannskap og skip, reparere skip og selje byttet sitt. Blant Kristians kaprarar kan me nemna: Klaus Kniphof, Lambert Andersen, Klement Andersen «Skipper Klement», Fin Rempe, Søren Norby og Martin Pechlin. Ein finn også ein kjenning frå førre kapittel i Niels Brahe, barnebarnet til Olav Nilsson, som slutta seg til Søren Norbys opprør i Skåne i 1525. I kort tid feida han på vegne av Kristian II, men vart tatt til fange av Tyge Krabbe same år og avretta med sverd i 1529.²³⁰ Kaperkrigen som Kristian førte var for å vinne tilbake kongedømet sitt og kan sjåast på som ein privat krigføring. Dette kravde store ressursar frå hans private økonomi for å finansiere skip, mannskap, krigarar, proviant og utstyr. Å kapre fiendtlege skip var ein måte å svekke motstandaren økonomisk og er noko me gjenkjenner som økonomisk krigføring. Det kunne også finansiere eigen krigføring. Han hadde kontakt med ein del mektige venner, dvs fyrstar og kongar i Europa og hadde veldig mange lån hos dei. Det er liten tvil om at han var veldig avhengig av ei god inntektskjelde for å finansiere seg sjølv for å betale avdrag på alle låna sine.²³¹ Kapringa hans hadde derfor eit viktig økonomisk motiv.

Ved sidan av å vere ein trussel for Fredrik I, var Kristians kaperverksemd til skade for handelsskip langs Norskekysten og i Skagerak. Dette gjekk spesielt utover hanseatarane

²²⁸ Hamre, Lars 1998. s. 350

²²⁹ Hamre, Lars 1998. s. 378-382. Om vedtaka mot Olav Engelbrektsson og Vincens Lunge på møtet i Flensburg 17. Oktober 1528.

²³⁰ Bricka, Carl Frederik. «Brahe, Lave». *Dansk Biografisk Lexikon* 2.Bd. 1888. s. 596, frå: <http://runeberg.org/dbl/2/0598.html>, Henta: 20.04.2021

²³¹ I åra 1523-1529, finst det mange bevarte brev om Kristian II som sender mange forespørslar om lån, får krav om ubetalt gjeld, om at Kristian må selje unna klenodiar og eit enormt antall brev som tydar på at han hadde store utfordringar med å finansiere verksemda og planane sine. For brev om dette, sjå: DN, bind 9, 10, 11, 12, 13, 16, 18 i åra 1523-1529.

og var derfor også til skade for norsk eksport og import. Av norske riksrådmenn var det Vincens Lunge som tok mest skade av kapringane og ved eitt tilfelle mista han eit skip til Kristian sine kaprarar og som blei sold vidare i Skottland.²³² Lunge skreiv også til Olav om nokre større trefningar mot Kristians menn ved Hestenes og Egersund.²³³ Lunge skulle også få problem med å skattelegge ålmugen på Sørlandet. Lars Hamre nemnar at både Vincens Lunge og Kristian II var opptatt av støtte frå ålmugen. Lunge som opplevde at ålmugen på Sørlandet nekta å betale skatt, skulda på Kristian sine menn som hadde fått bønder og borgarar der til å støtte eksilkongen og hevda at dei «velvillig» betala gjengjerd til Kristians menn.²³⁴ Kristians menn hadde fått mykje innflytelse i denne regionen og ønska generelt å utnytte dei økonomiske interesseomsetningane mellom stendene og alliere seg med bønder og borgarar mot Fredrik, slik som ved tilfelle med opprøret i Skåne. Skipper Klement skal dessutan ha bygd ein base med forsvarsverk nær Lindesnes, og Lunge meinte at Klement fett støtte og hjelpe frå befolkninga i dette området.²³⁵ Men skattenek mot adelens var ikkje noko unikt og var ein tendens ein også såg i resten av unionen med adelens auka makt under Fredrik I. Som Lars Hamre hevdar, så skuldast denne skattenektinga heller Lunges skattetrykk enn Kristian II si påverknad. Norske bønder og borgarar hadde dessutan hatt eit stort skattetrykk også når Kristian II var konge og nekta ved fleire tilfelle å betale skatt, også til Jørgen Hansson, som var forgjengaren til Vincens Lunge og tidlegare hovedmann i Bergenshus.²³⁶

Olav Engelbrektsson verka å ha engasjert seg lite i kapringane til Kristian II og var kanskje meir opptatt med tilstandane i Nord-Noreg der russarar tok seg til rette, forstyrra fisket og bygga også eigne skip der.²³⁷ Fisket i nord var svært viktig for erkebiskopens inntekt. Å vise lojalitet til kongen kan og ha vært ein grunn til at Lunge, og seinare også Olav Engelbrektsson utrusta flåtestyrkar for å feide mot Kristian sine kaprarar når kongen kravde dette. At Olav Engelbrektsson meldta seg på kan også skuldast at Kristian sine menn hadde segla heilt inn til Bergen, 28. mars 1525, og tatt biskop Olav, abbed Michael og nokre prestar til fange. Ei hending der Vincens Lunge oppfordra erkebiskopen til å bistå i kampen mot Kristian II.²³⁸

I juni 1526 bad Fredrik erkebiskopen og Vincens Lunge om å ha «så mange krigarar som mogleg klare mot rikets fiendar», og året etter, sommaren 1527 stod Olav, Lunge og Inger sine flåtar klare i Bergen for å segle ut mot Kristian II sine kaprarar. Lunge heldt likevel flåten igjen i Bergen grunna hendingane i Akershus der Olav Galle var blitt fjerna av Mogens Gyldestjerne. Lunge skreiv til erkebiskopen at han frykta Gyldenstjerne, Mons Lauritsson Løvenbalk, Tile Giseler og Eske Bille skulle komma til Bergen og Trondheim med fire skip for å avsette dei på same måte som med Olav Galle i Akershus, og heldt derfor igjen heile flåten for å forsvare seg i Bergen.²³⁹ Det neste som skjedde var at Kristoffer Trondsen «Rustum», Olav Lang og Pål Jonsson, men også Lunge og Inger sine menn, likevel segla ut og røva utanlandske skip frå Skottland, England og Nederland då den kongelojale flåten aldri kom vestover. I eit brev til erkebiskopen, etter å ha motteke ein klage frå kong Jakob V av Skottland, skulda Vincens Lunge på erkebiskopens folk, med Kristoffer Trondsen i spissen og hevda at han var hovudmannen bak røvingane.

²³² DN VIII nr. 537

²³³ DN VIII nr. 558

²³⁴ DN VII nr. 618 og DN VIII nr. 537. Vincens Lunge skriv til kongen om ålmugens skattenek og at den skatten som var kommen inn skulle sendast til Danmark via land i frykt for Kristian sine kaprarar.

²³⁵ Hamre, Lars 1998. s. 320

²³⁶ Hamre, Lars 1998. s. 322-324.

²³⁷ DN VII nr. 620. Russisk aktivitet også nemnd i nr. 626

²³⁸ DN X nr. 456. Hamre, Lars 1998. s. 318

²³⁹ DN VII nr. 638

Dette er første gong at Rustung blir nemnd i kjeldematerialet og han får ikkje noko positiv omtale av Lunge som omtalar han som «den unge kjekker og eit opphav til all uærlegdom». Vidare hevda han at Rustung skal ha «tatt den eine tønna med fisk etter den andre og ikkje ha betalt noko for det» mens dei låg til hamn i Bergen og venta på den kongelege flåten. Lunge innrømma også til erkebiskopen at han og Ingers folk skal ha tatt det eine av dei to skotske skipa som vart røva, men at dette var i mot hans vilje og hevda at han kunne bevise, med mange vitnar, på at han hadde gitt forbod mot å angripe nokon andre enn Kristian II sine folk. Han skreiv også at han svor til kaptein på skipet «Peter», som var eitt av dei kapra skotske skipa og som no var ført inn til Bergen av Olav sine folk, at kapringa ikkje hadde vært på erkebiskopens befaling. Med andre ord, så hevda Lunge at flåtestyrken deira hadde handla på eiga hand og at Rustung hadde mest skuld i desse handlingane.²⁴⁰ Inger Ottesdotter engasjerte seg også aktivt for å rette opp i dei utanrikspolitiske skadane som var skjedd på grunn av kapringane. Ho var i Bergen saman med Vincens Lunge mens kapringane skjedde og skal ha stansa og tinga med erkebiskopens folk då dei forsøkte å dra av gårde igjen med prisane sine mens dei låg til kai i Bergen. Ho skal også ha vært med på rådlegging av denne saka mellom riksrådane, byrådet og kjøpmenn på brygga, og ho var også med og utferda og innsegla breva til Olav og til den skotske kongen.²⁴¹

Det er vanskeleg å seie kva som skjedde utanfor kysten denne sommaren sidan me berre har Vincens Lunges beretningar om hendingane. Det er likevel ingen tvil om at det skjedde mykje røving. Ut i frå klagemåla frå Skottland, Nederland og England kan ein få innsikt i kven som vart røva og kva som vart tatt. Utifrå Lunge sitt brev innrømma han at hans folk hadde tatt det eine skotske skipet. Utifrå klagane frå Skottland skal Olav sine menn ha tatt skipa «Bonaventura» og «Peter», der sistnemnde vart frårøva matvarer, våpen, klede og verdifulle gjenstandar som kompass og liknande. Det kan her enten vere snakk om at Olav sine menn fekk skulda for å ha tatt begge skipa, sjølv om dei berre hadde tatt det eine, eller at det vart tatt fleire skip frå Skottland enn dei to som er nemnde.²⁴² I september 1529 bekrefta skipper Thomas Gardner og kjøpmann Andrew Persson, som var tilknytt det skotske skipet «Peter», at dei hadde mottatt erstatning frå Jon Teiste, Olavs tenar, for det som var tatt frå skipet deira, så eg vil anta at Olavs menn i det minste tok dette skipet.²⁴³ Frå Nederland vart eit skip, tilhøyrande Klaes Oedszon, frårøva våpen og krut som Pål Jonsson, eitt av Olavs kapteinar, innrømma å ha tatt. Dette blei seinare betalt tilbake med fisk frå erkebiskopen mot at han fekk behalda det som vart tatt.²⁴⁴ Det kom også erstatningskrav frå Newcastle i England om skipet «Le gripe de Rossindale», som også skal ha vært røva av Olavs menn.²⁴⁵ Det blir hevda av Lars Hamre at også tyske skip skulle vere tatt denne sommaren, men dette kan eg ikkje finne nokre kjelder på.

Normalt når skip vart røva, skulle ein først nytta seg av fredelege løysningar i form av klager og forhandlingar. Ein annan viktig prosedyre var bevisgjering og oversikt over tapt gods, noko ein ser i klagane. Grunnen til denne oppføringa av tapt gods var ikkje berre for å gi ein oversikt over kva motparten skulle erstatte (noko som sjølvsagt var sentralt), men også fordi slik bevisgjering skulle legitimere eventuelle represaliar i form av motkapringar i tilfelle ein kom så langt i prosessen. Ein bevisgjorde med ein oversikt over

²⁴⁰ DN VIII nr. 562. Vincens Lunge skreiv i eit brev til erkebiskopen, august 1527, om hans versjon av kva som hadde skjedd og bad erkebiskopen om å gjere bot på skadane så ikkje kongen skulle bli ein ugunstig herre for dei begge.

²⁴¹ Hamre, Lars 1998. s. 353

²⁴² DN VIII nr. 561 og 562

²⁴³ DN VIII nr. 611

²⁴⁴ DN X nr. 540, DN VIII nr. 579 og 609

²⁴⁵ DN VIII nr. 589, 590, 600, 610 og 635

tapt gods og at ein hadde forsøkt med fredelege løysningar før ein eventuelt kunne ta tilbake det tapte ved hjelp av makt. Motkapringane skulle stogga med ein gong ein hadde tatt tilbake dei tapte verdiane, og det var her dokumentasjon på og oversikt over tapt gods var viktig.²⁴⁶ Denne nemnde saka løyste seg likevel raskt etter klage frå dei ramma, med tidleg einigheit om tilbakebetaling, slik at det aldri vart noko behov for represaliar. I Nederland nyttta dei seg også av arrest som eit tiltak. Sommaren 1528 kom eitt av erkebisopens skip til Amsterdam og vart halden igjen på grunn av hendingane året før.²⁴⁷ Dette er eit ganske rett fram pressmiddel og det heile enda som nemnd med at partane kom til forlik ved å byte våpen og krut mot fisk.

Moglege årsakar til kapringane i Nordsjøen

Under kong Hans vart det derimot bygd opp ein statleg orlogsflåte, lik seinare maritim krigføring, men under kong Fredrik I var det mangel på økonomiske ressursar til at han kunne ha statleg kontroll på alle dei militære ressursane i riket. I tillegg hadde Kristian II sine menn kapra til seg to av dei beste skipa: «Den sorte jakt» og «Peiter van der Hölle» frå den kongelege marinen og sørga i tillegg for at dei andre skipa som låg til kai vart øydelagde.²⁴⁸ Han støtta seg derfor på adelens private ressursar, med Johan Rantzau og hæren hans som den mektigaste, men også mange andre adelege med eigne krigarar og som var lojale til Fredrik I. På sjøen var det tilsvarande, og i kamp mot skipper Klement, Lambert Andersen og Klaus Kniphof som kapra langs kysten av Noreg, måtte han støtte seg til norske maritime krefter: flåtane til Olav Engelbrektsson, Vincens Lunge og Inger Ottedotter. Hamnane som dei nytta seg av, som i dette tilfellet først og fremst var Bergen, vart derfor involvert i maritim krigføring.²⁴⁹ Det skal med dette nemnast at skiljet mellom privat og offentleg kan frå dagens synspunkt ofte vere ganske håplaust å spekulere i. Til dømes når Olav Engelbrektsson feida mot Lunge og Inger i 1529-1530, kapra han til seg eitt av Lunge sine skip: «Bergergrip». Når Lunge forsøkte å mekle det tilbake, etter at partane kom til forlik på initiativ frå kongen, var dei ikkje heilt sikre på kven skipet eigentleg hørde til. Den var bygga på befal av og for Vincens Lunge ved Bergenshus, men finansiert av kongen.²⁵⁰ Privat og offentleg gjekk ofte om kvarandre og var noko dei tok særleg omsyn til i denne perioden.

Når slike maritime krefter skulle tas i bruk i krigføring, var det med kongens samtykke, enten på initiativ frå kongen eller at han berre godtok verksemda sidan partane var i ein krigstilstand. Når angrepa skjedde sommaren 1527, så kan ein ikkje seie at Fredrik I var i nokon krigstilstand mot Skottland, Nederland eller England sidan han gjorde det han kunne for å unngå konfliktar med desse (forsiktig politikk, som nemnd). Ein kan derfor utelukka Fredrik for å ha vært noko involvert i desse angrepa. Som hovudregel kan ein seie at kaperverksemdu representerte dei adelege si private krigføring og at kongar, som stort sett var passive til det som skjedde, ikkje greip inn med mindre aktivitetane kunne føre til utanrikspolitiske komplikasjonar.²⁵¹ Noko som i stor grad var tilfellet i desse hendingane.

²⁴⁶ Starkey, David. «Voluntaires and sea robbers». Trykt i «The marriners mirror», 2011. s. 129

²⁴⁷ DN XVI nr. 510

²⁴⁸ Hamre, Lars 1998. s. 320

²⁴⁹ Heebøll-Holm, Thomas 2013 s. 245 og 246. Hamnar som vart nytta som basar for skip som dreiv maritim krigføring vart dratt inn i handelskrigar, men kunne tene god profitt på dette.

²⁵⁰ Scheen, Rolf 1942. s. 37

²⁵¹ Heebøll-Holm, Thomas 2013 s. 246

Me har fire sannsynlege moglegheiter for kven som kan ha gitt samtykke til kapringane sommaren 1527, dvs. å ha akseptert hendingane. Merk at det kan hende at Lunge, Inger eller Olav kan ha tatt initiativ til kapringane og at sjøfolka følgde ordre.

Første moglegheit er at sjøfolka handla på eiga hand utan nokon andre sitt samtykke. Dette er det leiande synspunktet i norsk historieskriving og det er dessutan vanskeleg å bevise at nokon andre enn sjøfolka sjølv gav samtykke til desse kapringane.²⁵²

Andre moglegheit er at Lunge, saman med Inger kan ha gitt samtykke til kapring. Lunge, som var gift med dotter til Inger, samarbeida tett heile perioden mens Lunge budde i Noreg. Dei utførte ofte politiske handlingar i fellesskap og begge heldt til i Bergen mens kapringane føregjekk ute på sjøen.

Tredje moglegheit er at Olav kan ha gitt samtykke til kapringane, mens fjerde moglegheit er at begge partar gav samtykke til kapringane eller til og med gav ordre om det.

Viss me først kan anta at hendingane ikkje vart gjort på sjøfolka sitt eiga initiativ, så var det mest vanleg at slike angrep skjedde i forbindelse med handelskrig. I ein handelskrig kunne angrep vanlegvis vere motivert av profitt, hemn eller sjølvforsvar.²⁵³ Sidan det er snakk om angrep på nøytrale skip, så kan ein utelukka sjølvforsvar. Private krigar i forbindelse med handel var, lik adelege feidar, noko monarkar stort sett godtok dersom ein gjorde det for å slå tilbake mot aktørar som hadde drevet med «ulovleg aktivitet» til skade for ei verksemd, som i dette tilfellet vil dreie seg om handel.²⁵⁴ Kristian II sine kaprarar hadde rett nok tilknyting til Skottland og Nederland som fungerte som viktige baser for å selje gods og rekruttere menn, men det er ikkje nok grunnlag til å slutseleg feide mot skotske eller nederlandske skip. Desse skipa hadde ikkje gjort nokon skade (som me kjenner til) mot norske skip eller hamnar.²⁵⁵ Først og fremst var det kongen som hadde problem med Kristian si verksemd og frykta angrep frå han, men når det er sagt, så gjekk det også utover norsk handel, og til dels Vincens Lunge si skattepolitikk (men kanskje ikkje like mykje som han sjølv hevda). Andre som vart hardt råka av kapringane til Kristian sine menn var hanseatarane. Som hovedsmann i Bergen, og viss han ville bevara eit godt forhold til hanseatarane der, måtte Vincens Lunge godta deira rett til å forsvara seg mot Kristian sine menn. Han deltok også sjølv i maritime kampar mot desse. Det var eit problem med Skottland si involvering, men mot desse nyttja han heller ein fredeleg strategi, slik også Fredrik I gjorde. Til dømes når han mista eitt av sine skip til Kristian sine kaprarar, som så vart sold vidare i Skottland, nyttja han seg av fredeleg diplomati for å få dei meir venleg stilt til han slik at han kunne kjøpe skipet sitt tilbake.²⁵⁶

²⁵² Hamre, Lars 1998. s. 352-353. Scheen, Rolf 1942. s. 24-33. Hamre nemnar kort om kapringane og skriv mest om etterspelet. Scheen fokuserar mykje på handlingane, men tar utgangspunkt i Vincens Lunge sine skildringar i DN VIII nr. 562.

²⁵³ Heebøll-Holm, Thomas 2013 s. 248

²⁵⁴ Heebøll-Holm, Thomas 2013 s. 25

²⁵⁵ Eg kan ikkje finne nokre dømer på mottiltak mot aktørar utover dei som var direkte knyta til kaperskip. Altså, når Kristian II sine menn angrep handelsskip, så var det han og hans menn ein skulle slå tilbake på, og ikkje alle dei som hadde gitt noko støtte til dei. Ein kunne rett nok straffe dei som kjøpte gods frå kaprarar, men det var monarken eller byrådet i bestemte hamnebyar si oppgåve å gjennomføre slike tiltak og skjedde etter klager frå dei som var råka av sjørøveri. Dette ser me døme på i Noreg etter at det kjem klagar frå Skottland, Nederland og England i etterkant av kapringane i 1527.

²⁵⁶ Hamre, Lars 1998. s. 352

Ein kan også utelukka hemn som motiv, sidan verken Vincens Lunge, Inger Ottedotter eller Olav Engelbrektsson verkar å ha nokon grunn til å hemne seg på nokon av dei som vart ramma av angrepa.

Med utgangspunkt i det eg nemnde i førre kapittel om forhald mellom land og sjø, så kan ein også hevda at dei hadde støttespelarar på land som tillét at dei røva gods og selde det vidare på land, og at flåten ikkje handla på eiga hand. Piratar/kaprinar besøkte gjerne mindre hamnar og hadde ei forventning om god mottaking der dei la til kai. Der dei ikkje fekk det, nytta dei gjerne trugslar og tvang for å få forsyningar, som me har sett døme på tidlegare når engelskmenn vitja Island og Nord-Noreg tidleg på 1400-talet. Sjølv om piratar/kaprinar var avhengige av støttespelarar på land, skal ein ikkje overdrive viktigheta av den organiserte strukturen i denne verksemda, med mindre man hadde veldig mektige fiendar. Slike besøk for å selje gods og skaffe forsyningar kunne ofte vere spontane og tilfeldige besøk. Dette kan me finne dømer på også etter mellomalderen. Frå lokale engelske domsprotokollar ser ein eit døme der tre kaperkapteinar besøkte Lulworth, Weymouth og andre hamnebyar sør i England sjølv om dei var etterlyst av kongen. Dei skal ha vitja Portland bay ved Weymouth i 1577 for å selje over 100 tonn med kapergods. Desse tre kapteinane vart kalla Callice, Hicks og Court. Lokalbefolkinga flokka seg rundt skipa, som nærast kunne reknast som flytande bazaarar, for å driva handel. Mannskap som var sjuke og skada fekk koma i land for å bli behandla. Lokale kjøpmenn, men også medlem av det lokale byrådet var om bord på skipa og handla varar og gav øl til mannskapet til trass for riksrådets instruksar til magistraten om å søke etter og arrestere piratar.²⁵⁷

Det er også mogleg at hanseatarar i Bergen var involvert. Dei vendiske byane hadde i lengre tid vært i konflikt med Nederland og England om tilgang til marknadar. Det var sjeldan stor konflikt på sjøen mellom desse, men kapring kunne skje av og til sidan forhaldet mellom dei var i ein «state of war» som normaltilstand.²⁵⁸

Det er ikkje sagt at Vincens Lunge, Olav Engelbrektsson eller hanseatarar trong å vere involvert i det heile tatt sidan det var nok av stadar i Noreg der flåten kunne omsette røvargodset sitt. Til dømes hadde Kristian sine kaprarar, som først og fremst omsette godset sitt i Skottland, men ifølgje Lunge skal dei også ha fått stor stønad frå lokalbefolkinga rundt Lista.²⁵⁹ Det kan hende at skipper Klement og andre vitja områda rundt Lista og dreiv handel på same måte som Callice, Hicks og Court som vitja hamnebyar i Sør-England. Viss det var mogleg for Kristian II sine menn å finne stønad hos lokalbefolkinga, så er det sannsynleg at Olav, Lunge og Inger sine sjøfolk også kunne det, på eiga hand, for den korte perioden dei dreiv si kaperverksemd denne sommaren. Av dei som, ifølgje kjeldene, kjøpte varer frå det røva godset finn ein Osloborgaren «lille Rolf», som skal ha handla ein del rug frå Olav sine menn og som han så måtte tilbakebeta. ²⁶⁰ Dette kan tyde på at Olav sine skip kan ha besøkt Oslo og kanskje Tønsberg, slik Vincens Lunge hevda,²⁶¹ og selde godset sitt på Austlandet. David Falkoner sitt skip «Peter» visar seg derimot å ha blitt ført inn til Bergen av Olav sine menn etter at det vart kapra. Her blei det ikkje omsett, men Vincens Lunge og Inger Ottedotter heldt igjen dette skipet og saman med biskop Olav av Bergen og Erik Ugerup, skal dei ha slått seg saman med byrådet og med tyske kjøpmenn for å forsona seg med kong Jakob V av Skottland og beklage hendingane (På dette tidspunktet hadde dei allereie mottatt klage

²⁵⁷ TNA, SP 12/113/9. Gjenngitt i: Appleby, John C, Dalton, Paul. «Outlaws in Medieval and Early Modern England : Crime, Government and Society, C.1066–c.1600». 2016 Routledge, s. 157-158

²⁵⁸ Rose, Susan 2002. s. 93-97

²⁵⁹ DN VII nr. 618

²⁶⁰ DN VIII nr. 566

²⁶¹ DN VIII nr. 562. Vincens Lunge hevdar at erkebisoppen hadde ført eit skotsk skip til Tønsberg.

frå kong Jakob).²⁶² Dei sendte også eit brev til erkebiskopen for å be han om å handle for å erstatte det røva godset eller avretta dei skuldige.²⁶³

Kan det då ha dreia seg om profittsøkjande verksem? Dette kan vere tilfellet uavhengig om det var den nemnde trioen som stod bak eller om sjøfolka handla på eiga hand. For trioen sin del kan det ha vært snakk om profitt for å finansiere militær opprusting, som var ganske kostbart. Spesielt Olav kan ha hatt behov for dette med sine utgifter til kjøp av skip og krigsfolk, men spesielt til utbygging av Steinvikholmen, som vart bygga ferdig på ganske kort tid.²⁶⁴ Nye kanonar og skyts fekk han også tilført. Men på dette tidspunktet sat han framleis på alle lena sine i nord og hadde betydelege inntekter via fiskehandel som han drog inn profitt frå. Om det var tilstrekkeleg eller ikkje for opprustinga hans er uvisst. Om ikkje han, Lunge eller Inger var noko involvert i hendingane, så må ein anta at sjøfolka handla på eiga hand.

I tradisjonell litteratur blir det hevdat at dei vart lei av å ligge til kai og tok til å handle på eiga hand, noko Vincens Lunge og Olav Engelbrektsson også svor på.²⁶⁵ Det er også vanskeleg å bevise at noko anna var tilfelle. Om dette var tilfellet, vil eg ikkje trekke fram forenkla tesar som at Kristoffer Rustung, Olav Lang, Pål Jonsson eller dei andre sjøfolka handla på grunn av eventyrlyst, var valdelege av natur eller var ute etter pengar og makt, men fordi kapring var ein sentral del av maritim krigføring. På førehand var det ein forventning om sjøkrig mot anten kongelege skip eller mot Kristian II sine skip, og dermed ein forventning om profitt. Når kongens skip aldri dukka opp og det var uvisst kvar Kristians kaprarar held til, gjekk det ut over andre. Dessutan var handelsskip meir trygt og lukrativt å kapre enn Kristian sine krigsskip. Slik kapring av nøytrale skip utan samtykke frå dei som hadde utrusta skipa var ikkje vanleg, men ein kan likevel finne liknande dømer på slik aktivitet av Vitaliebrødrene på slutten av 1300-talet.

Vitaliebrødrene var eigentleg namnet på mange ulike kaprarar som fekk autorisasjon til å drive kapring i Østersjøen til støtte for Mecklenburg i krigen deira om Sverige. Etter at krigen tok slutt fortsette fleire av desse skipa likevel med kapringar og kapra ulike skip og kystbyar uavhengig av kven dei hørde til. Hanseatarane måtte til slutt sende ut «fredsskip» for å stogge desse kaprarane.²⁶⁶

Eit viktig poeng som Susan Rose nemnar om maritim aktivitet i seinmellomalderen samt manglande kontroll og problem med det, er at kaperkapteinar ofte opererte i «gråsoner» mellom røving, delvis offentleg aktivitet og handelskonfliktar. Vidare seier ho dette:

«Ein kan ikkje påstå at når skip deltok i aggressiv aktivitet på sjøen, så var det alltid slik at statlege leiarar kjente til aktivitetane. Skiljet mellom reint sjørøveri og lovleg kapring, ofte skjult bak omgrepene «handelsskip», var uklart i mellomalderen, og kapteinane kunne vere respektable maritime leiarar på eit tidspunkt og leiarar av, i det minste, semi-sjørøveri i neste augneblink».²⁶⁷

Dette er viktige poeng i denne saka sidan det kan vere sannsynleg at den nemnde flåtestyrken kan ha forsøkt å operere i «gråsoner» og håpa på profitt gjennom opportunistisk aktivitet, uavhengig om dei hadde støtte frå land i denne aktiviteten eller ikkje. Vidare håpa dei på at dei skulle sleppe unna med det mens dei eigentleg skulle ut og jakte på skipper Klement og andre fiendar. Slike plutselige angrep på handelsskip,

²⁶² DN VIII nr. 565

²⁶³ DN VIII nr. 564

²⁶⁴ Hamre, Lars 1998. s. 332-333

²⁶⁵ Hamre, Lars 1998. s. 352-353. Scheen, Rolf. «Sjørøver og admiral. En bok om Christoffer Trundssen (Rustung)», Bergen 1942. s. 24-33. Begge hevdar at dei handla på eiga hand slik Olav og Lunge også hevdar.

²⁶⁶ Bjork, David. «Piracy in the Baltic, 1375-1398», Chicago press 1943, s. 58-64

²⁶⁷ Rose, Susan. «The medieval sea». London & New York 2007. s. 123-125. Omsett av meg frå engelsk til norsk

kan ha vært vanlegare enn me kjenner til, men det er vanskeleg å svare på nøyaktig kor omfattande slik aktivitet var sidan det var eit problem med manglande oversikt og kontroll på kva som føregjekk på sjøen, og ikkje minst kva som var lovleg og ikkje. Faktisk var det slik at til og med sjøfolk i samtida hadde trøbbel med å forklare nøyaktig kva som hadde skjedd.²⁶⁸ I så fall var Kristoffer Trondsen, Olav Lang, Pål Jonsson og dei andre i flåten skuldige for å ha blitt tatt for handlingane sine. Om Olav, Lunge og Inger var involvert er vanskeleg å svare på.

Som eit siste motiv, vil eg også nemne at angrepa kan ha hatt politiske motiv. Her er det snakk om eit ønske om politisk påverknad som kan vere til fordel. For det første var det problematisk for Lunge, Inger og Olav når kongen ikkje hadde fleire problem frå Søren Norby eller andre problem og kunne ha all fokus på Noreg, noko som også resulterte i kuppet i Akershus og at dei frykta fleire liknande handlingar mot seg sjølve. Fredrik hadde ført ein forsiktig utanrikspolitikk med Skottland og Nederland for å ikkje ha nokre komplikasjonar med dei sidan han hadde nok problem innad i unionen. Situasjonen vart alvorleg for Fredrik då Jakob V i klagan sin også trua med at det gode forhaldet mellom rika ville bli øydelagde om det ikkje raskt vart gjort bot på skadane. For kong Fredrik og det danske riksrådet vart derfor situasjonen veldig alvorleg og dei hadde som prinsipp å unngå utanrikspolitiske konfliktar sidan det ville svekka det politiske og militære vernet mot Kristian II sine åtak.²⁶⁹ Poenget med å auke utanrikspolitiske komplikasjonar vil derfor å vere å bevare sjølvstenda til det norske riksrådet.

Uansett kven som stod bak, så var det handlingar det ikkje var gitt nokon autorisasjon for, av kongen, og eg kan ikkje finne nokon grunn til represaliar. Dette vil derfor vere svært nært det eg vil kalle for sjørøveri.

Konsekvenser av angrepa

I ettertid av angrepa, men også undervegs, kom det sterke reaksjonar frå ulike kantar og det vart lagt eit stort press på det norske riksrådet, spesielt på Vincens Lunge og Olav Engelbrektsson. Trugslar frå Jakob V kom allereie mens den norske flåten framleis heldt på med røvinga. Kort tid etter kom det også klagar frå Nederland og England og kong Fredrik, som saman med det danske riksrådet åtvara det norske riksrådet og bad dei levere tilbake det som var tatt og ikkje føre riket opp i meir krig.²⁷⁰

Som me har sett, kom partane tidleg til forlik og til endeleg oppgjer i løpet av få år, sjølv om ein i Danmark og Noreg frykta at situasjonen kunne ha blitt mykje verre. Eg skal no sjå på kva som gjorde at dei jobba raskt for å få ein forsoning med dei som sendte klagar.

Når ein opplevde at eigne skip vart kapra kunne dette føre til store økonomiske tap. Dei skuldige kunne vere veldig vanskeleg å finne ute på havet og det godset dei hadde tatt, kunne ein rekna med var seld vidare for lengst. Det eksisterte lovverk og normer for å unngå tap, men dei nærmast oppfordra til represaliar slik at om dei ikkje raskt fekk kompensasjon, så kunne situasjonen raskt eskalere.

Normalt når ein borgar eller kjøpmann kjøpte ulovleg gods, måtte kjøparen bevise at han hadde kjøpt dette i god tru og ikkje visste at det var ulovleg gods. Viss han klarte å bevise det, måtte han levere tilbake godset til eigaren utan å få tilbake dei utgiftene som han gav for å kjøpe godset. I kjøpmannslover og prinsipp derimot, (og det innebar kjøpmenn som var knyta til gilder eller forbund som hadde slike lover og prinsipp), slik

²⁶⁸ Heebøll-Holm, Thomas 2013 s. 33

²⁶⁹ Hamre, Lars 1998. s. 353

²⁷⁰ Hamre, Lars 1998. s. 353

dei fleste tyske, nederlandske og engelske kjøpmenn var, så skulle kjøparen (etter å ha bevist å ha kjøpt godset i god tru) levere tilbake godset til eigaren, men også få tilbakebetalt utgiftene som var gitt for varene. Dei som måtte sørge for tilbakebetalinga var nettopp eigaren av varene. Med andre ord: eigaren måtte kjøpe tilbake sitt eige gods.²⁷¹

Med slike prosessar, etter å ha fått godset sitt røva, var ein nærast tvungen til å engasjere eigne skip og kapre skip tilhøyrande same stat som kaprarane, eller å arrestere skipa mens dei låg til hamn. I verste fall kunne det føre til krigføring mot hamnar som fungerte som basar for kaprarane.²⁷² Dette for å unngå store økonomiske tap, sidan heile poenget med represaliar var å ta gods for å kompensere tap av verdiar, for skade eller for å krevje inn gjeld.²⁷³ Av dei me kjenner til, som handla ulovlege varer, er «Lille Rolf» den einaste, og han leverte tilbake det han hadde kjøpt, truleg utan å få økonomisk kompensasjon for det han hadde betalt for varene eller at erkebiskopen kompenserte for han.

Vanleg prosess var at kongen sendte ut klage og så eventuelt handle vidare med å tillate represaliar og arrest, om ingenting kom ut av klagen. Som me har sett i situasjonen sommaren 1527, så vart partane raskt einige om forlik og dei som tapte gods, fekk erstatning for dette utan å lide noko tap. Det som kunne ha skjedd om saka hadde eskalert, ville ha vært at skottar, nederlendarar og engelskmenn ville ha byrja å ta tilbake gods med makt, altså arrestasjonar eller kapring av norske og danske skip. Kong Fredrik I og krinsa hans hadde allereie store nok problem med kapringar frå Kristian II sine menn, så meir kapring utover dette ville ha svekka riket enda meir økonomisk og militært og vært til stor fordel for Kristian sine ambisjonar om å ta tilbake riket sitt. Det ville også ha svekka riket politisk då Fredrik førte ein varsam politikk med spesielt Skottland og Nederland for å hindre at dei ville gi Kristian nok støtte til å gjere ein større invasjon av riket hans.

Konklusjon

Som me har sett så vart det store endringar i innanriks- og utanrikspolitikken og i handelspolitikken når Fredrik I vart konge. Lik kongemakta før Hans var konge, var makta mindre sentralisert mens adelen fekk utvida maktgrunnlag og hanseatarane fekk betre privilegiar. Utfordringane for Fredrik I var for det første økonomiske interessemotsetningar mellom stendene og militær trussel frå Kristian II som ønska å ta tilbake riket. Fredrik hadde også utfordringar med å få kontroll over Noreg der dei norske riksrådsmedlemma forsøkte å føre ein sjølvstendig politikk. Fredrik ønska meir lojale menn på dei norske høvedsmannspostane og fann ein naturleg alliert i danske adelsmenn som ønska seg utvida makt og fleire len. Dei første åra i regjeringsstida si måtte han derimot fokusere mykje på aksjonane til Kristian sine støttespelarar der Søren Nordby utgjorde den største trusselen. Utanrikspolitisk førte Fredrik ein forsiktig og venleg politikk for å hindre nye konfliktar og for å hindra auka støtte til Kristian sine forsøk på å invadere riket. Sistnemnde sin strategi handla eigentleg om å ruste opp ein hær som var stor nok til å invadere riket og avsette Fredrik på sikt. Den omfattande kapringa han førte var eit middel mot målet og i tillegg til å svekke motstandaren økonomisk, gav den ein viss inntekt som var nødvendig. Ein slik privat krigføring var nemleg ganske kostbar og noko han måtte dekke for sjølv. Kaperkrigen hans lykkast med å utgjere ein alvorleg

²⁷¹ Ward, Robin. «The world of the medieval shipmaster». Boydell&Brewer 2009. s. 16-17

²⁷² Heebøll-Holm, Thomas 2013. s. 134

²⁷³ Heebøll-Holm, Thomas 2013. s. 134. Refererer til: DuCange. «Glossarium mediæ et infijimæ latinitatis», 6 vol. (Paris, 1840–1846), V, s. 713

politisk og økonomisk trussel mot Fredrik og hans støttespelarar, men han sleit med å samle ein stor nok styrke til å føre ein større invasjon grunna manglande økonomiske midlar. Fredrik hadde også økonomiske utfordringar og hadde i tillegg ein mindre sentralisert kongemakt samanlikna med Hans og Kristian. Han måtte derfor støtte seg på adelsmenns private militære ressursar både på land og på sjøen. Når Kristian sine kaprarar aksjonerte mykje langs kysten av sør- og vestlandet i Noreg, sendte derfor Fredrik brev til Vincens Lunge, Olav Engelbrektsson og Inger Ottesdotter der han bad dei om å stille med militære styrkar for å kjempe mot desse kaprarane. I Østersjøen klarte han å slå ned på trusselen frå Søren Nordby og andre og kunne igjen fokusere på tilstanden i Noreg. Våren 1527 gjekk han til aksjon og fekk Mogens Gyldenstjerne til å ta Akershus, mens Klaus Bille tok over Båhuslen. Slik sikra kongen seg kontroll på Noreg sønnanfjells, mens nordanfjells hadde framleis Olav, Lunge og Inger kontrollen og frykta at også dei skulle bli avsett. Flåten deira, som eigentleg skulle nyttast til å kjempe mot Kristian sine kaprarar vart for ein kort periode nytta til å forsvare seg mot eit eventuelt angrep frå kongelojale skip, men segla snart ut for å kapre nøytrale, utanlandske handelsskip frå Skottland, Nederland og England.

Det er vanskeleg å svare på kvifor Olav, Lunge og Inger sine flåtar kapra utanlandske handelsskip sommaren 1527, men som me har sett, var det ikkje mangel på moglege, teoretiske grunnar for å utføre desse angrepa. Med utgangspunkt i Peter Earle sin definisjon, har eg også omtala desse kapringane som sjørøveri. Om den nemnde trioen var involvert kan det ha vært snakk om å bevare norsk sjølvstende etter aukande press frå Fredrik I og kongelojale aristokratar. Det kan også ha vært for å sikre seg kortsiktig profitt, men også dette kan i så fall ha vært eit ledd i opprusting for å bevare sjølvstende. Den gjeldande teorien i norsk historieskriving er likevel at flåten skal ha utført angrepa på eiga hand utan nokon autorisasjon frå land, noko som også er ein sannsynleg teori. Uavhengig av om dei fekk ordre om angrepa eller ikkje, eller kva som var motivasjonen for å kapre, så er det viktig å trekke fram Susan Rose sitt poeng om at sjøfolk kunne gripe moglegheiter for rask profitt gjennom røving og slapp unna med dette ved å kamuflere aktiviteten sin. Slik aktivitet kan ha vært meir vanleg enn me kjenner til sidan regjeringsmakter ikkje alltid visste om det som føregjekk på sjøen.

Det vart i dette tilfellet gjort bot på skadane som var skjedd og det var liten tvil i denne saka om at det var snakk om ulovleg aktivitet som gjerningsmennene var tatt for. Det vart respondert raskt for å hindre represaliar frå utlandet, men innanriks vart forhaldet mellom det norske riksrådet og kong Fredrik I därlegare etter dette, og kombinert med interne feidar mellom Lunge og Inger på eine sida og Olav på andre sida, klarte Fredrik å sikre seg god kontroll på Noreg, også nordanfjells.

Konklusjon

I mi undersøking har eg gått gjennom tre ulike saker med maritim vald og forsøkt å svare på kva for ei verksemde dei heldt på med.

Utifrå internasjonal teori om ulike formar for kapring og om mottiltak, har eg kunne kategorisere dei hendingane som eg har gått gjennom. I kapittel 2 såg me døme på arrest som tiltak mot det dei rekna som ulovleg verksemde. Dette var eit ganske vanleg mottiltak og føregjekk normalt med at kongen sendte ut ordre om arrest av bestemte skip. Den som skulle sørge for at ordenen vart gjennomført, var kongens vanlegvis embetsmann²⁷⁴, som i kapittel 2 var hovedsmannen Olav Nilsson. Det var derfor i tråd med normal praksis at kongen fekk Olav Nilsson til å utføre arrest av engelske skip, eller andre skip som hadde gjort handel som var til skade for riket. Olav Nilsson og det norske riksrådet, med unntak av Aslak Bolt, hadde også problem med hanseatarane.

Situasjonen med hanseatarane var ein heilt annan enn den med engelskmennene, og tiltaka mot hanseatarane var også annleis. Målet her var ikkje å nedkjempe nokon «ulovleg handel», men å innskrenke handelsverksemda deira. At nokre hanseatiske skip, av dei me kjener til, vart borda og bøtelagt av Olav Nilsson, kan ha vært situasjonsbestemt. Me kan seie at han nytta kapring som metode for å utføre sanksjonar. Han nytta makt mot alle som kunne ha vært involvert i handel på Island og i Nord-Noreg og diskriminerte ikkje når han skulle nedkjempe denne ulovlege handelen med maktbruk. Situasjonen i Karmsund vil eg også foreslå var ein situasjonsbestemt handling og var enten basert på avtalen om beskyttelse til engelske, lovlege skip, eller det kan ha vært for å sikre kontroll over eiga len. I kapittel 3 såg me døme på represaliar, det vil seie at ein nytta kapring for å ta tilbake fråtatt gods. Når dei ikkje fekk autorisasjon frå kongen, tok dei heller saken i eigne hender og utføra represaliane utan kongens samtykke, noko som ifølgje Thomas Heebøll-Holm skjedde ganske ofte når nokon ønska represalie utan å få autorisasjon.²⁷⁵ Etter autorisasjonen frå kong Hans, er det derimot snakk om autoriserte represaliar. I kapittel 4 med røvinga, sommaren 1527, er det sannsynleg at det er snakk om ulovleg verksemde, og skal ein følgje definisjonen til Peter Earle her, så kan ein kalla dette sjørøveri.²⁷⁶

For å svare på kvifor kapringane vart utført, kom eg i kapittel 2, fram til at det var snakk om ein statleg sanksjonert verksemde sidan eg har støtta meg på nyare framstilling av Olav Nilsson. Grunnen til denne sanksjonerenga, var utifrå nyare og mi eiga framstilling, handelpolitisk interesse frå både kongen og det norske riksrådet. I kapittel 3 var det eit ønske frå aktørane om å ta det dei meinte at dei hadde krav på. Interessant nok fortsett Magdalena med verksemda etter at bror hennar kom til eit forlik med Lübeck, og det har i norsk forsking blitt tolka som at ho tydelegvis ikkje var nøgd med beløpet som Lübeck betalte i bot under forliket. Vidare har Lars Hamre vist til korleis kapring kunne nyttast i krigføring for å styrka seg sjølve og svekka motstandaren. Dette vart ikkje berre nyttat som eit tiltak for økonomisk krigføring, men også for å få fleire til å kjempe for seg i ein krig som i stor grad var basert på maritim krigføring. I kapittel 4 kan eg ikkje svare sikkert på kvifor den norske flåten kapra utanlandske skip. Eg har kunne spekulere meg fram til at det kan ha vært slik Susan Rose beskriver om det å operere i «gråsoner».²⁷⁷

²⁷⁴ Heebøll-Holm, Thomas 2013. s. 140

²⁷⁵ Heebøll-Holm, Thomas 2013. s. 136

²⁷⁶ Earle, Peter 2003. s. 21-22

²⁷⁷ Rose, Susan 2007. s. 123-125

Eg utelukkar heller ikkje at det kan ha vært andre årsaker til kapringane, slik som til dømes politiske årsaker.

I kapittel 3, har me sett korleis kaperverksemd kunne vere organisert med samhandling mellom land og sjø. Eg har vist til forklaringar frå Thomas Heebøll-Holm, Susan Rose og John C. Appleby om kvifor denne samhandlinga var viktig. Sjøfolka var avhengig av ein marknad for å selje godset sitt, vedlikehald av skip, rekruttering av mannskap og skip samt beskyttelse av verksemda.²⁷⁸ Slik organisering var enklare i krigstid då ein hadde ein konge som fullt ut godtok og nokre gonger også oppfordra til verksemda, men kongen kunne også godta sånt i fredstid mot ein handelsmotstander slik ein ser i kapittel 3 når kong Hans gir ut kaperbrev for å kapre mot hanseatiske skip, sjølv om dei ikkje var i krig. I kapittel 4 ser ein også, gjennom eit brev, at Jakob V avtala med Kristian II om at hans menn kunne føre bytte til Skottland. Kristian II sine menn nyttar også Nederland som base for verksemda si. Susan Rose nemnar samstundes at sjørøveri også kunne skje utan nokon særleg stor form for organisasjon. Viss sjøfolka vurderte det slik at dei kunne sleppe unna med ulovleg handling som kunne gje rask profitt, så kunne det skje at nokre valte å gripe den moglegheita. Dei opererte så i «gråsonene», men viss dei vart tatt så kunne det få konsekvensar.

Eg valte å beskrive Olav Nilsson som kaprar i kapittel 2, sjølv om han berre hadde arrest som motiv. Utføringa var lik kapring. Denne forma for arrest er også noko som eg skil i frå arrest andre stader i Nord-Europa. Slik eg har forstått verksemda til Olav Nilsson, og av det eg har sett av dømer frå internasjonal litteratur, så var den unik. Eg utelukker likevel ikkje at ein slik mobil, maritim form for arrest kan ha eksistert andre stader i Nord-Europa. I dette tilfellet var ein slik form for arrest nødvendig når ein først skulle nytte arrest som middel mot den ulovlege handelen. Eg kom fram til at arrest som tiltak, ved å arrestere bestemte skip som la til ved kai, var ganske meiningslaust i Olav sitt tilfelle når målet til dei engelske skipa var å unngå Bergen heilt. Eg har også nemnd geografi som ein årsak til at han måtte utføre verksemda si ute på havet sidan den gjorde det vanskeleg å halde kontroll på riket med å basere seg på landstyrkar. Til dømes fungerte det därleg å sende kongelege embetsmenn til Island for å få kontroll. I krigføringa mellom Danmark og Lübeck oppstod den første statlege orlogsflåten i Nord-Europa, noko som kan ha vært eit behov for å ha lojale menn i krigføringa, som stort sett vart utkjempa på sjøen. Dette er eitt av få dømer der den maritime valden var i hendene på staten og ikkje det private. Dei fleste skipa i denne krigen var likevel handelsskip, spesielt på Lübeck si side, men i tillegg til å vere kaprarar, var dei også viktige militære skip.

Eg har likevel kommen fram til at mykje av verksemda i Norden var ganske lik som andre stader. Mykje av grunnen til dette var fordi ein også i Norden måtte følgje spelereglane til resten av Nord-Europa. Til dømes når ein var tatt for sjørøveri, slik som den norske flåten i 1527, så måtte ein levere tilbake røvargodset eller forberede seg på represaliar. Eg har også kunne kategorisere hendingar utifrå det som står i teorien: Til dømes represaliane i kapittel 3, der ein nytta kapring for å ta tilbake det ein mente at ein hadde rett på. Der viste eg til både autorisert og ikkje-autorisert kapring, der sistnemnde skjedde når ein ikkje fekk ønska støtte frå kongen. Kapringane i 1527 kan likne på hendingar som kunne oppstå når kaprarar, som var engasjert for å drive maritim krigføring gjekk sine eigne vegar. Slik har ein også sett andre stader, spesielt når ein krig

²⁷⁸ Heebøll-Holm, Thomas, s. 12. Rose, Susan 2002. s. 6. Appleby, John C 2009. s. 149

tok slutt og mange kaprarar likevel fortsette å kapre. Dette var eit problem i Østersjøen når Vitaliebrødrene kapra i fredstid.

Det verkar ikkje som at det vart gjort nokre tiltak for å gjere slutt på kaperverksemda då den var eit nyttig maktmiddel. Når det vart gjort tiltak mot ei kaperverksemde eller sjørøveri, så var det for å forsvare sine interesser, slik som handelsinteresser. Eg har vist til nokre ulike tiltak for å stoppe ein ulovleg verksemde, slik som arrest, «fredsskip» eller represaliar, men først og fremst var det ønskeleg med fredelege løysningar, som i første omgang stort sett kom i form av klager.²⁷⁹ I tilfellet med forhandlingane mellom engelske og nordiske kongar, slik me har sett i kapittel 2 der forhaldet mellom England og Norden vart svært därleg. Me har dessutan sett, med utgangspunkt i teorien, korleis kongar kunne tillate autorisasjon for å redusere og ta kontroll på verksemda. Emily Sohmer-Tai kalla dette for «sikringsventilen». For aktørane som hadde utført sjørøveri, så kunne konsekvensane bli farlege når motparten tok i bruk represaliar. Til dømes har me sett at det vart nytta motkapringar der nokre kapteinar vart avretta etter at dei vart fanga. I kapittel 4, i etterkant av klagene på kapringane, har me sett at Vincens Lunge, Olav Engelbrektsson og Inger Ottedotter tidleg gjorde det dei kunne for å forsona seg med dei fornærma partane etter at dei m klager. Dei fekk også flåten sin til å slutte med røvinga og dermed hindra dei ein vidare eskalering med potensielle represaliar frå Skottland, England og Nederland.

Oppgåva mi byrja med eit sitat som omhandla ein oppfordring frå kongen om å ta i bruk maritim vald. Den reflekterer korleis kongen i stor grad støtta seg på private når slik verksemde skulle gjennomførast. Til vidare forsking, kan det vere eit interessante tema om korleis ein gjennomførte denne verksemda, altså korleis ein utførte angrepa, kva våpen som vart nytta og kor mange liv som kunne gå tapt. Ein kan også sjå på andre aktørar som eg i mi undersøking har sagt lite eller ingenting om, slik som: Didrik Pining, som kapra engelske skip i Nordsjøen under Kristian I si regjeringstid. Var hans verksemde lik den verksemda Olav Nilsson heldt på med? I Østersjøen under Fredrik I si regjeringstid, utførte Søren Nordby kapring og krigføring med stor suksess og kan vere verdt å undersøke vidare. Eg har heller ikkje nemnd så detaljert om verksemda til andre menn som kapra på vegne av Kristian II mens han var i eksil. Ut over aktørar, kan ein angripe temaet på andre måtar og sjå korleis verksemda utvikla seg, om det var skilnad i verksemda samanlikna med høgmellomalderen og tidleg nytid. Sjørøveri er også eit økonomisk tema der det kan vere interessant å sjå på korleis verksemda påverka samfunnslaga økonomisk, og sjå nærmere på kva varer som vart tatt og korleis dette påverka lokalsamfunna, kjøpmenn, adelsmenn og kongar. Maritim vald er eit ganske breitt tema som hadde stor påverknad på mellomaldersamfunnet og eg håper at mi undersøking kan ha bidratt til ein større forståing for korleis dette var ein del av politikk, krigføring og handel for alle samfunnslag i seinmellomalderen.

²⁷⁹ Heebøll-Holm 2013, s. 137

Bibliografi

Kjeldeutgåver

Annálar 1400-1800 vol I. Félagsprentsniðjan, 1922

Bergens Fundas. Utgitt av Mikkel Sørli. Bergen, 1957

Diplomatarium Norvegicum I-XXI, C. C. A. Lunge og andre (red.), Christiania 1849 – Oslo 1995

Norges Gamle Love, Utg. Keyser, Rudolf, og andre, Christiania 1846 – Oslo 1966

Schäfer, Dietrich, Hansarecesse Abt. 3, band 2. 1485-1491. Leipzig 1883

Schäfer, Dietrich, Hansarecesse Abt. 3, band 3. 1491-1497. Leipzig 1888

Oppslagsverk

Bricka, Carl Frederik, *Dansk Biografisk Lexikon*, bind 2, København 1888

Brøgger, A. W., Jansen, Einar (red.), *Norsk biografisk leksikon*, bind 10, Oslo 1949

Bull, Edvard, Jansen, Einar (red.) *Norsk biografisk leksikon*, bind 3, Oslo 1926

Det norske akademiske ordbok (NAOB), s.v.

Henriksen, Petter (red.), *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon*, bind 2, Oslo 2005

Rona, Georg, *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. Fra vikingtid til reformasjonstid*, Bind 15. Oslo 1970

Litteratur

Albrechtsen, Esben. «Fællesskabet bliver til 1380-1536», *Danmark-Norge 1380-1814*, Bind I. Universitetsforlaget 1997

Allen, C.F. *De tre nordiske rigers historie*, bind 5. København 1872

Appleby, John C og Dalton, Paul: *Outlaws in Medieval and Early Modern England : Crime, Government and Society, C.1066-c.1600*. Routledge 2016

Benedictow, Ole Jørgen: *Fra rike til provins 1448-1536*», *Norgeshistorie*, Cappelen 1977

Bjork, David, *Piracy in the Baltic, 1375-1398*, Chicago press 1943

Bjørkvik, Halvard. *Folketap og sammenbrudd 1350-1520*. Aschehougs Norgeshistorie 4. Oslo: Aschehoug 1996

Bratsberg, Terje. (2009, 13. februar). «Elise Eskildsdatter». *Norsk biografisk leksikon på nett*, Frå: https://nbl.snl.no/Elise_Eskildsdatter , (Henta: 15.03.2021)

Burkhardt, Mike. *Der hansische Bergenhandel im Spätmittelalter*, Böhlau Verlag Köln Weimar 2009

Carus-Wilson, Eleanora Mary: *Medieval merchant ventures*, Methuen 1954

Caspar Weinreich, *Danziger Chronik: Ein Beitrag Zur Geschichte Danzigs, Der Lande Preussen Und Polen, Des Hansabundes Und Der Nordischen Reiche*, Wentworth press 2018

De Souza, Phillip, *Piracy in the Graeco-Roman world*, Dublin 2002

Dollinger, Phillip: *The german hansa*, Macmillan and Co Ltd 1970

Dybdahl, Audun. (2009, 13. februar). «Christoffer Trondsson Rustung». *Norsk biografisk leksikon på nett*. Frå: https://nbl.snl.no/Christoffer_Trondsson_Rustung, (Henta: 11.04.2021)

Earle, Peter, *The pirate wars*, St. Martin's Press 2013

Ford, J.C., "Piracy or policy: The crisis in the Channel, 1400–1403," *Transactions of the Royal Historical Society*, Serie 5, 1979

Hamre, Lars, *Innføring i diplomatikk: førelesningar*, 1971

Hamre, Lars: *Norsk historie frå midten av 1400-åra til 1513 : førelesinger*, Universitetsforlaget 1971

Hamre, Lars: *Norsk historie frå omlag år 1400 : førelesinger*, Universitetsforlaget 1968

Hamre, Lars: *Norsk politisk historie 1513-1537*, Det norske samlaget Oslo 1998

Heebøll-Holm, Thomas. *Ports, piracy and maritime war*. Boston 2013

Karlsson, Gunnar: *Iceland's 1100 years: The history of a marginal society*, London 2005

Larsson, Lars-Olof, *Gustav Vasa. Landsfader eller tyrann?*, Falun 2002

Marsden, R. G., «Early Prize Jurisdiction and prize law in England», *The English historical review*, 1909-10, Vol.XXIV (XCVI)

Nedkvitne, Arnved. «Det norske riksrådet og utenlandske kjøpmenn 1440-1455». I Steinar Supphellen m.fl. (red.), *Kongsmenn og krossmenn. Festskrift til Grethe Autheén Blom*, 231-254. Trondheim: Tapir 1992

Opsahl, Erik. (2009, 13. februar). «Olav Nilsson.» I *Norsk biografisk leksikon på nett*. Frå: https://nbl.snl.no/Olav_Nilsson, (Henta: 07.01.2021)

Rodgers, N. A. M. *The safeguard of the sea*. London 2004

Rose, Susan: *Medieval naval warfare, 1000-1500*, Routledge 2002

Rose, Susan: *The medieval sea*. London & New York 2007

Rubin, Alfred P., *The law of piracy*, Naval war college press 1988

Russon, Marc. *Les Côtes guerrières*. Rennes 2004

Scheen, Rolf. *Sjørøver og admiral. En bok om Christoffer Trundssen (Rustung)*, Bergen 1942

Skodvin, Magne, «sjørøveri og kongemakt», *Makt og motiv. Et festskrift til Jens Arup Seip*, Oslo 1975

Sohmer.Tai, Emily, «The legal status of piracy in medieval Europe», *History compass*, 2012-11, Vol.10 (11), s.838-851, Oxford 2012


Sohmer-Tai, Emily, 2003, *Marking waters: Piracy and property in the pre-modern west*,
Tilgjengeleg frå:
http://webdoc.sub.gwdg.de/ebook/p/2005/history_cooperative/www.historycooperative.org/proceedings/seascapes/tai.html , (Henta: 03.03.2021)

Starkey, David, «Voluntaires and sea robbers». *The marriners mirror*, 2011

Thomson, Janice E., *Mercenaries, Pirates, and Sovereigns: State-Building and Extraterritorial Violence in Early Modern Europe*, Princeton 1994

Ward, Robin. *The world of the medieval shipmaster*. Boydell&Brewer 2009

Wærdahl, Randi Bjørshol, «Manndtz Nature vdj hindis hiertte», Collegium Medievale vol. 32/2019 (Venter på publikasjon)



NTNU

Norwegian University of
Science and Technology